

Foto: Kjell Stian Brunes

# Budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023-2026

## Vedteke i Kommunestyret 15.12.22 i PS-84/22

# INNHALDSFORTEGNELSE

**Kommunedirektøren har ordet** ...... **6**

**Slik les du dokumentet** ...... **8**

Dokumentet si oppbygging ...... 8

Sentrale kapittel ...... 8

Litt om webdokument og orientering i dette ...... 9

Informasjon på det enkelte tenesteområdet ...... 11

Visjon ...... 12

Verdiar ...... 12

Politisk struktur ...... 13

Administrativ struktur ...... 15

Plan- og styringssystem ...... 15

Menneskelege ressursar ...... 21

Attraktiv kommune ...... 22

Barn og unge ...... 29

Velferd og omsorg ...... 45

Aukra i regionen ...... 49

Fornying, forenkling og forbetring ...... 56

Kompetente medarbeidarar, rekruttering ...... 59

Berekraftig økonomiforvaltning ...... 67

Klima og miljø ...... 69

**Budsjettvedtak** ...... **73**

Verbalvedtak ...... **73**

Kommunestyret sitt vedtak ...... 73

Formannskapet si innstilling ...... 76

Saksprotokoll ...... 77

Kommunedirektøren sitt forslag ...... 79

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd ...... 80

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd ...... 81

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd ...... 82

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd ...... 83

**Utvikling i befolkning** ...... **86**

Demografi ...... 87

**Status og rammevilkår** ...... **89**

Finansiering av kommunesektoren ..... 89
Statsbudsjettet sine føringer ..... 90
Frie disponible inntekter for Aukra kommune ..... 92
Generelle inntekter ..... 92
Budsjettføresetnader ..... 98
Kommunen si samla drift ..... 100
Perspektivmelding 2021 ..... 101
Det er for seint å fikse 2040 i 2040 ..... 103
Netto løyvingar drift ..... 103
Oversikt over nye driftstiltak, utanom tiltak knytt til sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar ..... 104
Oversikt tilrådde tiltak knytt til sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar ..... 120
Oversikt innmeldte ønska tiltak frå einingane/avdelinga som ikkje er prioritert ..... 125
**Kjerringsundet ..... 135**
**Investeringar i budsjett og økonomiplan ..... 135**
Investeringsbudsjett - status og utvikling i planperioda ..... 135
Investeringstabell for kommunen samla ..... 137
Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2022-2025 ..... 145
Nye investeringar i økonomiplan 2023-2026 ..... 146
Oversikt Investering og finansiering ..... 147
**Økonomisk utvikling i planperioden ..... 148**
Berekraftig økonomisk utvikling ..... 148
Økonomisk handlingsrom ..... 149
Utvikling i økonomiske nøkkeltal ..... 150
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter ..... 150
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar ..... 152
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter ..... 153
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter ..... 155
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter ..... 156
Vurdering av den økonomiske utviklinga ..... 157
**Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan ..... 159**
Sentrale inntekter ..... 159
Sentrale utgifter ..... 159
Driftsutgifter per tenesteområde (1B) ..... 159
Finansinntekter og -utgifter ..... 160
Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar ..... 160

Fondsutvikling for kommunen ..... 161
Disposisjonsfond per 31.12.2023 ..... 162
Disposisjonsfond per 31.12.2024 ..... 162
Disposisjonsfond per 31.12.2025 ..... 162
Disposisjonsfond per 31.12.2026 ..... 163
Kommentar til disposisjonsfonda ..... 163
Til disposisjon for tenesteområda ..... 164
Disponering av driftsramma ..... 165
**Kommunen sine ramme- og tenesteområde ..... 167**
**Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga ..... 168**
**Økonomiavdelinga ..... 175**
**Organisasjonsavdelinga ..... 180**
**Barnevern ..... 184**
**Pedagogisk rådgjevar ..... 187**
**Næring, revisjon, kyrkja mm ..... 191**
**Gossen barne og ungdomsskole ..... 192**
**Julsundet skole ..... 199**
**Barnebo barnehage ..... 205**
**Bergetippen barnehage ..... 214**
**Innvandring og integrering ..... 222**
**Kultur ..... 229**
**Institusjon og butenester ..... 238**
**Tenester til heimebuande ..... 243**
**Helse ..... 249**
**NAV Aukra ..... 253**
**Tekniske tenester ..... 258**
**Kjerringsundet ..... 264**
**Sentrale ansvar ..... 265**
**Vedlegg ..... 269**
PDF-versjon av dokumentet ..... 270
Betalingssatsdokumentet 2023 ..... 270

# Kommunedirektøren har ordet

**BUDSJETTKOMMENTAR 2023**

**Mykje positivt i 2022**

Mykje positivt har skjedd i Aukra kommune i 2022. Kvardagen er no tilbake slik vi kjende han før Covid-19 trefte oss, og vi kan vere stolt av måten kommunen handterte pandemien på. Stor takk til dei tilsette som heile tida hadde fokus på å tilby gode og trygge tenester for våre innbyggarar!
Laurdag 3. september opna Aukra kulturhus dørene og vi kan allereie slå fast at det har blitt ein fantastisk bra møteplass for heile kommunen, og bidreg til auka aktivitet og bulyst.

**Stor forplikting for Kjerringsundet og høg gjeld i kommunen**

I dette dokumentet skal vi sjå framover, og legge planar for dei neste åra. Aukra kommune har investert mykje i formålsbygg dei siste åra, og med nokre få unnatak er no det meste nytt og flott. Det har òg ført med seg at ingen kommunar i Møre og Romsdal har så mykje gjeld målt per innbyggar som oss. Det hadde vore bra om vi no kunne ha gått inn i ei periode med framleis rask nedbetaling av gjelda. I denne budsjett- og økonomiplana går vi heller motsett veg, i det vi sett fram forslag om å cirka halvere dei årlege avdraga. Dette vert gjort for å skape rom for den største investeringa av alle; fastlandløysing for Gossen via Kjerringsundet. I fleire år har kommunen avsett 100 millionar kvart år til fondet for fastlandsløysing. Hausten 2022 vart det forhandla fram ein avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune som gjer at vi skal styrke avsetninga ytterlegare, med indeksregulering av det årlege beløpet og avkastning av fondet. Sidan kostnaden ikkje er endeleg avklart veit vi enno ikkje kor lenge denne perioden vil vare, men minimum 10-12 år framover. I tillegg til pengar frå kommunen skal sambandet finansierast med ferjeavløysingsmidlar og bompengar.

I kommunedirektøren sitt forslag til budsjett er alle tidlegare planlagde investeringar gjennomgått og det er foreslått å ta ut alt som ikkje er heilt naudsynt.

**Høgt driftsnivå – behov for omstilling og kutt**

Berekraftig økonomiforvaltning ligg som eit av hovudmåla i Kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunedirektøren ser med uro på at driftsnivået for kommunen no er for høgt sett opp mot dei forpliktingane vi går inn i, og driftsnivået held framleis fram med å auke. Det er ikkje lenger nok å dempe veksten, det er naudsynt å kutte i kostnadene. Aukra kommune har særs gode inntekter, men det finnst likevel ikkje ei «Sareptas krukke», som aldri går tom. Forventningane til kva kommunen skal ta ansvar for er store, tidvis for store. Det er behov for omstilling, og det er ikkje mogleg å gjennomføre utan at det vil merkast. Likevel er Aukra kommune veldig heldig samanlikna med stort sett ein kvar kommune i dette landet. Det er tross alt mykje enklare å omstille frå eit høgt driftsnivå og ned til eit ikkje fullt så høgt driftsnivå. Behovet for omstilling vil krevje ein grundig gjennomgang av administrasjonen og alle einingar. Arbeidet har starta, men det kan ta tid å få økonomisk effekt av ein snuoperasjonen.

I omstillingsprosessar er det viktig å vite at vi har gode, lojale og dyktige tilsette. Omstillingsarbeidet vil krevje noko av alle, og spesielt vil det kvile mykje på einingsleiarane sine skuldrar. Dei skal balansere behovet for tenester til innbyggarane, omsyn til medarbeidarane og dei økonomiske rammene dei er tildelt. Og på toppen, greie å møte nye og auka behov blant befolkninga innanfor ramma dei er tildelt.

Målet må vere å greie omstillinga på ein god måte, der vi òg evnar å ta omsyn til at den demografiske utviklinga vil gje auke i ressursbehovet innan pleie- og omsorg i åra framover. Når dette området vil ta enda større del av budsjettet framover vil det krevje omfordeling frå andre område, men òg omstilling slik at vi kan hjelpe fleire med dei same ressursane.

**Med blikket mot framtida**

Avslutningsvis vil kommunedirektøren minne både seg sjølv og andre på viktigheita av at vi ofte nok løftar blikket, ser langt nok fram og riggar oss for framtida. Då er det avgjerande viktig at Aukra

kommune står fram som ein attraktiv kommune. Enno meir attraktiv enn i dag. Ein kommune der både bedrifter og folk vil etablere seg, og der ungdommen blir værande eller kjem heim att til. I det perspektivet trur kommunedirektøren at både fastlandssamband, næringsutvikling og rekruttering blir særs viktig. Vi jobbar no med ein ny strategisk næringsplan saman med næringslivet. Kommunestyret skal behandle plana på første møte i 2023. Fram mot fastlandsamband er på plass er det svert positivt at regjeringa har foreslått gratis ferje mellom Hollingsholmen og Gossen frå 16.august 2023 inn i statsbudsjettet.

Med dette legg kommunedirektøren fram sitt forslag til budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026. No er det opp til dei folkevalde. Lykke til med arbeidet!

# Slik les du dokumentet

## Dokumentet si oppbygging

Kommunale budsjett er inndelt i to delar, eit driftsbudsjett og investeringsbudsjett.

Budsjetta er uavhengig av kvarandre, men investeringsbudsjettet påverkar driftsbudsjettet gjennom finansiering ved overføring frå drift til investering og gjennom utgifter til renter og avdrag på lån som kommunen har nytta til finansiering av investeringane. Det er berre til finansiering av eigne investeringar kommunen kan ta opp lån.

Bruk og avsetting av disposisjonsfond kjem berre til uttrykk i driftsbudsjettet, og investeringsfond berre i investeringsbudsjettet.

## Sentrale kapittel

**Organisering, styring og verdiar**
Viser kommunen sin visjon og verdiar.

**Budsjettvedtak**
Kommunen sitt formelle budsjettvedtak skal uttrykkast i forskriftsbestemte bevilgningsoversikt. Desse blir vist i dette kapitlet.

Drift
Skjema merka med (1A) viser frie disponible inntekter som Kommunestyret har mynde over, samla netto løyvingar til drift, finans-inntekter og utgifter som resultat av vedtekne låneopptak, og disponering av netto driftsresultat .

Skjema merka med (1B) viser løyve til det enkelte driftsområde.

Investering
Skjema merka (2A) viser sum investeringsutgifter, investeringsinntekter, netto utgifter til vidareutlån og sum overføring frå drift og netto avsettingar.

Skjema merka med (2B) viser oversikt over det enkelte prosjekt som det er gjeve løyvingar til i skjema 2A. Prosjekta er delt inn i store og små i samsvar med kommunen sitt vedteke økonomiske reglement.

**Utvikling i befolkning**
Viser framskriving av tal på innbyggjarar ved gitte føresetnader og kva endring denne vil gje i dei ulike aldersgruppene og utgiftene endringane i demografi vil føre til 2032.

**Status og Rammevilkår**
Viser ei oversikt over dei viktigaste føringene i statsbudsjettet, og eventuelle oppgåveendring fra staten til kommunane. Frie disponible inntekter blir vist og kommentert.

Under budsjettføresetnader blir det opplyst kva som er lagt til grunn ved utmåling av drifts- og finansutgifter.

**Drift i budsjett og økonomiplan**
Her gjev Kommunalsjef drift eit overordna bilde av venta utviklinga i perioda.

Det blir vidare gjeve ein kommentar til økonomisk utvikling i drifta og vist oversikt over tilrådde tiltak og ønska tiltak frå drifts-områda, men som ikkje er tilrådde.

**Kjerringsundet**
Her blir det gjeve oppdatering av status i politisk vedtak om finansiering av fylkesveg-prosjektet som skal sikre fastlandsløysing til Gossen.

**Investeringar i budsjett og økonomiplan**
Viser ei oversikt over alle investeringane i økonomiplanperioden, sortert i andre investering og i investeringar knytt til sjølvkostområda. Her blir det og gjort greie for endringar som er gjort i gjeldande planvedtak som ligg til grunn for årets utarbeiding av budsjett og økonomiplan. Vidare viser eigen tabell ei oversikt over nye tiltak som kjem inn i denne budsjett- og økonomiplana. Ved å klikke på det enkelte prosjekt får du meir utfyllande informasjon om prosjektet.

**Økonomisk utvikling i planperioden**
Utvikling i økonomiske nøkkeltal
Gjer greie for utviklinga i viktige finansielle måltal som viser korleis kommunen gjennom si økonomistyring sikrar forsvarlig langsiktig økonomisk utvikling. Oversikta viser både politisk vedtekne måltal i økonomireglementet og andre måltal.

**Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan**
Her er en oversikt over kommunen sine sentrale inntekter og utgifter, finansinntekter og -utgifter, avsetningar og årsoppgjørsdisposisjonar i driftsbudsjettet, samt fondsutvikling.

## Litt om webdokument og orientering i dette

Enkelte tabellar og andre grafiske element i webdokumentet er “levande”, noko som vil seie at dei har funksjonalitet der ein kan klikke seg vidare inn for å få fram fleire detaljar. Eksempel på dette er tabellen som visar driftstiltak, der ein kan klikke på tiltaksnamnet for å få fram beskriving av tiltaket og ei oversikt over heile økonomiplanperioda.

Ei forbetring som nyleg har kome er at ein inne i kvart kapittel finn innhaldsliste i venstre marg som viser hovudoverskriftene i kapittelet og ein kan klikke på overskriftene for å hoppe til dei. Innhaldslista er som webutviklarane i Framsikt kallar det “sticky” og blir værande til venstre uansett kor langt ned i kapittelet

ein har scrolla. Dette gjer det enklare å orientere seg når kapitla er lange.




Det er to innfallsportar til dei ulike delane av dokumentet. Dei er presentert både på framsida og i rullegardin meny oppe til høgre. Menyen oppe til høgre kan være grei å bruke når ein allereie er inne i eit kapittel og vil gå vidare til eit anna utan å måtte gå tilbake til framsida.




Det er også mogleg å gjere søk på enkelte ord i søkefeltet oppe til høgre. Du vil da få fram ei liste over plassar i dokumentet der det ordet som blei søkt på nemnast.






Etter publisering blir dokumentet òg laga i Word-format som ligg ved politisk sak til handsaming. Framsikt legg til rette for dette, men funksjonalitet og lesarvenlegheit i Word-formatet er ikkje optimal, og ein mistar fleire av funksjonalitetane som ein har når ein les dokumentet på web. Framsikt informerer om at prioritering og utviklingsfokus vil være på å optimalisere publikasjon av dokument på web. For å få ein best mogleg lesaroppleving av Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er difor vårt råd å lese dokumentet på web. Trykk på lenka for å kome direkte til webversjon: Budsjett 2023 (framsikt.net)

## Informasjon på det enkelte tenesteområdet

Den enkelte eining/avdeling har på sine sider gjeve informasjon om tenesteområda, og kva utvikling desse vil ha i økonomiplan perioden. Vidare er det sagt noko om kva utfordringar og tiltak som gjeld for budsjettåret 2023.

Tenesteområdet sitt handlingsprogram for å realisere kommuneplana sin samfunnsdel er vist. Desse er, i den grad det har vore mogeleg, knytt opp mot FN sine berekraftmåls og har fastsette indikatorar for realisering av delmål. Det er og informert om kva strategi ein har for å nå det enkelte delmål (slik gjer vi det) under hovudmåla (slik vil vi ha det) i samfunnsdelen.

Detaljer i fastsett driftsramme går fram på det enkelte tenesteområde. Nye tiltak er opplista dersom slike er tilrådd og ved å klikke på den blå teksten for det aktuelt tiltaket vil beskriving og løyve det enkelte året i økonomiplanperiode bli synleg.

# Organisering, styring og verdier

## Visjon

Aukra kommune sin visjon er "Aukra - full av energi".

## Verdiar

Verdiar seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Aukra kommune sine verdiar vart til gjennom ein prosess knytt til førre utgåve av samfunnsdelen (2012). Verdiane er:

**Aukra kommune sine verdiar**

ATTRAKTIV
UREDD
KVALITET
RAUS
ARBEIDSGLEDE

Verdiane skal vera synlege i tale og gjerning. Verdiane skal prege og legge grunnlaget for korleis kommunen som samfunn og organisasjon skal arbeide og utvikle seg. Verdiane speglar kommunen sin visjon/slagord (Visjonen er vidareført frå samfunnsdelen 2012).

## Politisk struktur

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet er sett saman av kommunestyret sine representantar, og spelar ei avgjerande rolle ved at utvalet er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Formannskapet innstiller til kommunestyret sitt vedtak i økonomisaker som er nemnt i kommunelova sin § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker dersom ikkje noko anna følgjer av lov.

Kommunestyret (21 medlemmar) er kommunen sitt øvste organ, og treff vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe vedtak til andre folkevalte organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.

POLITISK ORGANISASJONSKART



## Administrativ struktur

Aukra kommune er administrativt organisert i to fullmaktsnivå, kommunedirektøren og einings- og stabsleiarane. Kommunedirektøren er leiar av kommunen sin administrasjon, og skal leie denne innanfor instruksar, retningsliner eller pålegg som kommunestyret gjev. Kommunedirektøren skal sjå til at saker som blir lagt fram for fokevalte organ, er forsvarleg utgreidd, og utgreiinga gjev eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak. Vidare skal Kommunedirektøren sjå til at vedtak som er treft av folkevalgte organ, blir sett i verk utan ugrunna opphald. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt regelverk for delegering,

Kommunedirektøren har det løpande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar.

Einings- og stabsleiarane er ansvarlege for sine verksemder innanfor ramma av dei fullmakter som er delegert frå Kommunedirektøren. Det betyr at einingsleiarane har nødvendig mynde til å sikre einingane si drift både når det gjeld fag, økonomi og personaloppgåver.

Kommunen si verksemd er inndelt i 11 tenesteområder og  3 stabsområder:

ORGANISASJONSKART AUKRA KOMMUNE




## Plan- og styringssystem

**Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Samfunnsdelen til kommuneplana vart vedteke i K-sak 11/19 den 05.02.19. Sammandrag av plana er slik:

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eitt av dei mest grunnleggande plandokumenta i kommunen. Det meste av kommunen sine aktivitetar har utgangspunkt i denne planen. Lovgrunnlaget for planlegginga er å finne i plan- og bygningslova med reglar for kommuneplanlegging og rullering av planprosessane i lengre og kortare «årshjul».




*Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.*

Figur er teke fra Miljødepartementet sin veiledar for Kommunal planstrategi.

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsdelen er fireårig, og har såleis ein kortare planperiode enn samfunnsdelen. Tilhøve som samfunnsdelen ikkje «såg», kan handlingsdelen ta opp i seg. Handlingsdelen til kommuneplanen i plan- og bygningslova er no samordna med reglane om økonomiplan og årsbudsjett i kommunelova § 14-42. I Aukra kommune sitt plansystem er ikkje handlingsdelen eit eige plandokument, men samlinga av måla og strategiane i samfunnsdelen.

Utarbeidd økonomiplan skal etter ny kommunelov og fungere som handlingsdel etter plan- og bygningsloven §§ 11-1 og 11-4.

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen finn du ved å følgje lenka her: https://aukra.custompublish.com/kommuneplanen-sin-samfunnsdel.5880882-364954.html

**FN`s berekraftsmål og kommunen sin målstruktur**

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For å oppnå måla må alle land i verda bidra, også heilt ned på kommunenivå. Måla har dermed stor innverknad på norsk politikk, både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2019-2023 (https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf) seier følgjande om kommunane si rolle i realiseringa av FN sine bærekraftsmål:

«Fylkeskommuner og kommuner er nøkkelaktører for å realisere en bærekraftig samfunnsutvikling og realisering av bærekraftsmålene i Norge. De er nærmest befolkningen, lokale bedrifter og organisasjoner. Samtidig er de ansvarlig for mye av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påvirker befolkningens levekår og utviklingsmuligheter.»

Aukra kommunestyre vedtok 16.12.21 Klima og miljøplan for 2030. Klimabudsjettet som skal koble mål og kommunen sine 83 tiltak tettare saman gjennom handlings- og økonomiplan, vil bli utarbeidd til Budsjett og økonomiplan 2024 - 2027.

Nedanfor ser du ei oversikt over FN sine berekraftsmål.




For å lese meir om kvart av FN sine berekraftsmål og korleis regjeringa arbeidar med dei på nasjonalt plan, kan du trykke på lenka her: https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/

Målstrukturen i Aukra kommune er delt inn i fleire målnivå. Heilt overordna er FNs berekraftsmål. Vidare består kommunen sin målstruktur av 8 satsingsområde, der kvart satsingsområde er delt inn i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og deretter delmål (omtalt "slik gjer vi det"). I tillegg til desse har

kommunen gjennomgåande perspektiv knytt til folkehelse og samfunns-tryggleik.

Kommuneplana sin samfunnsdel vart vedteke i K-sak 11/19 den 5. februar 2019 og gjeld i perioda 2019-2030. Der vart desse 8 satsingsområda fastsett:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornying, forenkling og forbetring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvaltning
- Klima og miljø

Kvart satsingsområde er som nemnt brote ned i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og delmål (omtalt "slik gjer vi det"). Enkelte av hovudmåla til kommunen kan knyttast til FN`s berekraftsmål, og skal bidra til å oppnå måla frå kommunalt nivå. For å sjå hovudmåla og kven av dei som er knytt til FN`s

berekraftsmål kan du klikke deg inn i kvart satsingsområde. I hovudsak er desse FN`s berekraftsmål valt:




For å realisere måla kommunen har sett seg har kvar eining/tenesteområde valt seg ut hovudmål og delmål som dei skal jobbe med i økonomiplanperioden (2023-2026). Desse kan du sjå ved å klikke deg inn på kvart tenesteområde.

**Indikatorar på delmål**

Ifølgje kommunelova § 14-4 skal Økonomiplanen og årsbudsjettet vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplana og årsbudsjettet byggjer på. Revisjonen skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll av denne bestemminga i tillegg til vesentlege budsjettavvik. Revisjonen har peika på at det må etablerast målbare nøkkelindikatorar (KPI`ar), som vil gjere det mogleg å beskrive/evaluere samanhengen mellom mål og måloppnåing. Dette blir svara ut gjennom at einingane utarbeidd indikatorar på delmåla som dei har satt seg.

**Gjennomgåande perspektiv**

Oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplana vil ikkje krevje økonomisk ressursar i 2023, med unntak av revisjon av overordna risiko- og sårbarhetsanalyse som skal gjennomførast i 2023.

| **Folkehelse og samfunnstryggleik** | **Slik vil vi ha det (mål):** | **Slik gjer vi det (gjennomføringsstrategi):** |
|---|---|---|
| | Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar | • Årleg gjennomgang av kommunen sin folkehelseprofil og utfordringsbiletet som følgjer av denne. |
| | Aukra skal vere ein sikker kommune. | • Aukra kommune skal til ei kvar tid ha gode system og rutinar for beredskap. |
| | | • Årlege revisjonar av krise og beredskapsplanverk. |
| | | • Årlege øvingar av kriseberedskap. |
| | | • I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbaserte uønskte hendingar. |
| | | • Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar. |
| | Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar | • Arbeide kontinuerleg med å avdekke og følgje opp risikoområde |
| | | • Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) ein gong i kvar valperiode. |
| | | • Aukra kommune skal ha gode rutinar for informasjon og varsling i forkant av hendingar og kriser |

**Status og oppfølging av satsingsområde**

Plansystemet og -strukturen er lagt opp slik at operasjonalisering/tiltak vert tatt inn/vurdert i den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

Såleis er oppfølging av satsingsområda i kommuneplana ein årleg prosess fram til 2030.

Med verktøyet Framsikt vil oppfølging av kommuneplana sine mål og satsingar ha ei systematisk oppfølging, ved at alle "Slik gjer vi det" vert tildelt eit ansvar i organisasjonen.

Kvart av satsingsområda i kommuneplana vil krevje ytterlegare konkretisering og operasjonalisering. Såleis er Omsorgsplana, Barne- og ungdomsplana, Klima- og miljøplan basert på vedteke kommuneplan. Desse inneheld ytterlagare konkretisering av moglege tiltak.

## Menneskelege ressursar

Aukra kommune er ein stor organisasjon med arbeidsgjevaransvar for om lag 450 fast tilsette. I tillegg kjem mellom anna vikarar, timelønna, lærlingar og studentar. Vi har lav turnover, stabile medarbeidarar og leiarar.

**Arbeidsgjevarpolitikk**

Vi står overfor gjennomgripande endringar. Arbeidslivet er i endring. For å møte endringane treng vi ein nyskapande arbeidsgjevarpolitikk.

Ein arbeidsgjevarpolitikk skal bidra til at vi når måla i samfunnsoppdraget. Gjennom ein god strategi skal vi rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Vi må ha fokus på endring og omstilling der vi vågar å utforske det ukjente og vågar å stå i spenninga mellom det nye og det gamle. Gjennom leiing har vi ei unik moglegheit til å påverke og å nå mål saman med andre.

Vi vil saman med leiarane og dei tillitsvalde starte arbeidet med å utvikle ein framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk, med fokus på faktorar som gjer at vi blir ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgjevar.

**Kompetanseutvikling og rekruttering**

Ein av dei største utfordringane vi ser, er tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Kommunen har mykje god kompetanse. Likevel kan vi no sjå dei same utfordringane som resten av Noreg. Særleg gjeld dette helsefagleg kompetanse, men vi ser no at det også blir utfordrande i alle andre fagfelt.

Vi må ha kompetanseplanar som bidreg til utvikling av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evner. Det gir oss eit grunnlag for å skape en dynamisk organisasjon som er budd på endringar.

Vi ønsker å legge til rette for læring og utvikling. Den beste kompetanseutviklinga skjer gjennom det daglege arbeidet og mellom kollegaer. Denne forma for læring må verdsettast.

Kommunen har eige fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

**Heiltidskultur**

Det har over lang tid vore fokus på heiltidskultur. Organisasjons- og personalavdelinga har hatt tett dialog med einingane. Tillitsvalde, administrasjonen og politikarar deltek i intern arbeidsgruppe.

Per oktober er gjennomsnittleg stillingsstørrelse 86,5% . Nesten 80% av dei tilsette har over 75% stilling. Dette er svært gode tal. Sommarvikarar og andre korte engasjement tel med i statistikken. Desse saman med dei som har ein delvis uføregrad gjer at 100% heiltid verken er mogleg eller ønskeleg.

Heiltidskultur er viktig for gode tenester til brukarane og for attraktive arbeidsplassar. Ein vil forsette det gode arbeidet med mellom anna fokus på turnusordningar. Stillingar skal i hovudsak lysast ut som heile stillingar og ein vil arbeide for at flest mogleg har fulle stillingar.

**Nærvær og fråvær**

Lågt fråvær er ein av faktorane som må være på plass for at vi skal kunne levere på samfunnsoppdraget. Vi må auke innsatsen for å sikre høg grad av nærvær.

Enkelttiltak for å få ned sjukefråværet har ofte ikkje effekt på lang sikt. Ein må difor jobbe på fleire hald samstundes og med eit perspektiv som er langsiktig.

Vi vil jobbe på overordna nivå, den enkelte eining og med kvar enkelt tilsette. Leiar- og medarbeidarutvikling, AMU, lokale HMS-grupper, gode verkty for styring og god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta blir viktig.

Måltalet totalt for Aukra kommune er 6,12%.

# Satsingsområde

## Attraktiv kommune

### Innleiing

Attraktiviteten til ein stad kan seiast å vere staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten er eit resultat av ulike faktorar, mellom anna senterstruktur, gode offentlege tenester, kultur-og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod. Det er ønskeleg å kunne legge til rette for eit variert butilbod i form av bustadtypar og bumiljø.

Politisk har det lenge vore ønske om å etablere eit fastlandssamband for å møte utfordringane med etablering og rekruttering. Med planane om E39 Møreaksen for fjordkryssinga av Romsdalsfjorden og med prosjektet for tilknyting av Otrøya og Gossen over Kjerringsundet, er det realistisk å vente at vegprosjektet kan realiserast. Aukra kommune set av store deler av eigedomsskatteinntektene til finansiering av prosjektet over Kjerringsundet.

Mykje av attraktiviteten og bulyst knyter seg til «rett retning» i høve barnehage, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Rett retning blir eit uttrykk for å få den daglege logistikken til å fungere. Bumiljøa bør

elles kunne ta omsyn til behova i livsløpet, skape kontakt mellom generasjonar og dermed legge til rette for at så mange som mogeleg kan bu heime så lenge som mogeleg.

## Hovudmål (Slik vil vi ha det) for kommunen

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.1 Sentrumsutvikling på Gossen og i Julsundet | Etablere eit variert bustadtilbod i heile kommunen gjennom planarbeid | Nye bustadstilbod | Konkrete nye bustadtilbod i planer | 1,0 | | 1,0 | |
| | Etablering av utemiljø i sentrum av Falkhytten med logiske ganglinjer, uterom og møteplassar på dei mjuke trafikkantane sine premiss | | - | | | | |
| | Identitetsbygging og utvikle tiltak for å knyte heile kommunen saman | | - | | | | |
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Legge til rette for aktiv og stimulerande fritid | Fritidsaktivitetar og møteplassar | Eining for innvandring og integrering har fleire møteplassar og aktivitetar som legg til rette for ei aktiv og stimulerande fritid, Dialogkafèen, gatefotball med Stiftelsen JoinUs, Internasjonal veke, Dragefestival, matkurs og handarbeidskurs, Småbarnstrall i samarbeid med kulturskolen og andre arrangement saman med frivillige organisasjonar. | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | | Støtte til fritidsaktivitetar | Alle barn med flyktningbakgrunn som blir busett i Aukra kommune, får ein gratis fritidsaktivitet det første året. | 15 | 10 | 10 | 10 |
| | Levere gode kommunale tenester | Aukrabarnehagen skal ha god fagleg kvalitet og vere eit førsteval for foreldre i Aukra | Indikator gjeld for både Barnebo og Bergetippen barnehage. Kor mange barn busett i Aukra er gjestebarn i barnehagar i andre kommunar? | 90,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | | Barn som vert eitt år gjennom året, og søker om plass, skal få plass i Aukrabarnehagen | Barn som fyller eitt år i perioden desember - juli har først rett til plass frå august.Kor mange barn | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | som fyller eitt år i perioden desember - juli og søkte plass fekk plass i barnehagen? | | | | |
| | | Barnehagebarn som flyttar til kommunen, og som søker om plass, får plass i barnehagen | Indikatoren gjeld for Barnebo og Bergetippen barnehage. Gjeld barn som ikkje har lovfesta rett til plass, men som søker plass gjennom året på grunn av tilflytting til kommunen.Kor mange tilflytta barn søker plass i løpet av året, og kor mange av dei får plass i Aukra. | | | | |
| | | Svarprosent på nasjonal brukarundersøking for deltakarar i introduksjonsprogrammet | Deltakarane i Aukra kommune sitt introduksjonsprogram får tilbod om å delta i ei årleg brukarundersøking. | 94,0 % | 94,0 % | 94,0 % | 94,0 % |
| | | Årleg måloppnåing for deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet | Overgang til arbeid og utdanning reknast som måloppnåing for deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet. | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % |
| | | Årlig evaluering av kompetansebehov i NAV | For å sikre gode kommunale tenester er det viktig at dei tilsette har tilstrekkelig kompetanse til ei kvar tid. | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | Skape attraktive bumiljø | Tal på arrangement der Eining for innvandring og integrering er involvert | Eining for innvandring og integrering vil vere delaktig i å skape møteplassar for nye innbyggjarar, der nyinnflytta kan samhandle | 10 | 10 | 10 | 10 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | med innbyggjarane i kommunen, og gjennom dette bygge nettverk og kjenne at dei høyrer til i kommunen. T.d. Internasjonal veke, Dragefestival, matkurs osv. | | | | |
| 1.3 Vidareutvikle infrastruktur | Arbeide for eit betre kollektivtilbod | | - | | | | |
| | Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband | Årleg avsetjing til fond for fastlandsløysing i tråd med politisk vedtak | - | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 |
| | Samarbeid om bruksendring/brukstilpassing av FV 662 i Julsundet med tanke på utvikling av fleire bustadareal | | - | | | | |
| | Sikre klima- og miljøtilpassa VA-anlegg | Årleg revidering av Hovudplan for avløp | Årleg revidering av Hovudplan for avløp (utarbeidd 2022), og gjennomføring av planlagte tiltak i tråd med handlingsdelen. | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| | Sikre pasienttransport i nødsituasjon, beredskapsferje/ambulansebåt | | - | | | | |
| | Tilrettelegging for betre breibanddekning | | - | | | | |
| | Trygge skulevegar gjennom tiltak i trafikktryggingsplanen | Rullering av Trafikktryggingsplan | Revidering av Trafikktryggingsplan og vurdering av planlagte tiltak knytt til handlingsdelen. | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| 1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad | Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og havbruk og næringar knytt til desse | | - | | | | |
| | Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd | | - | | | | |
| | Tilrettelegging av næringsareal | Opprette nye næringsareal | - | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Utarbeide Interkommunal sjøområdeplan saman med Hustadvika kommune | Utarbeide interkommunal sjøområdeplan med regulerte områder for marine næringar. | 1 | | | |
| | Utvikling av turistnæring | | - | | | | |
| 1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid | Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet | Gode lokale for frivilligheita | Ha gode lokale for frivilligheita, også for dei som ikkje får fast plass på det nye kulturhuset. | | | | |
| | | Kulturskoletilbod om musikkterapi for eldre | Alle eldre som ønskjer det skal få tilbod om musikkterapi. | 15 | 30 | 40 | 40 |
| | | Utvikle samarbeid med brukarråd i kulturhuset, samt musikk- og idrettsråd i kommunen. | Auke kompetansen til frivillige gjennom å tilby temakveldar med "undervisning". | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen | Sangtreff pr. år | Arrangere minimum 20 sangtreff | 20 | 20 | 20 | 20 |
| | Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet | Inkluderande rekruttering | Arrangere foredrag for frivillige lag og organisasjonar. - Lokale organisasjonar skal registrere seg på Frivillig.no.- Vi skal inspirere nye grupper, dei som ikke har vore frivillige før eller som sjelden blir spurt, om å bidra til å engasjere seg i eit lag eller ei foreining. - Sjå etter moglegheiter for samarbeid på tvers av organisasjonar, lag og foreininger.Tal er oppgitt i antal arrangement pr. år. | | | | |
| | | Tal på aktivitetar saman med frivilligheita | Eining for innvandring og integrering samarbeider med fleire frivillige | 80 | 80 | 80 | 80 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | organisasjonar, Røde Kors, avd. Aukra Omsorg, Aukra Bygdekvinnelag, GIL, Røabukta velforeining, Stiftelsen JoinUs med fleire. | | | | |
| | | Utvikle samarbeid med frivillige | Med ei etablert Venneforening som ei sjølvstening foreining i kommunen, samt kulturhuset sine kulturvertar og eit brukarråd etablert hausten 2022, har vi eit godt utgangspunkt for samarbeid om frivillig arbeid i Kulturhuset. Idrettsrådet og musikkråd skal også vere gode samarbeidspartar i dette arbeidet. | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året |
| | Legge til rette for varierte turaktivitetar | | - | | | | |
| | Saman med næringslivet utvikle felles plan for marknadsføring og aktivitetar gjennom året | | - | | | | |

## Barn og unge

### Innleiing

Barn og unge sin trivsel og utvikling er viktig for individet sjølv, for samfunnet og for framtidig rekruttering og busetjing. I Barnebyksrapporten av 2016 frå Møre og Romsdal fylkeskommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal heiter det følgjande (s. 47): «*Barn og unge er meir sårbare enn vaksne og treng at samfunnet tar eit ekstra ansvar. Dei har særskilte behov for varetaking, tryggleik og deltaking*.»

Alt arbeidet for barn og unge, i barnehagar, skole og fritids- og kulturlivet skal vere førebyggjande, helsefremjande og utjamnande med omsyn til sosiale skilnader. Vi må styrke dei heilskaplege oppvekstvilkåra ved hjelp av samhandling og samarbeid på tvers av sektorar, avdelingar og fag.

### Hovudmål (Slik vil vi ha det) for kommunen

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse | Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø | Aksjonslæring på kvar avdeling knytt til problemstillinga:"Korleis skal vi sikre følt trygghet i rutinesituasjonar/overgangssituasjonar for alle barn? | | | | |
| | | Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø. | Aksjonsforskning/læring på avdelingane i samband med problemstillinga knytt til satsinga. Regional kompetanseutvikling (REKOMP) | | | | |
| | | COS-P kurs - antal tilsette ved Gossen barne- og ungdomsskole som er skolerte | GBU har no 3 tilsette som har COS-P.Målet er at vi får ein pr. trinn/årssteg og leiinga, det vil seie 17 tilsaman.Målet er at desse deler kunnskapen vidare slik at dette vil prege praksisen på heile skolen. | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | COS-P kurs, antal tilsette ved Julsundet skole som er skolerte | JUSK har 3 tilsette som er sertifisert i COS-P. Målet er at vi får ein per trinn/årssteg og leiinga. Tilsaman 17. | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | COS-skole - Tal på tilsette ved Julsundet skole som har tatt kurs | Kursing av kursholdere/instruktører som kan kurse dei andre tilsette i COS (tryggleikssirkelen). Ingen har dette i 2021. Vi melder på 3 tilsette pluss rektor. | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | COS-skole kurs - antal tilsette ved Gossen barne- og ungdomsskole som er skolerte | COS- skole er spesielt retta mot skole. Ingen har det kurset her på GBU enno. Men alle som har gådd Cos-P kan gå Cos-skole. Vi vil derfor melde på 3 tilsette i første omgang(+ rektor). Deretter fleire etterkvart som dei er skolert. | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | Plan for opplæring av nytilsette | I vidareføringa av IBSM- satsinga skal vi ha opplæring av nye tilsette i - Verdiplattforma- Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø | | | | |
| | | Plan for rettleiing og opplæring av nytilsette i Bergetippen barnehage | Opplæring i verdiplattforma plan for eit godt psykososialt miljø | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Analysere samla kompetanse til alle tilsette i Aukrabarnehagen og Aukraskolen, samt lage tiltaksplan. | Etter at kvar eining har svart på spørjeskjema om kompetanse, vert den samla kompetansen i Aukrabarnehagen og Aukraskolen analysert.Kompetansekartlegginga gjerast i samarbeid med Kunnskapsnett Romsdal (Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes) og Høgskolen i Volda. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | Arbeide for at bemanningsnormene skal gjelde heile opningstida | Nasjonale normer for bemanning gjeld ikkje heile opningstida. Synleggjere forskjellen mellom opningstid, barna si opphaldstid og dei tilsette si arbeidstid. | | | | |
| | | Bidra til å sikre personvernet (GDPR) for barnehagebarn og elevar. | Leie det intrekommunale "Fagråd GDPR"- 7 møte per år- Fagrådet består av ein representant for kvar kommune Aukra, Molde, Rauma, Vestnes) i tillegg til leiar- Oppdatere bestillingsskjema for appar i barnehage og skole- Lage plan for å godkjenne appar i barnehagar og skolane | 7 | 7 | 7 | 7 |
| | | Dekningsgrad av bemanningsnormen i heile opningstida. | Konsekvensanalyse av bemanning, antal barn og opningstid. Vurdere utvida opningstid på Bergetippen. | | | | |
| | | Eigne tilsette tek barnehagelærarutdanning | - | | | | |
| | | Eigne tilsette tek fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar | - | | | | |
| | | Godt kvalifiserte tilsette skal sørge for at alle barn vert sett og hørt og inkludert i fellesskapet | - | | | | |
| | | Godt kvalifiserte vaksne skal sørge for at alle barn blir sett, høyrt og inkludert i fellesskapet. | Kor mange varsler og aktivitetsplaner. | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Julsundet skole skal ha god kompetanse på begynneropplæring innan lesing og skriving | Samarbeid med NTNT/skrivesenteret om å fullføre arbeidet med lese- og skriveplan for å styrke begynneropplæringa i Aukraskolen. Prosjektet vil gå skoleåret 22-23 | 85 000 | | | |
| | | Leggje til rette for kompetanseutvikling for alle tilsette i Aukrabarnehagen og Aukraskolen | I barnehage- og skoleåret 2021-22 tilbyr Aukra kommune desentralisert kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskolen i Volda. Barnehagane valde temaet  "Psykososialt barnehagemiljø". Kompetanseutviklinga gjeld for alle tilsette. Det er eit mål at både barnehagane og skolane også skal vere i gang med kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskolen i Volda. Det er Kunnskapsnett Romsdal (Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes) som har utarbeidd tilbodet i samarbeid med Statsforvaltaren og Høgskolen i Volda. Det er eit mål at det skal vere deltaking frå Aukra kommune, så lenge tilbodet varer. Planen er at tilbodet skal vere permanent | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Tilrettelegge for, gjennomføre og følgje opp 10 rektormøte pr. år | Rektormøta har følgjande på dagsorden:- Utvikling- Læringsmiljø- Tilpassa opplæring- Styringssignal. lokalt og nasjonalt- Samordning mellom skolane, og mellom skolane og kommunen | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | | Tilrettelegge for, gjennomføre og følgje opp 10 styrarmøte pr. år | Styrarmøta har følgjande på dagsorden:- Utvikling- Barnehagemiljø- Styringssignal. lokalt og nasjonalt- Samordning mellom barnehagane, og mellom barnehagane og kommunen | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | | Tilsette barnehagelærarar i Bergetippen barnehage ut over norm for pedagogtettleik | Vere attraktiv arbeidsplass for barnehagelærarar og barn og ungdomsarbeidarar. | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Tilsette barnehagelærarar ut over norm for pedagogtettleik, mot nasjonalt mål om 50 % i 2025 | Når tilsette sluttar eller går av med pensjon, skal det tilsettast barnehagelærar | | | | |
| | | Tilstandsrapport | Det skal årleg leggjast fram felles tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen.Tilstandsrapporten skal mellom anna ha kapittel om økonomi, personale (bemanning og kompetanse), miljø og læringsresultat. | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Total stillingsprosent med faste vikarar ved Gossen barne- og ungdomsskole | Tilsette faste vikarar slik at elevane møter kjente vaksne ved fråvær. Vi ønskjer vikarar tilsvarande 7% av alle tilsette for å sikre dette. Vikarane bør vere høgkoleutdanna. | 400,0 % | 400,0 % | 400,0 % | 400,0 % |
| | | Total stillingsprosent med faste vikarar ved Julsundet skole | Tilsette faste vikarar slik at elevane møter kjente vaksne ved fråvær. Vi ønskjer vikarar tilsvarandre 7% av alle tilsette for å sikre dette. Vikarar skal vere høgskoleutdanna. | 300,0 % | 300,0 % | 300,0 % | 300,0 % |
| | | Utarbeideing av modell for ressurstildeling | Per i dag har ikkje Aukra ein modell for ressurstildeleing til skolen. Arbeidet er i gang, og vi håper det gjer det lettare å planlegge framover. | | | | |
| | | Årleg revidering av kompetanseplan for Julsundet skole | Kompetanseplanen sikrer at skolen har rett kompetanse og oversikt over framtidig behov. | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Årleg revidering av lokal kompetanseplan for Gossen barne- og ungdomsskole | Kompetanseplanen sikrer at skolen har rett kompetanse og oversiktig over framtidige behov. | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | Barnebo skal arrangere foreldrekurs i Trygghetssikelen kvart år | - | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Bergetippen barnehage skal arrangere foreldrekurs i Trygghetssirkelen kvart år | Tilsette og foreldre skal få opplæring i Trygghetssirkelen. Arbeide gjennomgåande med temaet med alle | 1 | 1 | 1 | 1 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | tilsette. Trygghetssirkelen tema på foreldremøte for nye foreldremøte og i bruk ved foreldresamtalar. | | | | |
| | | Miljøterapeutar som jobbar systemisk og med enkeltelevar ved Julsundet skole | Målet er å ha ein miljøeterapeut på kvar avdeling/hovudstseg. Denne skal ha minst 20% forbyggande og hjelpe elevane til å bere sin eigen bagasje. Helsesjukepleiar kjem i tillegg. Psykisk helse er ein viktig del av kunnskapsløftet. Barnevernsreforma krever at vi må åta fleire saker lokalt. | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % |
| | | Miljøterapeuter som jobbar systemisk og med enkeltelevar ved Gossen barne- og ungdomsskole | Målet er å ha ein miljøterapeut på kvar avdeling: 1.-4.klasse, 5.-7.klasse og 8.-10.klasse ved Gossen barne- og ungdomsskole som har minst 20% til å jobbe forebyggande og hjelpe elevane til å bere sin eigen bagasje. Dette treng vi fordi dei då er tett på å kjenner elevane. Helsesjukepleiar kjem i tillegg. Dette er ei organisering vi har drøfta og er einig om. Når den nye barnevernslova trer i kreft, må vi ta meir saker lokalt, og då blir dette viktig. Psykisk helse/livsmestring er og eige tverrfagleg tema i Kunnskapsløftet 2020 sin overordna del. | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % |
| | | Opplæring for tilsette i Trygghetssirkelen | - | | | | |
| | | Sertifisering av pedagogiske leiarar i COS-P/Trygghetssirkelen etter behov | Sertifisere to pedagogiske leiarar kvart år | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | | Utarbeide plan for skolenærvær - "Kvar dag tel" | Aukraskolen er i gang med å lage plan for sikre skolenærvær og systematisk jobbing når elevar har bekymringsfult fråvær. Det er eit mål at plana er ferig og implementert i 2022 | | | | |
| | Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som | Barnebo barnehage deltek i piloten "Kommunen som samfunnsbyggar" | - | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Indikatorbeskriving | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | samfunnsbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle | | | | | | |
| | | Bergetippen barnehage deltek i piloten "Kommunen som samfunnsbyggar" | Bergetippen barnehage deltek i MOT-satsinga: «Kommunen som samfunnsbyggar».MOT til å leveMOT til å bry segMOT til å si nei | | | | |
| | | Etablere MOT satelitt-team | Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbygggar" skal vi etablere eit satelitt team med medlemmar frå næringsliv, frivillige, unge MOT-leiarar og representantar frå kommunen. Tal er oppgitt i antal møter pr. år | 4 | 4 | 4 | 4 |
| | | Inkludere næringslivet gjennom pilotprosjektet "Kommunen som samfunnsbyggar" | Utdanne inntil fire unge MOT leiarar som skal vere gode førebilde og bidra på dei unge sin arena i kommmunen | | | | |
| | Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar | Etablere faste miljøarbeidarstillingar | Evaluere prosjektet hausten 2023 og arbeide for at miljøarbeidarstilling blir fast stilling. | Fast stilling som miljøarbeidar | | | |
| | | Utforske og etablere nye publikumsmøte på nye arenaer slik at kunstopplevingar når ut til fleire | Etter skoletid tilbodet følgjer skolerutaEitt arrangement i månaden med tema.Open kveld tilbod på Julsundet og Gosen heile året - også i skoleferiane. | | | | |
I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2023 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) satt til **256,659 mill. kr.**

Oppgåveendringane over rammetilskotet omfattar følgjande innlemmingar, korreksjonar og regelendringar: Beløpet i kvar av linjene viser kommunen sin del av den enkelte korreksjon (fordelt etter aktuell delkostnadsnøkkel).

| | I makro | Aukra |
|---|---|---|
| **Samlet korreksjon i rammetilskuddet 2022 (1000 2022-kr)** | **-208 319** | **-136** |
| Statlige og private skoler endring elevtall | -102 496 | -82 |
| Gratis deltid SFO 1. trinn fra høsten 2022 | 767 000 | 614 |
| Redusert makspris barnehager og gratis barnehage 3. barn. | 722 792 | 465 |
| Redusert pensjonspåslag for private barnehager | -51 100 | -33 |
| Gratis barnehage tiltakssonen | 74 446 | 0 |
| Diverse korrigeringer økonomisk sosialhjelp | 60 152 | 115 |
| Barnevernsreformen | 479 986 | 211 |
| Samværsplan barnevernlov | 30 376 | 21 |
| Godtgjøring av sakkyndige og tolk ny barnevernlov | -18 322 | -13 |
| Likeverdsreformen. Barne-koordinator | 80 000 | 67 |
| Ny oppgave- og ansvarsdeling i barnevernet – avvikling av forsøk | -20 400 | 0 |
| Økt basistilskudd fastleger | 462 874 | 386 |
| Ekstraordinære bevilgninger koronatiltak 2022 | -913 450 | -592 |
| Rest-korrigering merskattevekst 2022 - utbytter | -1 734 500 | -1 261 |
| Diverse korreksjoner | -45 677 | -33 |

# Frie disponible inntekter for Aukra kommune

## Generelle inntekter

Her blir det gjeve ein omtale av kommunen sine generelle inntekter som ikkje knyt seg til eit bestemt formål, og som berre kommunestyre har mynde til å disponere.

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue er statlege frie inntekter. Kommunen nyttar KS sin prognose-modell i fastsettinga av desse. Som grunnlag for berekninga er det lagt inn forventa befolkningsvekst både for landet og for kommunen. I framskrivinga av kommunen sitt innbyggjartal er det lagt til grunn ei føresetnad om middels vekst knytt til fruktbarheit, levealder og innanlands flytting, medan det for innvandring er lagt til grunn høg vekst.

I statsbudsjettet for 2023, Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet, blir det gjort greie for løyvingar over kap. 571 Rammetilskot til kommunar. “Grønt hefte” er eit berekningsteknisk vedlegg til statsbudsjettet, som gjer greie for fordelinga av rammetilskotet i 2023.

**Spesifikasjon av frie inntekter frå staten i 2022 og 2023 (Kjelde: Grønt hefte 2022)**
Oppsummert for åra i økonomiplan perioda blir det operert med følgjande berekning av frie inntekter (i 1000 2023-kr.) *)

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot (fast del) | 113 111 | 131 629 | 130 902 | 133 753 | 135 225 |
| Inntektsutjamning | 9 500 | 7 020 | 5 330 | 5 421 | 5 495 |
| Skatt | 113 706 | 118 010 | 122 734 | 124 301 | 125 592 |
| | | | | | |
| **Sum frie inntekter** | **236 317** | **256 659** | **258 966** | **263 475** | **266 312** |
| *%-endring* | | *8,61* | *0,9* | *1,74* | *1,08* |

*) I prognosekjøringen (basert på KS-modellen) er det lagt til grunn framskrevne innbyggertall både for kommunen og landet, konkret per 1.1.2023, 1.1.2024, 1.1.2025 og 1.1.2026 (SSB MMMM for landet og TF alt. Historisk utvikling for kommunen). Innbyggertall fordelt på de aktuelle aldersgruppene har telletidspunkt 1. juli år t, og vi lar disse være gjennomsnittet av tallene per 1.1 år t og 1.1 år t+1. Innbyggertall totalt og fordelt på aldersgrupper per 1. juli påvirker innbyggertilskuddet og utgiftsutjevningen det påfølgende året, mens innbyggertall totalt per 1.1. påvirker inntektsutjevningen aktuelt år.

**Berekna endring frå 2022 til 2023**

Veksten i dei frie inntektene er i berekningsteknisk dokumentasjon anslått til 13 mill. kroner svarande til 5,4 prosent. Ulik vekst i frie disponible inntekter kjem frå at ein ut frå kjente lokale forhold har korrigert venta inntekter på skatt i. Vidare er høg vekst i rammetilskot frå 2022 til 2023 påverka av at regjeringa i 2022 har innarbeidd trekk for høge skattinnteker i landet generelt. Aukra kommune har ikkje hatt same høge skatteinngang, men får likevel ein del av generelt utmålt nedtrekk.

**Rammetilskot**

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2023 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til **256,7 mill. kroner,** fordelt slik:

| Aukra | 2022 | 2023 |
|---|---|---|
| Innbyggertilskudd | 91 807 | 100 796 |
| Utgiftsutjevnende tilskudd/trekk | 20 626 | 23 655 |
| Korreksjonsordningen for elever i statlige/private skoler | 1 494 | 1 848 |
| Inntektsgarantitilskudd, netto | 21 | -147 |
| Tilskudd til saker med særskilt fordeling | 3 884 | 5 477 |
| Distriktstilskudd Sør-Norge/småkommunetilskudd | | |
| Distriktstilskudd Nord-Norge | | |
| Veksttilskudd | | |
| Storbytilskudd | | |
| Regionsentertilskudd | | |
| Skjønnstilskudd* | | |
| **= Sum rammetilskudd (fast del) ved framleggelsen av statsbudsjett** | **117 832** | **131 629** |
| Anslag inntektsutjevnende tilskudd/trekk fra KDD i statsbudsjettet | 5 811 | 13 465 |
| Skatteinntektsanslag fra KDD i statsbudsjettet | 111 009 | 109 578 |
| Endring rammetilskudd fast del målt mot opprinnelig anslag | -5 034 | |
| Endring i anslag skatt/inntektsutjevning fra KDD målt mot oppr. anslag | 6 699 | 1 987 |
| **= Sum frie inntekter (skatt og rammetilskudd)** | **236 317** | **256 659** |
| Oppgavekorrigering | -186 | |
| **= Anslag på oppgavekorrigerte frie inntekter** | **236 131** | **256 659** |
| Anslag prosentvis vekst relativt til fjoråret | | **8,69 %** |
| Anslag på oppgavekorrigert vekst relativt til fjoråret | | **20 528** |

**): Eventuelle tildelte skjønns-midlar fra Statsforvalteren gjennom året inngår ikkje i denne summen. **): I Grønt hefte er korreksjonane på kommunenivå i hovudsak gjort etter samla kostnadsnøkkel, se GH 2023 tabell 3-k.*

**Rammetilskot - endringar i 2023**

Dei såkalla oppgåveendringane over rammetilskotet, som i makro summerer seg til ein reduksjon på kr. 7,078 mrd. kr for kommunane, omfattar i alt innlemmingane, korreksjonane og regelendringane:

| | I makro | Aukra |
|---|---|---|
| **Samla korreksjon i rammetilskot 2022 (1000 2022-kr)** | **-208 319** | **-136** |
| Statlige og private skoler endring elevtal | -102 496 | -82 |

| | | |
|---|---|---|
| Gratis deltid SFO 1. trinn fra høsten 2022 | 767 000 | 614 |
| Redusert makspris barnehagar og gratis barnehage 3. barn. | 722 792 | 465 |
| Redusert pensjonspåslag for private barnehagar | -51 100 | -33 |
| Gratis barnehage tiltakssone | 74 446 | 0 |
| Diverse korrigeringar økonomisk sosialhjelp | 60 152 | 115 |
| Barnevernsreformen | 479 986 | 211 |
| Samværs-plan barnevernlov | 30 376 | 21 |
| Godtgjøring av sak-kyndige og tolk ny barnevernlov | -18 322 | -13 |
| Likeverds reforma. Barne-koordinator | 80 000 | 67 |
| Ny oppgåve- og ansvarsdeling i barnevernet – avvikling av forsøk | -20 400 | 0 |
| Økt basistilskot fastleger | 462 874 | 386 |
| Ekstraordinære bevillingar koronatiltak 2022 | -913 450 | -592 |
| Rest-korrigering meirskattevekst 2022 - utbytter | -1 734 500 | -1 261 |
| Diverse korreksjonar | -45 677 | -33 |

**Utgiftsutjamning**

Dokumentasjon på utgiftsutjamning og endring frå 2022 til 2023:

| AUKRA | 2023 | 2023 | 2023 | Endring 2022-2023 | Endring 2022-2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| | Vekt | Utgifts-behovs-indeks | Tillegg/ trekk i utgiftsutjamning (1000 kr) | Utgifts-behovs-indeks | Tillegg/ trekk i utgiftsutjamning. (1000 kr) |
| 0-1 år | 0,0057 | 0,8032 | -253 | 12,5 % | 128 |
| 2-5 år | 0,1361 | 1,0375 | 1 152 | 5,9 % | 1 762 |
| 6-15 år | 0,2645 | 1,1271 | 7 587 | -5,7 % | -2 493 |
| 16-22 år | 0,0236 | 1,1533 | 816 | 1,2 % | 125 |
| 23-66 år | 0,1049 | 0,9132 | -2 054 | 0,8 % | 11 |
| 67-79 år | 0,0567 | 1,1008 | 1 290 | -4,6 % | -448 |
| 80-89 år | 0,0767 | 1,2576 | 4 459 | 0,9 % | 460 |
| Over 90 år | 0,0385 | 1,4065 | 3 532 | 13,2 % | 1 312 |
| Basistillegg | 0,0159 | 4,1963 | 11 468 | -4,7 % | 766 |
| Sone | 0,0100 | 3,2187 | 5 007 | -12,1 % | 152 |
| Nabo | 0,0100 | 1,3205 | 723 | -4,1 % | -27 |
| Landbruks-kriterium | 0,0021 | 1,0746 | 35 | -7,3 % | -29 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Innvandrarar 6-15 år ekskl. Skandinavia | 0,0071 | 1,5326 | 853 | -11,4 % | -86 |
| Flyktningar uten integreringstilskudd | 0,0084 | 0,5917 | -774 | 4,7 % | 1 |
| Dødeligheit | 0,0454 | 0,9333 | -684 | 2,1 % | 156 |
| Barn 0-15 med einslige forsørjarar | 0,0188 | 1,1903 | 807 | 13,7 % | 602 |
| Lavinntekt | 0,0118 | 0,7296 | -720 | -14,4 % | -412 |
| Uføre 18-49 år | 0,0064 | 0,7363 | -381 | 0,2 % | -34 |
| Opphopingsindeks | 0,0095 | 0,4014 | -1 283 | -28,6 % | -679 |
| Aleineboende 30 - 66 år | 0,0193 | 0,7460 | -1 106 | -0,1 % | -113 |
| PU over 16 år | 0,0486 | 0,6035 | -4 349 | 14,1 % | 1 126 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 0,0454 | 0,9400 | -615 | -2,0 % | -238 |
| Barn 1 år uten kontantstøtte | 0,0165 | 0,7752 | -837 | 33,7 % | 1 087 |
| Innbyggjarar med høyere utdanning | 0,0181 | 0,7503 | -1 020 | -0,4 % | -97 |
| Kostnads-indeks | **1,0000** | **1,1048** | **23 655** | **0,5 %** | **3 029** |
| *Netto virkn. statlige/private skoler* | | | *1 848* | | *354* |
| **Sum utgiftsutjamning mm.** | | | **25 503** | | **3 383** |

Same oversikt fordelt på tenesteområde:

| **Aukra** | **2023** | **2023** | **2023** | **Endr. 2022-2023** | **Endr. 2022-2023** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Vekt** | **Utgifts-behovs-indeks** | **Tillegg/trekk i utgiftsutjamning. (1000 kr)** | **Utgifts-behovs-indeks** | **Tillegg/trekk i utgiftsutjamning. (1000 kr)** |
| Barnehage | 0,1588 | 0,9774 | -811 | 8,1 % | 2 586 |
| Administrasjon | 0,0796 | 1,2430 | 4 362 | -0,2 % | 266 |
| Landbruk | 0,0021 | 1,0746 | 35 | -7,3 % | -29 |
| Grunnskole | 0,2545 | 1,2162 | 12 420 | -6,0 % | -2 088 |
| Pleie og omsorg | 0,3457 | 1,0969 | 7 557 | 2,9 % | 2 641 |
| Kommunehelse | 0,0564 | 1,2663 | 3 388 | -1,1 % | 210 |
| Barnevern | 0,0457 | 1,0395 | 407 | 2,0 % | 220 |
| Sosialteneste | 0,0573 | 0,7129 | -3 710 | -3,9 % | -822 |
| Kostnads-indeks | **1,0000** | **1,1048** | **23 655** | **0,5 %** | **3 029** |

**Skatt på inntekt og formue**

Føresetnad for fastsett storleik på skatt på inntekt og formue og inntektsutjamninga i tabellen frie inntekter ovanfor.

Aukra kommune sitt skattenivå var i 2021 på 84,2 prosent av landsgjennomsnittet. I anslag for 2022 er skattenivået sett til 83,2 prosent av landsgjennomsnittet. Dette er eit uvanleg lågt nivå i forhold til landet elles. Årsaka er truleg større utdeling av utbytte som tilpassing til endra beskatningsreglar i landet elles enn i Aukra kommune. Dette påverkar både gjennom ordinær innbetaling av forskotsskatt/forskotstrekk i 2021, men og gjennom innbetaling av restskattar ved endeleg avrekning i 2022. For åra 2023 – 2026 blir skatteinngangen venta å være tilbake på vanleg nivå på 89,5 prosent i 2023 og deretter rundt 91,5 prosent av landsgjennomsnittet dei neste tre åra.

Lågare skatteinngang enn 100 prosent av landsgjennomsnittet gjev ei inntektsutjamning berekna til 60 pst. av differanse mellom eige skattenivå og nivå landsgjennomsnittet. Samtidig skal kommunen vere med å finansiere kompensasjonen for kommunar som har eit snitt under 90 pst. av landsgjennomsnittet, i 2023 fastsett til kr 522,76 per innbyggjar. Netto inntektsutjamning er i 2023 ut frå dette berekna til 7,02 mill. kroner.

**Eigedomsskatt**

Budsjettvedtaket fastsett at skatteøyret vert sett til 7 promille, som er den høgaste skatteøyre ein kan ha jfr. eigedomsskattelova § 11.

Kommunestyret gjorde første gong vedtak om innføring av eigedomsskatt i sak 062/02, den 19.12.02. Det blei då vedteke at eigedomsskatten skulle utskrivast på tidlegare «verk og bruk», og at skattesatsen skulle settast til 2 ‰ av takstverdien.

Kommunestyret vedtok den 22.11.2012 ny alminneleg taksering, saksnr. PS 138/12. Takstperioden i dette vedtaket var 2013 – 2022. Det blei vedteke at eigedomsskatten skulle utskrivast på tidlegare «verk og bruk», og at skattesatsen skulle settast til 7 ‰ av takstverdien, sjå esktl. § 11.

Kommunestyret gjorde 09.10.2018 vedtak om at det i tråd med endra ordlyd i esktl. § 3 bokstav c blei skriven ut eigedomsskatt på «kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», også kalla «energianlegg». Utskrivingsalternativet omfattar og flytande anlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd. Sjå saksnr. PS 77/18.

I PS-sak 25/22 fatta Kommunestyret i møte den 19.05.22 vedtak om ny almenn taksering av skattepliktige eigedomar med verknad for skatteåret 2023.

Ny almenn taksering vil derfor bli lagt til grunn for utskrivinga av eigedomsskatt for 2023. Frist for taksering og vedtak om utskriving av eigedomsskatt av nye objekt er 28.02 i inntektsåret, og inntektene er soleis usikre fram til taksering er ferdig.

Eigedomsskatt er innarbeidd i budsjettet slik:

| Tal i heile tusen kroner | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Eigedomsskatt | 246 204 | 245 204 | 242 955 | 242 955 |

Årleg reduksjon er innarbeidd ut frå nedtrapping knytt til endring i eigedomsskattelova frå 2019 med kr. 1 mill. Utskriving av eigedomsskatt på objekta som ikkje lenger er heimla i prinsippvedtaket om utskriving av eigedomsskatt blir avslutta ut frå og med 2025.

Eigedomsskatten kan bli endra som følgje av omtaksering, eventuelle klagesaker eller andre høve. Denne mogelege endringa vert innarbeidd som budsjettkorrigering i løpet av året.

**Andre generelle driftsinntekter - Havbruksfond**

I Prop. 1 LS (2020– 2021) Skatter, avgifter og toll 2021 er følgjande informert om: « *Det nye systemet for regulering av produksjonskapasiteten i lakse- og ørretoppdrett trådte i kraft i oktober 2017. Nærings- og fiskeridepartementet har i 2020 tildelt økt kapasitet i eksisterende oppdrettstillatelser til fastpris og auksjonert ut nye tillatelser. Fastpristildelingen ga inntekter på i overkant av 900 mill. kroner, mens auksjonen har gitt inntekter på om lag 6 mrd. kroner. I 2020 er det bevilget 2,25 mrd. kroner til kommuner og fylkeskommuner gjennom Havbruksfondet fra denne kapasitetsjusteringen, mens det er foreslått å tilføre Havbruksfondet ytterligere 1 mrd. kroner i 2021. Det vises til nærmere omtale i Meld. St. 2 (2019–2020) Revidert nasjonalbudsjett 2020. Neste vurdering av produksjonskapasitet i lakse- og ørretoppdrett er planlagt gjennomført høsten 2021, og det forventes at inntektene fra eventuell tildeling av ny kapasitet vil komme i 2022.»*

I revidert budsjett for 2020 vedtok Stortinget nytt system for fordeling av havbruksinntekter frå kapasitetsjusteringane som i tråd med «trafikklyssystemet» skal gjennomførast annakvart år. Det vart vedteke at frå og med 2022 skal 60 % av inntektene ved kapasitetsjusteringar tilfalle staten. 40 % skal fordelast til havbrukskommunar og fylkeskommunar via Havbruksfondet.

Avgifta på produksjon av fisk blir pålagt innehavarar av tillatelser etter akvakulturloven og vil gjelde oppdrettarar med anlegg i norsk territorialfarvann. Forslaget følgjer opp Stortinget sin merknader i Innst. 360 S (2019–2020).

Stortinget vedtok også å innføre ei produksjonsavgift på oppdrett i sjø på laks, ørret og regnbueørret i statsbudsjettet for 2021. En produksjonsavgift på 40 øre per kilo sløyd fisk er berekna å gje ein proveny på om lag 500 mill. kroner, påløpt i 2021 og bokført i 2022. Regjeringa vil i budsjettet for 2022 komme tilbake med forslag for utbetalingar til Havbruksfondet, som igjen skal kome tilbake med forslag til utdeling til kommunar og fylkeskommunar.

På frist for ferdigstilling av budsjett og økonomiplan er utbetalingar for 2022 og venta storleik for 2023 enno ikkje klart. Fiskeridirektoratet opplyser at dei ikkje har nokon konkret dato for kor tid dette vil være klart.

Det blir opplyst at auksjonen som er primær inntektskilde for fondet, var ferdig for snart tre veker sidan. Vidare at ein ventar på ein oppdatert instruks frå Nærings- og fiskeridepartementet, bla i tilknyting til produksjonsavgifta som skal utbetalast via fondet for første gong i 2022 og evt. vederlag frå konverterte utviklingsløyve . Dei signaliserer at 22-tildelingen skal skje så raskt som mulig og i god tid før årsskiftet 2022/2023.

Budsjettert tilskot 2022 på kr. 7.603.402,76,- blir derfor vidareført og for åra 2023 - 2026.

**Integreringstilskot**

Storleik på integreringstilskott er berekna slik:

| | | | | | 2023 | | 2024 | | 2025 | | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskuddsår | Bosettings-år | Kategori | Sats | Tal busett | Tilskots-beløp | Tal busett | Tilskots-beløp | Tal busett | Tilskots-beløp | Tal busett | Tilskots-beløp |
| Integreringstilskot år 1 | Budsjettår | Enslige voksne | 234 900 | | - | | - | | - | | \| |
| | Budsjettår | Voksne | 189 400 | 50 | 9 470 000 | 25 | 4 735 000 | 22 | 4 166 800 | | - |
| | Budsjettår | Enslige mindreårige | 182 300 | | - | | - | | - | 20 | 3 646 000 |
| | Budsjettår | Ikke mottatte | 50 000 | | - | | - | | - | | - |
| Integreringstilskot år 2 | Budsjettår -1 | Alle flyktninger | 243 100 | 120 | 29 172 000 | 50 | 12 155 000 | 25 | 6 077 500 | 22 | 5 348 200 |
| Integreringstilskot år 3 | Budsjettår -2 | Alle flyktninger | 172 900 | 13 | 2 247 700 | 95 | 16 425 500 | 50 | 8 645 000 | 25 | 4 322 500 |
| Integreringstilskot år 4 | Budsjettår -3 | Alle flyktninger | 85 700 | 16 | 1 371 200 | 13 | 1 114 100 | 75 | 6 427 500 | 50 | 4 285 000 |
| Integreringstilskot år 5 | Budsjettår -4 | Alle flyktninger | 70 200 | 10 | 702 000 | 16 | 1 123 200 | 13 | 912 600 | 60 | 4 212 000 |
| Barnehagetilskudd | Budsjettår -5 | Barn 0-5 år | 27 100 | | - | | - | | - | | - |
| Særskilt tilskot endelig | Budsjettår -6 | Enslig mindreårige | 705 000 | 5 | 3 525 000 | 3 | 2 115 000 | 2 | 1 410 000 | 1 | 705 000 |
| | | | | | **46 487 900** | | **37 667 800** | | **27 639 400** | | **22 518 700** |

## Budsjettføresetnader

Følgjande generelle føresetnader ligg til grunn for budsjettframlegget:

| | |
|---|---|
| Pensjonspremie KLP | 16,50 pst |
| Pensjonspremie STP | 11,00 pst. |
| Arbeidsgjevaravgift | 14,10 pst. |
| Prisvekst jfr. Statsbudsjett 2022 | 2,30 pst. |
| Lønnsvekst jfr. Statsbudsjett 2022 | 3,30 pst. |
| Deflator brukt i Statsbudsjett 2022 | 2,90 pst |

Det er berekna og avsett ein buffer for å dekke inn lønsauke i økonomiplan perioden.

I regjeringa sitt framlagde statsbudsjett for 2023 er det teke inn forslag om auka arbeidsgjevaravgift på løn over 750.000,- kroner. Dette er innarbeidd i driftsrammene for dei einingar/avdelinga som blir påverka av dette.

**Renteutgifter**

I 2022 har det vore store svingingar i rentemarknaden. Årsaka er nøkkeltal kring inflasjon, arbeidsløyse og krigen i Ukraina. Vidare er energisituasjonen for vinteren 2023 opplyst som ein viktig premissleverandør for korleis forventingane til renta vil endre seg 12 - 24 månader framover. SSB publisert 10 oktober nye inflasjonstal, der kjerne-inflasjonen i september var på 5,3 prosent. Dette er det høgaste nivået sidan dette nøkkeltalet vart introdusert i 2001.

Norges bank har eit inflasjons-mål på 2 prosent og brukar no aktivt heving av renter til å motverke høg inflasjonen slik at denne igjen går seg ned til inflasjons-målet.

Det norske rentemarknaden har derfor i 2022 hatt ein vekst frå under 1 prosent til 3,25 på tidspunkt for registrering, den 13.10.22:




Aukra kommune nyttar kommunalbanken sitt forslag på budsjettrenter for 2023 – 2026. Forslaget baserer seg på offentleg tilgjengeleg prognoser og marknadsrenter. Det er då teke utgangspunkt i Norges Bank si renteprognose for åra 2023 – 2026. Som bankmargin er det nytta eit påslag på 0,60 prosentpoeng nytta.




Venta renteutvikling har endra seg frå gjeldande økonomiplan for 2021 – 2024, og gjev isolert sett noko høgare renteutgifter enn lagt til grunn i økonomiplan for åra 2021 – 2024.

Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:

| | Norges Bank-anslag hentet fra rentemøte september 2022 | | | | | Oppdatert 13/10/22 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ÅR | NB anslag styringsrente | NB anslag påslag i pengemarkedet | NB anslag 3 mnd Nibor | Bank margin-påslag på Nibor | **Budsjettert lånerente ved bruk av NB anslag** | FRA Markedet, (NIBOR 3 MND) | Bank margin-påslag på Nibor | **Budsjettert lånerente ved bruk av markedsrenter** |
| **2023** | 3,15 | 0,40 | 3,55 | 0,60 | ***4,15*** | 3,95 | 0,6 | ***4,55*** |
| **2024** | 3,05 | 0,40 | 3,45 | 0,60 | ***4,05*** | 3,90 | 0,6 | ***4,50*** |
| **2025** | 2,80 | 0,40 | 3,20 | 0,60 | ***3,80*** | 3,75 | 0,6 | ***4,35*** |
| **2026** | 2,60 | 0,40 | 3,00 | 0,60 | ***3,60*** | 3,65 | 0,6 | ***4,25*** |

Gjennomsnittleg rente lagt til grunn for berekning av renteutgifter i åra 2023 til 2026 er følgjande:

2023 – 4,22 pst

2024 – 4,36 pst

2025 – 4,25 pst

2026 - 4,13 pst

Avdragstid på lån er auka frå 15 til 30 år. Dette for å gje eit auka økonomiske handlingsrom, slik at nødvendig avsetting til framtidig fastlandsløysing blir mogeleg.

# Drift i budsjett og økonomiplan

## Kommunen si samla drift

### Status og utvikling

Aukra kommune har god kvalitet i tenesteleveransane sine. KOSTRA-tal viser òg at den økonomiske innsatsen Aukra kommune legg ned i tenesteytinga er høg. Kostnadane til drift i einingane har hatt ei jamn stigning over år. I åra som kjem er det heilt naudsynt å flate ut kostnadane, mellom anna av omsyn til realisering av fastlandsløysing. Det vil likevel vere slik at Aukra kommune er godt stilt økonomisk, og tenestene vil framleis vere på eit høgt nivå.

Samstundes som dei totale kostnadane til drift må flate ut, er det heilt naudsynt å omprioritere pengebruk mellom tenesteområde basert på demografisk utvikling i befolkninga. Som for mange norske kommunar aukar talet på eldre i framskrivinga av folketalet, medan elevtalet i grunnskolen går ned. Dersom dette slår til i vår kommune, må fleire pengar prioriterast til m.a. institusjonstenester og heimebasert omsorg.

Over ein periode på 7 år har Aukra kommune teke imot ei stor mengd flyktningar. Vi har i 2022 - i skrivande stund - tatt imot tett på 100 menneske. Gjennom dette tek Aukra kommune på seg eit betydeleg ansvar, og kvar av våre nye innbyggarar er ein positiv tilvekst i lokalsamfunna. Vi kan likevel

ikkje leggje skjul på at det store talet flyktningar kommunen har tatt imot set press på fleire av tenesteområda, og det er særskilt krevjande i ein periode kor rekruttering er så utfordrande som nett no. Innsats for god integrering av flyktningane må prioriterast vidare, samstundes som vi nøye må vurdere kor mange kommunen bør ta imot i åra som kjem.

2023 er året kor Helseplattformen blir innført i Aukra kommune og mellom andre i dei øvrige ROR-kommunane. “Startskotet” går nærare bestemt i november. Når vi kjem så langt vil ei heil rekkje kommunar, sjukehus og fastlegar i Midt-Noreg allereie ha vore Helseplattformen-brukarar ei god stund. Vi har god tru på at det faktum at mange trakkar opp stien før oss og ryddar “barnesjukdommane” av vegen, gjer at vår innføring skal bli ganske så smertefri. Men det er viktig å vere klar over at Helseplattformen er eit nytt og stort system der mange fagfolk innad i og på tvers av primær- og spesialisthelseteneste skal kommunisere saman på nye måtar. Så ikkje minst vil det i 2023 leggjast betydeleg innsats i opplæring og førebuing fram mot innføringsdato.

## Perspektivmelding 2021

Kvart fjerde år legg Finansdepartementet fram ei stortingsmelding (perspektivmeldingen) som beskriv utfordringane Norge står ovanfor fram mot 2030 og 2060. Perspektivmeldinga seier noko om korleis regjeringa planlegg å møte desse.

Perspektivmeldinga 2021 (Meld. St. 14 (2020-2021)) viser til at Norge i åra framover vil stå ovanfor ei rekkje utfordringar knytt til mellom anna endra internasjonale rammevilkår, klimaendringar, endringar i befolkning og arbeidsliv, samt endra økonomiske føresetnadar. Det blir mellom anna understreka at det i tiåret som kjem vil stå færre i yrkesaktiv alder bak kvar pensjonist. Statens utgifter vil gå opp uten at inntektene aukar like mykje. På same tid skal vi gjennomføre eit grønt skiftet. Svekka produktivitetsvekst dei siste tiåra er og ei utfordring Norge deler med mange andre vestlege land. I tillegg vil petroleumsnæringa miste mykje av si betyding som vekstmotor for norsk økonomi. Det er og knytt usikkerheit til dei langsiktige konsekvensane av koronapandemien og krigen i Ukraina.

Innovasjon i offentlig sektor er ei av regjeringa sine hovudstrategiar for å løyse dei utfordringane som samfunnet vil møte i åra framover. Perspektivmelding viser i tillegg til betydinga av effektivisering, og at det ligger eit stort potensial her. Det blir mellom anna understreka at dersom kommunane stiller same krav til auka effektivitet som statlege verksemder, tilsvarande 0,5 posent av driftsutgiftene kvart år, kan vi til saman frigjere 1,4 mrd. kroner årleg som kan omdisponerast til andre formål.

Norsk økonomi og verdsøkonomien er for tida prega av langt større usikkerheit enn normalt. Handlingsrommet til kommunen blir og påverka av denne usikkerheita. Handlingsprogram 2023-2026 skal legge til rette for gode, likeverdige og framtidsretta tenester til innbyggarane innanfor dei økonomiske rammene som ligg føre.

Ein robust og berekraftig økonomi er avgjerande for at Aukra kommune skal kunne realisere finansiering av fastlandsløysing og samtidig oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til innbyggarane både på kort og lang sikt. God økonomistyring gjennom handlingsregler for driftsbudsjettet, eit redusert investering- og gjeldsnivå vil medverke til ein framtidig berekraftig økonomi. Samtidig vil realiseringa av fastlandsløysing, kommande auke i driftsutgifter knytt til demografi endringar med meir, gjere effektivisering og omstilling nødvendig.

Dette kjem til uttrykk i budsjett 2023, der det er lagt inn ei generell innsparing på alle driftsrammer på 1 prosent. Vidare i åra 2024 - 2026 er definert økonomisk ubalanse lagt inn som innsparing som må

arbeidast inn i den enkelte driftsramme gjennom gode prosessar i forkant av utarbeiding av budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027.

Illustrasjonar frå Finansdepartementet sin presentasjon:

Samansetninga av eldre og unge - aldersgruppa 67+ som andel av yrkesaktive alder (20-66) endrar seg frå 4 til 2 per innbyggjar




Finansdepartementet uttaler at vi har eit godt utgangspunkt for å lykkas, og illusterer det slik:




Følgjande viktige tiltak er presentert:

- Auka sysselsetting med fleire i jobb (høg andel uføre, og delen aukar hos dei yngre. redusere talet på sjukefråværsdagar)
- Vi må få meir ut av ressursane i offentlege sektor (behov for mange fleire årsverk i helse og omsorg)
- Vi må kutte i klimautsleppa

KS har uttalt “Kommune-Norge opplever store endringer. Folk flytter mot byene. Vi blir fleire eldre. Behovet øker. Utfordringene er langsiktige, og må forstås for å kunne løses”.

Vidare blir det sett fokus på reduserte inntekter og auka utgifter slik: “ Med en av verdens største pengebinger basert på inntekter fra olje og gass, er Norge bedre rustet til å møte økonomiske utfordringer enn mange andre land. Oljenæringen er også i særstilling høyproduktiv, men vil de neste tjue årene reduseres betydelig. Selv om det er mulig å erstatte arbeidsplasser som går tapt, er det vanskelig å skape arbeidsplasser som vil være like lønnsomme. Samtidig med denne dramatiske endringen i norsk økonomi, vil det være en vekst i offentlige utgifter til helse og omsorg og mange andre viktige områder. Ikke minst vil investeringer i veier, jernbane og kritisk infrastruktur øke, også fordi vi blir mer sårbare for klimaendringer med våtere og villere vær.”

## Det er for seint å fikse 2040 i 2040

Med dette som utgangspunkt har KS utvikla framtidsverktøyet 2040, der ein kan simulere korleis det står til i eigen kommune. Modellen gjev oss slik innsikt i eigen kommune i dag:




Denne innsikta viser at Aukra kommune har ein lågare del tilsette i helse og omsorg , lågare yrkesaktiv del av befolkninga og høgare del av befolkning er over 60 år enn landet elles. Kommunen har lågare del av barn i familiar med vedvarande låginntekt. Det er ein større del av befolkning som berre har grunnskole, medan kommunen ha 4,9 prosent lågare rate for fråfall i vidaregåande skole enn landet samla.

KS opplyser at pr. i dag er funksjonalitet med å vise utvikling i enkelte nøkkeltal i 2040 ikkje aktiv, grunna påvist feil i framskrivinga.

Lenke til Norge 2040: [https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/norge-2040/](https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/norge-2040/)

## Netto løyvingar drift

Til grunn for fastsetting av driftsrammer for 2023 - 2026 er  Kommunestyret sitt vedtak i politisk sak 37/22 - Rammesak - budsjett 2023 lagt til grunn. Denne saka var utarbeidd på grunnlag av vedteken

økonomiplan for 2022 - 2025, inngått finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om finansiering av fastlandsløysing og vedtekne endringar i 2022 med heilårseffekt.

I den administrativ prosessen med utarbeiding av budsjett og økonomiplan vart det meldt inn mange ønskje om nye tiltak frå einingane/avdelingane.

Av desse er tiltak med totalsum 14,8 mill. kroner ikkje tilrådd sjå tabellen "Oversikt innmeldte ønska tiltak frå einingane/avdelinga som ikkje er prioritert".

I tabellen tilrådde driftstiltak - nye innmeldte og heilårseffekt av budsjettendringar i 2022 vist. Tiltak med 41 er nye innmeldte som er teke inn i økonomiplana.

**Kryssløysing Julsundet**

Kommunal finansiering/deltaking på utbygging av ein fylkesveg må takast over kommunen si drift. Kryssløysing Julsundet har difor vore teke inn som ein del av driftsramme for tekniske tenester i økonomiplan 2022 – 2025 med 7,5 mill. kroner i 2023 og 2024. I omtale av tiltaket går det fram at det er ein føresetnad om deling av kostnader mellom private utbyggingsaktørar, vegeigar og kommunen. Tiltaket har vore fremja for vegeigar gjentekne gonger, men midlar til løysing ligg ikkje inne i vegeigar sine planar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert behov for trafikktrygging i vegkrysset i 2021. I 2022 vert trafikktryggingstiltak i Hollingen-krysset bygd gjennom ein ei avtale med vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune.

Så lenge vegeigar, Møre og Romsdal fylkeskommune, ikkje prioriterer deltaking i utbetring av kryssløysing av Fanghol-krysset, samt manglande deltaking frå utbyggjarar av nye bustader i området om kostnadsdeling, er det ikkje realisme i avsetting av budsjettmidlar dei næraste åra. Det er i tillegg uvisse om effekten på trafikkmengde/mønster som følgje av bortfall av fergetrafikk etter utbygging av Kjerringsundet.

Tiltaket er difor teke ut av i budsjett og økonomiplan 2023 og 2024.

Sum løyvingar til drift er i 2023 på 373 mill. kroner (eksl. driftsområdet "Sentrale ansvar") Innvandring og integrering har då fått etablert ei driftsramme på kr. 26,9 mill. Etter at ein tek omsyn til denne er storleik på løyvingane 346,1 mill. kroner. I økonomiplan 2022 - 2025 vart det lagt til grunn ei fordeling til drift på 343,8 mill. kroner. Gjenståande rest på lønsbuffer i 2022, nedtrekk kryssløysing Julsundet, innlagt innsparingstiltak med 1 prosent av etablerte driftsrammer og få heilårsverknader av budsjettendringar i 2022 medverkar til eit relativt lite avvik frå vedteken plan.

## Oversikt over nye driftstiltak, utanom tiltak knytt til sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar

Tabellen nedanfor viser driftstiltak som er teke med i økonomiplan. Det gjeld budsjettendringar frå første og andre tertial 2022, og nye innmeldte driftstiltak i budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. Klikk på tiltaks-namnet for å få opp beskriving av tiltaket.

Forklaring på endringskoder:
7: Budsjettendringer (tiltak innmeldt og vedteke frå første og andre tertial 2022)
41: Nye tiltak (innmeldt budsjettprosess 2023)
31: Innsparingstiltak (innmeldt budsjettprosess 2023)
25: Politiske vedtak (tiltak som har kome som forslag og blitt vedteken under politisk behandling)

## Tabell

*Beløp i kroner*

| **Tenesteområde** | **Tiltak** | **Øk.plan 2023** | **Øk.plan 2024** | **Øk.plan 2025** | **Øk.plan 2026** | **Endringskode (kode)** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnebo barnehage | Individuelt tilrettelagt tilbod | 530 211 | 0 | 0 | 0 | 7 |
| Barnebo barnehage | Individuelt tilrettelagt tilbod | 87 487 | 0 | 0 | 0 | 7 |
| Barnebo barnehage | Individuelt tilrettelagt tilbod | 87 097 | 0 | 0 | 0 | 7 |
| Barnebo barnehage | Innsparing 1% | -202 000 | -202 000 | -202 000 | -202 000 | 31 |
| Barnebo barnehage | Spesialpedagogisk hjelp og spesialpedagogisk assistent etter barnehagelova § 31- nye vedtak | 537 000 | 0 | 0 | 0 | 41 |
| Barnevern | Innsparing 1% | -95 000 | -95 000 | -95 000 | -95 000 | 31 |
| Bergetippen barnehage | Assistent i nyoppretta utegruppe 50% | 221 054 | 221 054 | 221 054 | 221 054 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Brukarbetaling for barn, utvida drift | -280 000 | -280 000 | -280 000 | -280 000 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Fagarbeider nyoppretta småbarnsavdeling 100% | 559 879 | 559 879 | 559 879 | 559 879 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Fagarbeider nyoppretta utegruppe 100% | 603 373 | 603 373 | 603 373 | 603 373 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Innsparing 1% | -152 000 | -152 000 | -152 000 | -152 000 | 31 |
| Bergetippen barnehage | Oppgradering, nytt gulvbelegg | 115 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Bergetippen barnehage | Pedagogisk leiar i nyoppretta utegruppe 100% | 559 879 | 559 879 | 559 879 | 559 879 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Spesialpedagogisk hjelp | 321 548 | 150 819 | 150 819 | 150 819 | 7 |
| Bergetippen barnehage | Ventilasjon på småbarnsavdelinger. | 70 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Auke i matvareprisar | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020 | 300 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Innsparing 1% | -370 000 | -370 000 | -370 000 | -370 000 | 31 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Vedlikehald | 100 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Økonomiske konsekvensar av at SFO vert halde opent i samband med | 72 500 | 72 500 | 72 500 | 72 500 | 7 |

| Tenesteområde | Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Endringskode (kode) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | sommarferie, påske- og juleferie | | | | | |
| Helse | Innsparing 1% | -183 000 | -183 000 | -183 000 | -183 000 | 31 |
| Helse | Norsk Helsenett | 284 000 | 284 000 | 284 000 | 284 000 | 7 |
| Helse | Utsett implementering Helseplattformen. | 154 000 | 0 | 0 | 0 | 41 |
| Innvandring og integrering | Auka driftskostnadar i samband med auka busetting | 1 800 000 | 1 700 000 | 1 700 000 | 1 700 000 | 7 |
| Innvandring og integrering | Auka lønsutgifter administrasjon flyktningtjeneste | 3 885 000 | 2 205 000 | 2 205 000 | 2 205 000 | 7 |
| Innvandring og integrering | Auka lønsutgifter vaksenopplæring | 3 160 000 | 1 580 000 | 1 580 000 | 1 580 000 | 7 |
| Innvandring og integrering | Endring til driftsramme | 17 296 000 | 17 296 000 | 17 296 000 | 17 296 000 | 7 |
| Innvandring og integrering | Innsparing 1% | -272 000 | -272 000 | -272 000 | -272 000 | 31 |
| Innvandring og integrering | Leie av 9-seter i samband med auka busetting | 160 000 | 160 000 | 160 000 | 0 | 7 |
| Institusjon og butenester | Innsparing 1% | -630 000 | -630 000 | -630 000 | -630 000 | 31 |
| Institusjon og butenester | Utsett implementering Helseplattformen. | 154 000 | 0 | 0 | 0 | 41 |
| Julsundet skole | Alternativ opplæring - Endre innkjøp av utstyr til friminutt | -23 000 | -23 000 | -23 000 | -23 000 | 31 |
| Julsundet skole | Alternativ opplæring - Husleige | 78 000 | 78 000 | 78 000 | 78 000 | 41 |
| Julsundet skole | Auke i matvareprisar | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 |
| Julsundet skole | Innsparing 1% | -210 000 | -210 000 | -210 000 | -210 000 | 31 |
| Julsundet skole | Nye elevar med ekstra behov for personale | -1 056 000 | -2 532 000 | -1 463 000 | 0 | 41 |
| Julsundet skole | Nye elevar med ekstra behov for personale | 2 532 000 | 2 532 000 | 1 463 000 | 0 | 7 |
| Julsundet skole | Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet | 250 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Julsundet skole | Økonomiske konsekvensar av at SFO vert halde ope i samband med sommarferien, påske- og juleferien | 72 500 | 72 500 | 72 500 | 72 500 | 7 |
| Kjerringsundet | Tilskot Møre og Romsdal Fylkeskommune | 1 000 000 | 0 | 0 | 0 | 41 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Auke i kontingent ROR IKT | 300 000 | 700 000 | 700 000 | 700 000 | 41 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Auke i utgifter til kontingentar og medlemsskap | 142 000 | 142 000 | 142 000 | 142 000 | 7 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Auke i årleg kontingent til ROR IKT: Auke i lisenskostnadar Microsoft 365 | 283 000 | 283 000 | 283 000 | 283 000 | 7 |

| Tenesteområde | Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Endringskode (kode) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Aukra næringsforum - vidare satsing, jf. k-sak 8/22 | 1 100 000 | 1 100 000 | 0 | 0 | 7 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Beredskapsferje | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 7 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Innsparing 1% | -256 000 | -256 000 | -256 000 | -256 000 | 31 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Intensjonsavtale DIGi Møre og Romsdal | 46 000 | 1 000 | 2 000 | 4 000 | 41 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Sosiale tiltak for tilsette | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 7 |
| Kultur | Innsparing 1% | -132 000 | -132 000 | -132 000 | -132 000 | 31 |
| Kultur | Lønn retrettstilling | 752 000 | 752 000 | 752 000 | 752 000 | 7 |
| Kultur | Miljøarbeider - Møteplass for ungdom med fast vaksenperson | 130 000 | 130 000 | 130 000 | 0 | 41 |
| Kultur | Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging | 954 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Kultur | Ungdomslos | 750 000 | 750 000 | 750 000 | 750 000 | 25 |
| Kultur | Årskort på basseng for 3. klassingar | 52 000 | 52 000 | 52 000 | 52 000 | 25 |
| NAV Aukra | Innsparing 1% | -41 000 | -41 000 | -41 000 | -41 000 | 31 |
| Næring, revisjon, kyrkja mm | Refusjon frå GassRORiks | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 7 |
| Organisasjonsavdelinga | Innsparing 1% | -40 000 | -40 000 | -40 000 | -40 000 | 31 |
| Pedagogisk rådgjevar | Innsparing 1% | -81 000 | -81 000 | -81 000 | -81 000 | 31 |
| Pedagogisk rådgjevar | Nye tiltak Tøndergård skole frå haust 2022 | 940 000 | 940 000 | 940 000 | 700 000 | 7 |
| Pedagogisk rådgjevar | Reduksjon kostnader for gjestebarn i Molde kommune grunna avvikling av Mordalstua barnehage i Molde | -840 000 | -840 000 | -840 000 | -840 000 | 7 |
| Pedagogisk rådgjevar | Transport elevar 1 - 4 klasse | -100 000 | -100 000 | -100 000 | -100 000 | 7 |
| Sentrale ansvar | Omstilling/Effektivisering i kommunen si drift | 0 | -23 503 000 | -33 635 000 | -44 503 000 | 31 |
| Tekniske tenester | Auke i driftstilskot til NORBR | 364 000 | 364 000 | 364 000 | 364 000 | 41 |
| Tekniske tenester | Auke i tilskot til NORBR for ekstra beredskap for Aukra | 335 000 | 335 000 | 335 000 | 335 000 | 41 |
| Tekniske tenester | Gangveg gjennom krysset på Fanghol | 500 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Tekniske tenester | Innsparing 1% | -335 000 | -335 000 | -335 000 | -335 000 | 31 |
| Tekniske tenester | Kryssløysing Julsundet - Kryssløysing vert ikkje gjennomført | -7 500 000 | -7 500 000 | 0 | 0 | 41 |
| Tekniske tenester | Reinhaldssoner GBU | 360 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |
| Tekniske tenester | Vedlikehald turstiar | 300 000 | 0 | 0 | 0 | 25 |

| Tenesteområde | Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Endringskode (kode) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tenester til heimebuande | Innsparing 1% | -371 000 | -371 000 | -371 000 | -371 000 | 31 |
| Tenester til heimebuande | Utsett implementering Helseplattformen. | 72 000 | 0 | 0 | 0 | 41 |
| Økonomiavdelinga | Eigedomsskattekontoret - juridisk bistand | 0 | 2 000 000 | 0 | 0 | 41 |
| Økonomiavdelinga | Innsparing 1% | -100 000 | -100 000 | -100 000 | -100 000 | 31 |
| **Totalsum** | | **29 801 528** | **-1 923 996** | **-7 654 996** | **-19 050 996** | |

**Innsparing 1%**

Innsparing 1%

**Spesialpedagogisk hjelp og spesialpedagogisk assistent etter barnehagelova § 31- nye vedtak**

Spesialpedagogisk hjelp og spesialpedagogisk assistent etter barnehagelova § 31. Nye vedtak.

**Assistent i nyoppretta utegruppe 50%**

For å dekke heile opningstida for utegruppe måtte ein bemanne med 2,5 stillingar. Ein barnehagelærar 100% tilling, og ein fagarbeidar i 100% stilling og assistent i 50% stilling.

**Brukarbetaling for barn, utvida drift**

Brukerbetalinga er noko variable. Ved at vi omgjorde om ei storbarnsavdeling til småbarn fekk vi 12 småbarn der det kunne vore 18 barn over 3 år. Dette kan gjere utslag på brukarbetalinga.

På Bergetippen tilpasser vi gruppene etter søkarane. Det betyr at brukar-betalinga vil vere variabel.

Her ser ein den auka brukarbetalinga i samband med utvida drift, utegruppe. Summen er forutsatt at ein betaler full pris. Redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid og søsken-moderasjon er ikkje trekt frå. På Bergetippen har vi no kapasitet til å ta imot søkarar som måtte kome til i løpet av året.

**Fagarbeider nyoppretta småbarnsavdeling 100%**

For å kunne tilby plass til alle søkarar med rett til plass ved opptaket i mars 2022 måtte ein gjere om ei avdeling med 18 plassar for barn over 3 år til 24 plassar for barn under 3 år.  Fagarbeidar vart tilsett frå nytt barnehageår for oppfylle bemanningsnorma.

**Fagarbeider nyoppretta utegruppe 100%**

Fagarbeider, barn og ungdomsarbeidar i nyoppretta utegruppe 100% stilling.

**Oppgradering, nytt gulvbelegg**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Det er stort ønske om nytt golvbelegg. Golvbelegget på avdeling Furukongla er slitt, har stygge bruksslitasje merker. Dette er ei avdeling for 1 og 2 åringar, - barn som kryp og leiker nede på golvet. Golvet vert godt vaska kvar dag, men det ser skittent ut pga. slitasje.

**Pedagogisk leiar i nyoppretta utegruppe 100%**

Pedagogisk leiar 100 stilling.

**Spesialpedagogisk hjelp**

Spesialpedagogisk tiltak for 2 barn totalt 795 årstimar i 5 mnd i 2022, heile året 2023.

Tiltaket vert redusert i 2024 og avslutta i løpet av 2026.

Sak 22/00575 og sak 22/00574

Sak22/ 00575 overgang til skolen 2023.

**Ventilasjon på småbarnsavdelinger.**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Eininga har motteke fleire avvik på luftkvaliteten på dei 2 småbarns avdelingane som er plassert i den eldste delen av barnehagebygget. Drift, eigedom er kjent med saka og har kostnadsrekna dette til Kr.70000,-

**Auke i matvareprisar**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Konsumprisindeksen (KPI) viser ei auke i matvareprisen,  legg derfor inn 25000

**Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Stort behov for lærebøker som er oppdatert og i trå med Kunnskapsløftet 2020.

**Vedlikehald**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Gossen barne- og ungdomsskole har vore i drift i 10 år i 2023. Det er stolar som skulle vore skifta ut og kunstverket på 1.-4.klasse.

**Norsk Helsenett**

Endringar i pasientjournalloven om plikt til å ta i bruk og betale for nasjonale e-helseløysingar trådte i kraft l. januar 2022.

*Lovendringene gjelder fire nasjonale e-helseplattformer; Kjernejournal, Helsenorge, e-resept og helsenettet. Gjennom nye forskrifter vil kommunene bli pålagt å betale for drift og forvaltning av de fire nasjonale e-helseplattformene, i full fart til å bli felles infrastruktur. Betalingsplikten gjelder uavhengig av kommunens bruk av de ulike tjenestene knyttet til plattformene. Kommunenes andel av kostnadsutviklingen fastsettes gjennom forskrifter som vedtas årlig, og det er allerede en underdekning i 2022.*

Endringa vart vedteken 19 desember 2021, og av den grunn ikkje tatt med i budsjettert for 2022. Vedtaket vert auka kostnad for eininga og berekna til kr 283 000 for 2022.

**Utsett implementering Helseplattformen.**

Helseplattforma vert sett i drift  høsten 2023. Kostnad til førebuing (opplæring og implementering) var planlagt frå 2022. Driftsramme for Helse tek 40% av implementeringskostnadane.

Helseplattforma er utsett med 6 månadar, difor vert unytta midlar i 2022 tilsvarande auka i 2023 for å kunne gjennomføre prosjektet som planlagt.

**Auka driftskostnadar i samband med auka busetting**

Auka busetting av flyktningar frå Ukraina har ført til ei auke i driftskostnadar som husleige, straum, inventar og utstyr, transport, tolk, læremidlar, refusjonar til NAV (stønad til livsopphald).

Eininga har hatt behov for mange bustader, og det er betalt vakanse på fleire bustadar for å sikre busetting. Eininga betalar også husleige fram til flyktningane får introduksjonsstønad og skal betale dette sjølv.

I busettingsfasa er det auka utgifter til straum. I tillegg har straumutgiftene generelt vore høgare i dei lokala eininga disponerer.

Auka busetting har også ført til auke i kjøp av inventar og utstyr for å gjere bustadane busettingsklare. Eininga har fokus på gjenbruk, og møblerer med brukte møblar når det er mogleg. Det har og vore kjøpt inn pultar og digitale tavler til dei nye klasseromma i kulturhuset.

For å gjere nybusette flyktningar mest mogleg sjølvstendige, får alle busskort den første månaden etter busetting. Elevar som går på grunnskoleopplæring i Molde får dekt reiseutgifter. Det er også auka transportutgifter i samband med køyring til politi i Kristiansund og Ålesund for søknad og verifisering av opphaldsløyve.

Fram til dei busette flyktningane startar i introduksjonsprogrammet, mottar dei livsopphald frå NAV. Pga av lang ventetid på bankkonto, mottar flyktningane livsopphald på kontantkort. Auka busetting har ført til svært stor auke i utbetalingar av livsopphald frå NAV. Dette er utgifter som NAV får refundert frå eininga kvar månad.

Det er behov for læremidlar i samband med stor auke av elevar både i vaksenopplæringa og innføringsklassane.

**Auka lønsutgifter administrasjon flyktningtjeneste**

I samband med auka busetting av flyktningar frå Ukraina, har det vore naudsynt å tilføre ressursar til administrasjonen. Det er tilsett ein programrådgjevar i fast, full stilling. To midlertidige stillingar som miljøarbeidarar er forlenga. Det er tilsett ein miljørettleiar i ei midlertidig stilling i eitt år frå 010722. I tillegg er ein miljøarbeidar, med koordinerande ansvar for busettingsavdelinga, på utlån frå Tenester for heimebuande, førebels til 080123.

**Auka lønsutgifter vaksenopplæring**

I samband med auka busetting er det behov for fleire lærarar både i vaksenopplæringa og innføringsklassane. Det er per i dag 3 klassar både på vaksenopplæringa og i innføringsklassane i grunnskolen. Det er sannsynleg at det vil bli to ekstra klassar i haustsemestret. Eininga har også ansvaret for innføringsklassane i grunnskolen, og dekker alle utgifter i samband med dette.

**Endring til driftsramme**

Integreringstilskottet er ei sentral inntekt som skal disponerast av kommunestyret. Derfor endres budsjetteringa på dette området til at dei no får en ramme lik berekna integreringstilskott for 2022.

**Leie av 9-seter i samband med auka busetting**

Behov for ein større bil i samband med auka busettingar.

**Utsett implementering Helseplattformen.**

Helseplattforma vert sett i drift  høsten 2023. Kostnad til førebuing (opplæring og implementering) var planlagt frå 2022. Driftsramme for Institusjon og butenester tek 40% av implementeringskostnadane.

Helseplattforma er utsett med 6 månadar, difor vert unytta midlar i 2022 tilsvarande auka i 2023 for å kunne gjennomføre prosjektet som planlagt.

Budsjettert kostnad er eit estimat. Den faktiske kostnaden ved innføring av Helseplattforma kan difor avvike frå budsjett.

**Alternativ opplæring - Endre innkjøp av utstyr til friminutt**

Vi ønsker å avslutte innkjøp gjennom programmet Trivselsleder då dette blir dyrare innkjøp enn om vi gjer det sjølv gjennom andre leverandørar. Vi ønsker å gjere dette for å samtidig kunne drifte alternativ opplæringsarena.

**Alternativ opplæring - Husleige**

Skolen har starta arbeidet med elevar som treng eit alterntativt opplegg. Vi ønskjer å omprioritere ressursbruken frå bruk av båt til å lage ein metallverkstad og smie der elevane kan få oppleve noko heilt anna enn vanleg skole. Vi har gjort ein avtale med ein nabo nær Julsundet skole om leige av ein verkstad. Utgiftene her er kr 78 000,- per år. Vi ønsker å finansiere dette med å selge skolebåten og kutte lisensar/avtalar som er lite brukt. Dette leggast i budsjettarbeidet slik at det kan behandlast politisk. Skolebåten er lite brukt i høve til kva det koster og kva elevane får igjen for ein slik verdi.

**Auke i matvareprisar**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Auke i matvareprisar

Sum: 25 000 kr (Gossen barne -og ungdomsskole)
Sum: 25 000 kr (Julsundet barne -og ungdomsskole)
Totalt 50 000 kr

Inndekning : Disposisjonsfondet

**Nye elevar med ekstra behov for personale**

I andre tertial 2022 blei det meldt inn eit tiltak på "Nye elevar med ekstra behov for personale", med heilråsverknad på kr 2 532 for 2023 og 2024, samt 1 463 for 2025. Det blir arbeidd med utvikling av modell for utmåling av driftsrammer på grunnskole. KOSTRA viser at det er høg ressursbruk på spesialundervisning og det er reduksjon i elevtal. På bakgrunn av dette er innmeldt behov berre teke inn for siste del av skuleåret 22/23.

**Nye elevar med ekstra behov for personale**

Skolen fekk i juni melding om mange elevar som flytta til skolekretsen med sakkunnig vurdering og rett på spesialundervisning. Ressursbehovet tilsvarer kr. 1 083 000,- kroner for hausten. Det er behov for ressursar tilsvarande kr. 461 000,- for lærar og kr. 623 000,- for barne- og ungdomsarbeidar. Tiltaka er orientert om i formannskapet og teksten blir difor kort i tertialrapporteringa. Skolen har arbeidd hardt for å få ned kostnader og ein ber difor om mindre enn formidla til formannskapet.

**Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Aukraskolen har eit etterslep på lærebøker og det er behov for å fornye lærebøker. Begge skolane tek utgangspunkt i ein sum på kr.1000,- per elev, noko som tilsvarer halvanna bok. For Julsundet skole med 248 elevar blir det ein sum på kr. 250 000,-.

**Økonomiske konsekvensar av at SFO vert halde ope i samband med sommarferien, påske- og juleferien**

Økonomiske konsekvensar av at SFO vert halde ope i samband med sommarferien, påske- og juleferien

Politisk vedtak om at SFO skal halde ope alle ferieveker unntatt planleggingsveka gir auka kostnadar. Kommunedirektøren tilrår ei auke på kr. 72 500,- per skole.

**Tilskot Møre og Romsdal Fylkeskommune**

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2022 teke over som byggherre for Kjerringsundet. Arbeid med vidare prosjektering og optimalisering av prosjektet vil halde fram i 2023. Meir detaljert finansieringsbehov vidare framover vert vurdert i eigen sak i samband med KS2. For å sikre framdrift og optimalisering av prosjektet er det inntil vidare sett av 1 mill kr til byggherre.

**Auke i kontingent ROR IKT**

Styret i ROR IKT vedtek årleg ei auke i kontingenten.

**Auke i utgifter til kontingentar og medlemsskap**

Auke i utgifter knytt til enkelte kontingent og medlemsskap skjer kvart år og har ikkje blitt kompensert på ramme. Dette gjeld spesielt kontingent til IKA Møre og Romsdal IKS, Romsdal IPR, Nettverk fjord- og kystkommuner, Norsk pasientskadeerstatning og KF delegeringsreglement.

**Auke i årleg kontingent til ROR IKT: Auke i lisenskostnadar Microsoft 365**

Enterprice-avtalen med Microsoft gjekk ut i 2019. På grunn av koronasituasjonen har ikkje avtalen vore gjenstand for forhandlingar før no. Under forhandlingane kom det fram at prisane til Microsoft har auka kraftig dei tre siste åra. Ny inngått avtale førte til ei auke på kr. 2,724 mill. kroner samla i lisenskostnadar for ROR IKT-kommunane. Aukra sin del blir på kr. 283 000,-.

**Aukra næringsforum - vidare satsing, jf. k-sak 8/22**

Årleg finansiering på 1.1 mill kr frå fond for tilrettelegging av næringssatsing i Aukra fram mot 2025 (25600046), jf. politisk sak 8/22.

**Beredskapsferje**

Vi viser til kommunestyrevedtak om beredskapsferje. Det fulgte ikkje midlar med i vedtaket.

**Intensjonsavtale DIGi Møre og Romsdal**

Aukra kommune har signert ein bindande avtale om å delta i Digi Møre og Romsdal. Kostnaden for deltaking er slik for 2023: Årleg medlemskontingent på kr. 35 000 kr + kr. 3 per innbyggjar.

**Sosiale tiltak for tilsette**

Tilleggsløyving til felles, sosial samling/fest for tilsette i samband med opning av nytt kulturhus på Aukra, og ein ekstra oppmerksomheit til tilsette.

**Lønn retrettstilling**

Det er venta eit avvik ved utgangen av året pga at løn retrettstilling ikkje er kompensert. Det vil vere ein differanse i budsjett mot faktiske kostnader for heile året på omlag kr. 752.000,-.

**Miljøarbeider - Møteplass for ungdom med fast vaksenperson**

Miljøarbeidarstilling har i prosjektperioden 1.9.2021 – 31.12.2022 vore finansiert gjennom fondet "Rekruttering, omstilling og utvikling".

Alle barn og unge skal kjenne at dei høyrer til i Aukra. Dette er også gjennomgåande i Aukra kommune sine planverk. Barne- og ungdomsplanen peikar tydeleg på kor viktig det er å arbeide for å hindre

utanforskap. Med bakgrunn i dette, innspel frå politisk hald, samt involverte tenester som arbeider med barn og unge i kommunen, har prosjektet *"Møteplass for ungdom med fast vaksenperson"* vore basert på heilskapleg tenking rundt arbeidet med ungdom i kommunen vår;

- Samfunnsplan for Aukra 2030
- Interpellasjon i kommunestyret desember 2019
- Kartlegging av ungdom og fritidstilbod i Aukra, gjennomført våren 2020
- Ungdata undersøking 2014 og 2017 og 2021
- Handlingsplan, Møteplass for ungdom med fast vaksenperson. Utarbeidd av SLT-arbeidsgruppe nedsett av SLT-koordineringsgruppa 2020
- Aukra som MOT-kommune (medverkande i pilotprosjektet Kommunen som samfunnsbyggar)
- Kulturplan 2021-2023
- Barne- og ungdomsplan 2021-2030

Målet med prosjektet var å tilby ungdom trygge og føreseielege møteplassar kor det er tilrettelagt for ulike aktivitetar som skal vere på ungdommens premissar. Det skal arbeidast for eit større samhald mellom ungdommane på fastlandet og øydelen og «minske» avstanden over fjorden.

Dei ulike aktivitetane har vore eit samarbeid på tvers av frivillige lag, organisasjonar og kommunesektoren. Dette for å oppnå målsettinga om å medverke til å rekruttere ungdom til ulike fritidsaktivitetar og at fleire blir aktive inn i Aukra-fellesskapet. Eit slik samarbeid mellom frivillige og kommunale tenester vil legge til rette for heilskapleg tenking og fokus på «24 timars ungdommen». Samarbeidet vil også i større grad bidra til å førebygga utanforskap og nå målet om at alle skal kjenne at dei høyrer til i Aukra.

I prosjektperioden har ein tilsett både hatt los og miljøarbeidar i si stilling. Erfaringane frå dei to prosjekta viser at det har gitt ein stor gevinst at kommunen har hatt same person både som ungdomslos og miljøarbeidar. Den kunnskapen losen får i kontakten med lærarar, samarbeidet med heimen, involverte tenester og kjennskapen til ungdomsmiljøa og fritidsarenaen har vore ein suksessfaktor. Denne kombinasjonen føreslår vi også i fortsetjinga. Med to heile stillingar kan vi kombinere 50% til losarbeidet og 50% for å oppretthalde faste vaksenpersonar på fritidsarenaer både på Julsundet og på Gossen.

Vi viser til utfyllande rapport om prosjektet Møteplass for ungdom med fast vaksenperson som følgjer i eige vedlegg.

Bufdir. utlyser tilskotsmidlar gjennom ordninga Inkludering av barn og unge. Det var gjennom denne ordninga vi søkte om tilskot til Ungdomslosprosjektet. Søknadsfristen er 18. november 2022 og det vil bli sendt ein søknad om tilskot til miljøarbeidarstillinga. Dersom kommunen skulle få søknaden innvilga vil det kreve ei eigenfinansiering på 20%. Samla lønskostnad pr. år er berekna til å vere 648.000,-.

**Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

NMK Aukra, avd. Motorcross er i dag en liten klubb, men med stor vekst de siste 2-3 årene. For å få vekst i medlemsmassen blant de minste og få auka aktivitet, samt sørge for bedre støytiltak ønskjer NMK Aukra for byggje en «Knattecrossbane», installere tidtakingssystem, samt bruke overskotsmasse til å etablere støyvoller rundt banen. Klubben har hente inn anbod på tiltaket.

Dette er opplyst å være ei stor investeringar for en liten klubb, og det er derfor gjort henvending om tilskot frå Aukra kommune for realisering av tiltaket. Aukra kommune har tidligeare ytt tilskot til klubben for kjøp av klubbhus mm.

NMK er kjent med at det er utfordringar knytt til støy ved banen. Det har vore naboklager, samt gjennomført tiltak ved bygging av støyvegg. Det blir peika på at ny bane og støytiltak er eit «vinn-vinn tiltak» som må sjåast i samanheng. Aukra idrettsråd melder at dei støtter tiltaket.

Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
Prosjektet er spillemidlerberettiget til 300 000 kr.

**Ungdomslos**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Aukra kommune har over tre år mottatt tilskot frå Bufdir for 50% finansiering av Ungdomslos, til saman 1.074.171,- (2019-2021). Resten av stilling er finansiert med kommunale midlar.

I prosjektet arbeidde losen med elevar i ungdomsskolen. Dei aller fleste har vore krevjande saker og det er føreslått for vidare satsing at losen blir kopla på så tidleg som mogleg. Dette kan vere heilt ned i barneskolen om nødvendig. Dette er også i tråd med barnevernsreformen.

No har losen også hatt tett oppfølging av elevar i overgangen til vidaregåande skole. Med samtykke frå elev og føresatte kan losen medverke til overføring av nødvendig informasjon og på den måten gjere starten på ein ny skole tryggare for ungdommen.
Bakgrunnen for ungdomsLOS-prosjektet er nettopp den store nasjonale utfordringa knytt til fråfall frå vidaregåande opplæring. Gjennom LOS-prosjektet skal ungdommen få éin person å forhalda seg til som sørger for tett oppfølging, og som bidreg til at ungdommen klarer å nyttiggjere seg tilbod som blir gitt i skolen eller andre tenester.

Gjennom ein losfunksjon kan nettopp det heilskaplege arbeidet på tvers av alle tenesteområda bli styrka, slik at bekymringsfullt fråvær vert oppdaga tidleg og tiltak blir iverksett for å auke nærværet. Å vere støttespelar og ein trygg relasjon er avgjerande for å finne dei gode løysingane i lag med ungdommen. Losen er rettleiar, bindeledd og pådrivar mellom tenestene, elevane og heimen. Ei sentral oppgåve blir å etablere eit system som sikrar langsiktig tverrfagleg innsats for den enkelte elev.

Det er frå politisk nivå i Aukra kommune vedtatt at tenestene skal dreie frå reparasjon til førebyggande arbeid, i samhandling med brukarane. Dette gjeld alle tenesteområde. Målet med ei slik dreiing er å medverke til at ungdom i større grad gjennomfører vidaregåande skole og hindrar utanforskap. Effekten av langsiktig arbeid er at alle som er i kontakt med ungdommane vil tenke heilskap og samanheng og derigjennom samarbeide tverrfagleg til det beste for barn og unge.

Vi har i perioden 01.09.21-31.12.22 også gjennomfør prosjektet *Møteplass for ungdom med fast vaksenperson*, der ein tilsett både har hatt los og miljøarbeidar i si stilling. Erfaringane frå dei to

prosjekta viser at det har gitt ein stor gevinst at kommunen har hatt same person både som ungsomslos og miljøarbeidar. Den kunnskapen losen får i kontakten med lærarar, samarbeidet med heimen, involverte tenester og kjennskapen til ungdomsmiljøa og fritidsarenaen har vore ein suksessfaktor. Denne kombinasjonen føreslår vi også i fortsetjinga. Med to heile stillingar kan vi kombinere 50% til losarbeidet og 50% for å oppretthalde faste vaksenpersonar på fritidsarenaer både på Julsundet og på Gossen.

Vi viser til utfyllande rapport om Ungdomslos-prosjektet som følgjer i eige vedlegg.

**Årskort på basseng for 3. klassingar**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

I Aukra har vi no eit flott basseng, som vi ønsker at flest mogleg av innbyggarane bruker. Pr i dag så får alle våre 2. klassingar gratis inngang på Moldebadet. Vi ønsker at tilsvarande tilbod gis til Aukra Kommune sine 3. klassingar. Vi trur at ved å dele ut dette vil det også bli kjøpt fleire årskort av foreldre.
Estimert kostnad på dette (basert på 40 elever)
40* 1300 = 52 000kr
Total kr 52 000kr

**Refusjon frå GassRORiks**

Refusjonen i avtale mellom Aukra kommune og GassROR iks , datert 30.04.2007 om dekning av kommunen sitt utlegg til vassforsyning til Ormen Lange anlegget. I avtalen sin ordlyd gjekk det fram at denne gjaldt til og med 2022, noko som no er avdekt feil, då utlegget var oppgjort ved siste innbetaling i 2021.

**Nye tiltak Tøndergård skole frå haust 2022**

Auka bruk av tenester ved Tøndergård skole frå hausten 2022.

**Reduksjon kostnader for gjestebarn i Molde kommune grunna avvikling av Mordalstua barnehage i Molde**

Mordalstua barnehage er lagt ned. Barna vil framover gå i Aukra kommune, Bergetippen barnehage. Dette medfører reduserte utgifter til gjestebarn i Molde kommune.

**Transport elevar 1 - 4 klasse**

Ramma vart auka i 2022 med kr 100 000 med omsyn til transport for elevar i 1. til 4. klasse, elevar som ikkje har gangveg. Det vert truleg ikkje slike utgifter inneverande kalenderår. Eg vel difor å justere ned ramma.

**Omstilling/Effektivisering i kommunen si drift**

Aukra kommune har signert avtale om tilskot til sikring av realisering av fastlandsløysinga, Kjerringsundet.

Dette vil krevje omstilling og eller effektivisering i kommunen si drift.

Storleik er fastsett ut frå gitt føresetnad om overhalding av budsjettrammer gjennom driftsåra 2023 - 2026, og elles inga endring i premissar som er lagt inn i økonomiplana.

**Auke i driftstilskot til NORBR**

Driftstilskudd eierkommunene i 2023

| Driftstilskudd eierkommunene | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Folketall 1.1.2019 | Andel etter folketall | Andel etter 10/90 | Tilskudd 2022 | Tilskudd 2023 | Økning |
| **Aukra** | 3 539 | 6,39 % | 7,42 % | kr 5 488 888 | kr 5 852 885 | kr 363 997 |
| **Gjemnes** | 2 641 | 4,77 % | 5,96 % | kr 4 409 045 | kr 4 701 432 | kr 292 387 |
| **Molde** | 31 976 | 57,74 % | 53,63 % | kr 39 684 302 | kr 42 315 978 | kr 2 631 676 |
| **Rauma** | 7 074 | 12,77 % | 13,16 % | kr 9 739 716 | kr 10 385 608 | kr 645 892 |
| **Sunndal** | 7 106 | 12,83 % | 13,21 % | kr 9 778 195 | kr 10 426 639 | kr 648 444 |
| **Tingvoll** | 3 045 | 5,50 % | 6,62 % | kr 4 894 854 | kr 5 219 458 | kr 324 604 |
| | **55 381** | **100,00 %** | **100,00 %** | **kr 73 995 000** | **kr 78 902 000** | **kr 4 907 000** |

Dato: 31.08.2022 www.norbr.no

**Auke i tilskot til NORBR for ekstra beredskap for Aukra**

Auke i tilskot fra 2.031.500 til 2.366.325

**Gangveg gjennom krysset på Fanghol**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Gangveg gjennom krysset på Fanghol.

Aukra Høyre ønskjer at kryssløysing på Fanghol, ved Julsundet Skule og Bergetippen barnehage skal utbetrast. For å verne om dei mjuke trafikkantane gjennom krysset på Fanghol i Julsundet foreslår Aukra Høyre følgande tilleggsforslag til budsjettet som midlertidig løysing:
Det er behov for å trygge skuleborn som syklar og går til skulen, då dei i dag må sykle/gå gjennom det same krysset som busser og bilar som skal til kommunal skule og barnehage køyrer gjennom.
2023: + 0,5 million kroner. Brukast til å bygge ca. 50 meter med gangveg ved sidan av eksisterande kryss.

Inndekning takast frå disposisjonsfond.

**Kryssløysing Julsundet - Kryssløysing vert ikkje gjennomført**

Dette tiltaket har ligge inne med planleggingsmidlar i tidlegare budsjett og det har i omtale av tiltaket vore ein føresetnad om deling av kostnader mellom private utbyggingsaktørar, vegeigar og kommunen. Tiltaket har vore fremja for vegeigar gjentatte gonger, men midlar til løysing ligg ikkje inne i vegeigar sine planar. I samband med Budsjett 2022 blei det foreslått at halvparten av midlene budsjettert i 2024 blei flytta til 2023 dvs 7,5 mill kroner. Kommunestyret vedtok forslaget om å flytte midler frå 2024 til 2023. Kommunal finansiering/deltaking på utbygging av ein fylkesveg må takast over drifta.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert behov for trafikktrygging i vegkrysset i 2021. I 2021 vert trafikktryggingstiltak i Hollingen-krysset bygd gjennom ein ei avtale med vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune.

Så lenge vegeigar, Møre og Romsdal fylkeskommune, ikkje prioriterar deltaking i utbetring av kryssløsning av Fanghol-krysset samt at det ikkje er deltaking frå utbyggarar av nye bustader i området om kostnadsdeling, så er det ikkje realisme i avsetting av budsjettmidlar dei næraste åra.

Det er i tillegg uvisse om effekten på trafikkmengde/mønster som følge av bortfall av fergetrafikk etter utbygging av Kjerringsundet.

Tiltak frå tidligare økonomiplan blir difor teke ut.

**Reinhaldssoner GBU**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Reinhaldssonene ved fleire inngangar ved GBU er utslitt. Dette fører til at sand og skit følgjer med sko inn i avdelingane, noko som igjen fører til slitasje på golv og ein tyngre jobb for reinhaldarane.

**Vedlikehald turstiar**

Tiltak vedteke i Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026:

Vedlikehald turstiar.

Tilrettelegging for friluftsliv er eit godt folkehelsetiltak. Fysisk aktivitet i vakre omgjevnader minskar stress og kan førebyggje alvorleg sjukdom.

I Aukra kommune har vi et nettverk av turstiar i vakre kulturlandskap. I mange år er mykje av vedlikehaldet på turstiar både privat og kommunalt blitt utført ut med låge budsjett, og har no etter ein ekstrem regnfull sommar eit prekært behov for vedlikehald.

Forslag:

Budsjettposten til vedlikehald av private og kommunale turstiar aukast med kr 300.000,-
Budsjettdekning frå disposisjonsfondet.

**Utsett implementering Helseplattformen.**

Helseplattforma vert sett i drift høusten 2023. Kostnad til førebuing (opplæring og implementering) er planlagt frå 2022. Driftsramme for Tenester til heimebuande tek 20% av implementeringskostnadane.

Helseplattforma er utsett med 6 månadar, difor vert unytta midlar i 2022 tilsvarande auka i 2023 for å kunne gjennomføre prosjektet som planlagt.

**Eigedomsskattekontoret - juridisk bistand**

Vidare arbeid med klage i rettsleg instans krev juridisk bistand i 2023 og 2024.

## Oversikt tilrådde tiltak knytt til sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar

Tabellen nedanfor viser driftstiltak knytt til sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar som er teke med i økonomiplana. Det inneheld budsjettendringer frå første og andre tertial 2022, samt justering etter ny berekna løns-buffer for budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. Klikk på tiltaksnamnet for å få opp beskriving av tiltaket.

*Beløp i kroner*

| Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Endringskode (kode) |
|---|---|---|---|---|---|
| Auke i godtgjersle andre folkevalde | 16 000 | 16 000 | 16 000 | 16 000 | 7 |
| Auke i godtgjersle for ordførar/varaordførar | 6 700 | 6 700 | 6 700 | 6 700 | 7 |
| Auke i godtgjersle ordførar/varaordførar | 71 000 | 71 000 | 71 000 | 71 000 | 7 |

| Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Endringskode (kode) |
|---|---|---|---|---|---|
| Auke lønsbuffer etter forventa høgare lønsoppgjer | 1 300 000 | 1 300 000 | 1 300 000 | 1 300 000 | 7 |
| Auke tillegg lør/søn og kveld/natt | 715 326 | 715 326 | 715 326 | 715 326 | 7 |
| Justering lønsbuffer | -7 158 000 | -3 108 000 | -1 313 000 | 7 553 000 | 41 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 154 150 | 154 150 | 154 150 | 154 150 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 117 247 | 117 247 | 117 247 | 117 247 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 82 126 | 82 126 | 82 126 | 82 126 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 35 260 | 35 637 | 35 637 | 35 637 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 98 922 | 98 922 | 98 922 | 98 922 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 102 746 | 102 746 | 102 746 | 102 746 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 59 315 | 59 315 | 59 315 | 59 315 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 68 134 | 68 134 | 68 134 | 68 134 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 118 533 | 118 131 | 118 131 | 118 131 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 100 408 | 100 408 | 100 408 | 100 408 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 182 076 | 182 076 | 182 076 | 182 076 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 126 073 | 126 073 | 126 073 | 126 073 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 212 038 | 212 038 | 212 038 | 212 038 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 17 520 | 17 520 | 17 520 | 17 520 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | 250 109 | 250 109 | 250 109 | 250 109 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2021 | -1 724 340 | -1 724 341 | -1 724 340 | -1 724 340 | 7 |
| Lokalt lønsoppgjer 2022 kap 3 og 5 | 906 058 | 906 058 | 906 058 | 906 058 | 7 |
| Sentralt lønsoppgjer 2022 kap 4 | 3 235 027 | 3 235 027 | 3 235 027 | 3 235 027 | 7 |
| Sentralt lønsoppgjer 2022 kap 4 | 2 299 565 | 2 299 565 | 2 299 565 | 2 299 565 | 7 |
| Særskilte forhandlingar 21/22 | 261 998 | 261 998 | 261 998 | 261 998 | 7 |
| **Totalsum** | **1 653 990** | **5 703 964** | **7 498 965** | **16 364 965** | |

## Auke i godtgjersle andre folkevalde

Auke i godtgjersle til andre folkevalde som ein konsekvens av auke i ordførargodtgjersla, jf. forskrift om godtgjersle til kommunale ombod.

## Auke i godtgjersle for ordførar/varaordførar

Auke i godtgjersle for varaordførar i tråd med forskrift om godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune.

**Auke i godtgjersle ordførar/varaordførar**

Auke i godtgjersle for ordførar i tråd med forskrift om godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune.

**Auke lønsbuffer etter forventa høgare lønsoppgjer**

I Nasjonalbudsjettet for 2022 (NB22) vart den kommunale deflatoren for 2022 utrekna til 2,5 prosent. Lønnsveksten var då sett til 3,2 prosent, som og vart lagt til grunn ved utrekning av løns-buffer for 2022. Frontfagsoppgjeret er no i havn med en ramme på 3,7 prosent. Det er derfor pr. no naturleg å legge til grunn ein føresetnad om at lønnsveksten i kommunesektoren blir lik frontfagsramma, altså 3,7 prosent. Ny berekning av løns-buffer med 3,7 prosent viser eit behov for auka avsetting på kr. 1,3 mill.

**Auke tillegg lør/søn og kveld/natt**

Auke tillegg lør/søn og kveld/natt

**Justering lønsbuffer**

Årslønsvekst for 2023 tek utgangspunkt i venta lønsvekst i deflator nytta i inntektssystemet, og blir berekna slik:

| | |
|---|---|
| Årslønsvekst | 4,2 |
| Overheng frå 2022 til 2023 | 1,0 |
| Anslag glidning i 2023 | 0,2 |
| Sentrale tillegg per 1.1.2023 | 0,1 |
| Økte satser for kveld/natt og lør/søn | 0,4 |
| **Rest lønsvekst frå 2022 til 2023 som legges i buffer** | **2,6** |

Overheng, gliding, sentrale tillegg pr. 1.1.23 og auka satsar for kveld/natt og lør/søn er allereie teke omsyn til i einingane/avdelingane sine driftsrammer.

For åra 2024 til 2026 er lønsbuffer berekna med 3,9 prosent då inklusiv overheng og gliding frå året før. Lønnsbuffer viser akkumulert verknad frå 2024 til 2026.

Tiltaket viser korrigering av lønsbuffer i økonomiplan 2022, registrert bruk og auke i 2022 slik:

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| I inneværande år si økonomiplan | 14 533 000 | 21 181 000 | 27 995 000 | 27 995 000 |
| Auka buffer i 2022, 1. tertial | 1 300 000 | 1 300 000 | 1 300 000 | 1 300 000 |
| Redusert ramme med endring lagt inn i 1. tertial gjennom tiltak | -1 724 000 | -1 724 000 | -1 724 000 | -1 724 000 |
| Sum buffer før ny berekning | 14 109 000 | 20 757 000 | 27 571 000 | 27 571 000 |
| Ny berekna lønsbuffer | 6 951 311 | 17 649 379 | 26 257 723 | 35 124 317 |
| **Endring lagt inn i tiltak** | **-7 157 689** | **-3 107 621** | **-1 313 277** | **7 553 317** |

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2021**

Lokalt lønsoppgjer 2021

**Lokalt lønsoppgjer 2022 kap 3 og 5**

Lokalt lønsoppgjer 2022 kap 3 og 5

**Sentralt lønsoppgjer 2022 kap 4**

Sentralt lønsoppgjer 2022 kap 4

**Sentralt lønsoppgjer 2022 kap 4**

Sntralt lønsoppgjer 2022 kap 4

**Særskilte forhandlingar 21/22**

Særskilte forhandlingar 21/22

## Oversikt innmeldte ønska tiltak frå einingane/avdelinga som ikkje er prioritert

Tabellen nedanfor viser driftstiltak som einingane/avdelingane meldte inn som ønske i budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026, men som ikkje er prioritert teke med i økonomiplana.

### Tabell

*Beløp i kroner*

| Tenesteområde | Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Bergetippen barnehage | Oppgradering, nytt gulvbelegg | 115 000 | 115 000 | 115 000 | 115 000 |
| Bergetippen barnehage | Ventilasjon på småbarnsavdelinger. | 70 000 | 70 000 | 70 000 | 70 000 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Assisterande rektor | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Auke i matvareprisar | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 000 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Avtale med alternativ opplæringsarena/meistringsarena | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020 | 300 000 | 0 | 0 | 0 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Kompetanseheving - samarbeid med skrivesenteret/NTNU | 110 000 | 0 | 0 | 0 |
| Gossen barne og ungdomsskole | Vedlikehald | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Helse | Styrking av skolehelsetjenesta | 370 000 | 744 000 | 744 000 | 744 000 |
| Helse | Utstyr og innredning smitterom - Legesenter | 150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Helse | Øuka kostnader lisenser Dips | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |
| Innvandring og integrering | Avdelingsleiar undervisning | 870 000 | 870 000 | 870 000 | 870 000 |
| Institusjon og butenester | Auke i årlig vedlikehaldskostnadar Dips | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |
| Institusjon og butenester | Auke jamfør berekningar i Visma ressursstyring | 5 800 000 | 5 800 000 | 5 800 000 | 5 800 000 |
| Institusjon og butenester | Kjøp av tenester | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Julsundet skole | Assisterande rektor | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Julsundet skole | Kompetanseløft - samarbeid med NTNU skrivesenteret | 110 000 | 0 | 0 | 0 |

| Tenesteområde | Tiltak | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Julsundet skole | Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet | 250 000 | 100 000 | 0 | 0 |
| Julsundet skole | Rehabilitering dekk i apejungel | 84 000 | 0 | 0 | 0 |
| Julsundet skole | Skifte av golvbelegg på ungdomstrinnet | 955 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Auke i kontingentar | 61 000 | 105 000 | 137 000 | 170 000 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Fiks folkeregister | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Lease bil ROR IKT | 40 000 | 40 000 | 40 000 | 40 000 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Oppdatering av kommunen si profilhandbok | 25 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Oppgradering kommunehus innvendig | 150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Personvernombod | 82 000 | 5 000 | 8 000 | 10 000 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Profileringsutstyr (giveaways) | 75 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | Revisjon av kommunen si heilskaplege ROS-analyse | 120 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | RulleringsPC for tilsette | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Kultur | Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging | 1 184 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kultur | Ungdomslos | 752 000 | 752 000 | 752 000 | 752 000 |
| Tekniske tenester | Godtgjersle ettersøk av vilt | 248 000 | 248 000 | 248 000 | 248 000 |
| Tekniske tenester | Prisjustering vedlikehald kommunale vegar | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 0 |
| Tekniske tenester | Reinhaldssoner GBU | 360 000 | 0 | 0 | 0 |
| Tekniske tenester | Vedlikehald kommunale vegar | 50 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Tekniske tenester | Vedlikehold beslag kommunehuset | 650 000 | 650 000 | 650 000 | 650 000 |
| Tenester til heimebuande | Auke i årlege vedlikehaldskostnadar Dips | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |
| Tenester til heimebuande | Ny stilling Velferdsteknologi | 799 000 | 799 000 | 799 000 | 799 000 |
| **Totalsum** | | **14 735 000** | **11 253 000** | **11 188 000** | **11 123 000** |

## Oppgradering, nytt gulvbelegg

Det er stort ønske om nytt golvbelegg. Golvbelegget på avdeling Furukongla er slitt, har stygge bruksslitasje merker. Dette er ei avdeling for 1 og 2 åringar, - barn som kryp og leiker nede på golvet. Golvet vert godt vaska kvar dag, men det ser skittent ut pga. slitasje.

**Ventilasjon på småbarnsavdelinger.**

Eininga har motteke fleire avvik på luftkvaliteten på dei 2 småbarns avdelingane som er plassert i den eldste delen av barnehagebygget. Drift, eigedom er kjent med saka og har kostnadsrekna dette til Kr.70000,-

**Assisterande rektor**

God skoleleiing bidreg til elevane si utvikling og til auka læring.Rektorstillinga på begge skolane har blitt svært omfattane ! Fleire oppgåver som tidlegare låg på skoleeigar er flytta til skolane og ressurs til leiing har vore uendra i mange år. Eg vil derfor be om å få assisterande rektor. At ein av avdelingsleiarane får utvida mandat. I tillegg til å dele på oppgåvene til rektor må den ha tilgangar slik at viktige oppgåver kan ivaretakast av fleire enn ein person.

**Auke i matvareprisar**

Konsumprisindeksen (KPI) viser ei auke i matvareprisen, legg derfor inn 25000

**Avtale med alternativ opplæringsarena/meistringsarena**

Målet om å greie å tilpasse opplæringa til alle elevane er svært utfordrande.

Elevmassen som har spesialundervisning opplever vi er meir og meir krevjande og har større og meir samansette utfordringar som gjer at tilpassingane må bli så store og ulike at det utfordrar tilgangen til dei tilsette. Elevar vi tenkjer skal vere i klassen/gruppa, fungerer berre delvis der.

Alternativ opplæringsarena/meistringsarena: Gjennom presentasjon på våre SLT-møter har vi blitt kjent med tilbodet som finns på Hollingsholmen Gård-Inn På Tunet og prøvd ut tilbodet for nokre av våre elevar. Vi opplever at dei elevane som har vore der har fått eit løft. Garden har fokus på opplevingar gjennom erfaring og meistring og ligg så nær at vi kan bruke tilbodet. Vi har godt samarbeid med dei som driv garden og vi samarbeider om opplæringa og kompetansemåla elevane skal jobbe imot..

Vi har prøvd å redusere bruk av gråden, men ser at det skapar store utfordringar i skoledagen både for elevane og dei tilsette. Tiltaket er ikkje permanent ordning, men 1-2 dagar i veka i ei periode for nokre elevar

**Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020**

Stort behov for lærebøker som er oppdatert og i trå med Kunnskapsløftet 2020.

**Kompetanseheving - samarbeid med skrivesenteret/NTNU**

Skolen hadde i september besøk av to representantar frå NTNU Skrivesenteret. Skolen fekk besøk i samband med eit samarbeid skolen og skrivesenteret har starta for å utvikle ei ny lese- og skriveplan for Aukraskolen. Målet er at elevane skal auke sin skrive- og lesekompetanse og at vi scorar betre på nasjonale prøver i 5.klasse.

**Vedlikehald**

Gossen barne- og ungdomsskole har vore i drift i 10 år i 2023. Det er stolar som skulle vore skifta ut og kunstverket på 1.-4.klasse.

**Styrking av skolehelsetjenesta**

Eininga har mottatt tilskot over tre år for styrking av helsetenesta med utvikling av helsestasjon- og skulehelseteneste. Ordninga er delfinansiert i form av tilskot over kap. 762, post 60 i statsbudsjettet, med en nedtrapping for kvart år. Det er usikkerheit om skulehelseteneste får midlar i 2024, difor må eininga ta høgde for at dette må finansierast over eiga ramme.

**Utstyr og innredning smitterom - Legesenter**

Legesenteret har behov for ein mindre avskaffing av møblar og utstyr, til det som blir eit permanent smitte rom.

**Øuka kostnader lisenser Dips**

Det er en samla auke på kr. 30 000 i årlig lisens kostnadar Dips. Auka fordelast likt på Helse, Institutusjonstenester og Heimetenester.

**Avdelingsleiar undervisning**

Det er behov for ein avdelingsleiar undervisning i samband med auka busettingar. Per dd er det tre klassar på vaksenopplæringa og tre innføringsklassar i grunnskolen. Det er sannsynleg at dei vil bli ein klasse til i løpet av hausten, både på vaksenopplæringa og i grunnskolen. Sidan eininga også har ansvar

for innføringsklassane i grunnskolen, er det behov for ein avdelingsleiar som kan avlaste einingsleiar på området undervisning.

**Auke i årlig vedlikehaldskostnadar Dips**

Det er en samla auke på kr. 30 000 i årlig lisens kostnadar Dips. Auka fordelast likt på Helse, Institutusjonstenester og Heimetenester.

**Auke jamfør berekningar i Visma ressursstyring**

Se intern beskriving:

**Kjøp av tenester**

Innvilga nye vedtak om avlasting for born og unge nye brukarar.

Dette er lovpålagte tenester som kommunen er pålagt å utføre. På grunn av manglande rekruttering av personell må kommunen kjøpe tenester frå andre kommunar eller private aktørar/avlastarar.

Ein har tatt utgangspunkt i kor mange timar avlastnings om har vore innvilge pr person.

**Assisterande rektor**

Dersom rektor fell ut og blir sjukmeldt tek det lang tid å få sett inn ein avdelingsleiar som assisterande rektor. Dette bør organiserast før det skjer. Andre einingar har dette på plass og er ikkje veldig ressurskrevjande. Kostnad for dette tiltaket vil vere omlag kr. 50 000,- per år.

**Kompetanseløft - samarbeid med NTNU skrivesenteret**

Matvareprisane har auka etter KPI med 10,3% frå august 21 til august 22. Budsjett for mat som kokken disponerer er på Julsundet skole kr. 190 000,-. 10,3% av dette blir kr. 29870,- som er avrunda til kr. 30 000,-

**Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet**

Aukraskolen har eit etterslep på lærebøker og det er behov for å fornye lærebøker. Begge skolane tek utgangspunkt i ein sum på  kr.1000,- per elev, noko som tilsvarer halvanna bok. For Julsundet skole med 248 elevar blir det ein sum på kr. 248 000,-.

**Rehabilitering dekk i apejungel**

Dekk i apejungelen må skiftast, då dei er delvis utan funksjon og blir gravd opp av barn- og ungdom. Dei er med andre ord lause. Det er behov for å skifte ut dekk slik at apejungelen fungerer etter intensjonen. Entreprenør har gitt eit anbod på kr. 84 000,- på maskin og to mann i ei veke.

**Skifte av golvbelegg på ungdomstrinnet**

Det er behov for nytt golvbelegg i ungdomsskolebygget samt nokre få andre klasserom/kontor der belegget er frå 80-talet og reinhald er nærast umogleg på ein god måte. Dette tiltaket er i samarbeid med eiendom. Arealet er 955 kvadratmeter og pris er berekna til kr. 1000,- per kvadratmeter.

**Auke i kontingentar**

Krisesenteret: Kontingenten/medlemsskapet til Krisesenteret aukar årleg. I 2022 vart ikkje auka kompensert på ramme. Av den grunn er auke for 2022 tatt med i summen for 2023.

IKA Møre og Romsdal IKS: Årleg auke i kontingent og depotleige for arkiv v/IKA Møre og Romsdal IKS.

ROR IKT: Differanse vedtatt kontingen.

**Fiks folkeregister**

I samband med koronasituasjonen og avgjersla om å ta i bruk KS si smittesporingsløysing, Fiks smittesporing, måtte kommunen også inngå avtale om å ta i bruk løysinga Fiks folkeregister. Dette førte til ei ekstra kostnad på kr. 50 000,- som ikkje vart kompensert på ramma.

Kommunen må i tillegg avvikle ordninga med Skatteetaten si folkeregisterløysing (DSF) og gå over til Fiks folkeregister for andre fagsystem også. Dette gjeld for alle fagsystem som i dag er integrert mot DSF og framtidige integrasjonar. Dette arbeidet er allereie godt i gang. Skatteetaten si folkeregisterløysing hadde berre ei mindre utgift per oppslag. Fiks folkeregister har ei årleg lisenskostnad.

**Lease bil ROR IKT**

Aukra kommune leiger ei 85% stilling frå ROR IKT for å mellom anna serve kommunen når det gjeld elevPC-ar og tilsettPC-ar. I tillegg er den tilsette på fleire av kommunen sine lokasjonar for å hjelpe med ulike utfordringar rundt IT. I dag brukar den tilsette privat bil til å frakte PC-ar og anna IKT-relatert utstyr

mellom bygga og mellom Julsundet og Gossen. Kommunen kan ikkje krevje at tilsette disponerar eigen bil til slike føremål. Av den grunn ser kommunen behovet for å lease bil for denne tenesta.

**Oppdatering av kommunen si profilhandbok**

I 2014 vart Aukra sin første profilhandbok etablert, og profilhandboka vart vedteke i kommunestyret. Sidan det er nokre år sidan profilhandboka vart etablert, er det no ønskje om å oppdatere delar av innhaldet slik at innhaldet vert meir tidsriktig. Det er ønskje om å oppdatere fargeprofilen for sekundærfargene, samt etablere ulike profilar som t.d. skiltprofil. Dette manglar i profilhandboka i dag.

**Oppgradering kommunehus innvendig**

Det er eit ønskje å skifte lampene i kommunestyresalen og i foajeen då det er veldig krevjande å skifte lyspærer. Vi må ha eit system der vi kan senke lampene ved bytte av pærer, samt vedlikehald.

For å fylle krava til universell utforming, er det behov for ei løysing for at dørene til toalett i første etasje vert opna automatisk. I dag er det utfordrande å opne dørene for t.d. rullestolbrukarar.

**Personvernombod**

I følgje "personopplysningsloven avsnitt 4 om Personvernombud og artikkel 37 Utpekning av personvernombud", er kommunen pålagt å ha ei ordning med personvernombod. Aukra kommune gjekk derfor inn i ei avtale om å delta i IKA Møre og Romsdal IKS si ordning med personvernombod. Avtale om kjøp av personvernombodtenesta vart signert i desember 2017 og gjeldande frå 01.01.2018. Fram til no har utgifter knytt til deltaking blitt dekt gjennom omstillingsfondet. Fond skal ikkje nyttast til å dekke driftsutgifter. Sidan dette er ei varig ordning, må medlemsskapet bli dekt gjennom driftsramma.

**Profileringsutstyr (giveaways)**

I samband med lansering av profilhandboka i 2014, gjekk kommunen også til innkjøp av ulike profileringsutstyr og giveaways til bruk på jobbmesser og stands. Av profileringsutstyr vart det kjøpt inn t.d. termokoppar og kaffikoppar. Av giveaway-relatert utstyr, vart det kjøpt inn pennar, sitjeunderlag med meir. Kommunen blir meir attraktiv på ulike jobbmesse og stands om kommunen stiller med profileringsutstyr.

**Revisjon av kommunen si heilskaplege ROS-analyse**

I følgje planstrategien skal ROS-vurderinga reviderast i løpet av 2023. Sist revisjon var i 2019.

**RulleringsPC for tilsette**

Kommunen har eit eige budsjett for PC-ar til tilsette; også kalla rulleringsbudsjettet. Eit slikt budsjett sikrar at tilsette har PC-ar som ikkje er for gamle med tanke på sikkerheita. Per i dag så vert PC-ane rullert etter fire år, men ein del PC-ar blir også rullert etter fem år. Det siste gjeld t.d. tilsette som ikkje har PC som sin faste arbeidsstasjon, men må vere på PC-en av og til. Maks levetid for ein PC er 6 år av sikkerheitsmessige årsakar. Då vert PC-en kassert kassert. I tillegg er det fleire tilsette som skal ha eigen PC mot fellesPC tidlegare. Dette er også av sikkerheitsmessige årsakar. Prisen per PC har også stege mykje dei siste åra.

Midlane strekk ikkje lenger til for å kunne rullere PC-parken på ein god måte for at tilsette skal ha oppdaterte PC-ar. På bakgrunn av dette ser kommunen behovet for å justere rulleringsbudsjettet. Budsjettet har vore uendra i fleire år.

**Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging**

NMK Aukra, avd. Motorcross er i dag en liten klubb, men med stor vekst de siste 2-3 årene. For å få vekst i medlemsmassen blant de minste og få auka aktivitet, samt sørge for bedre støytiltak ønskjer NMK Aukra  for byggje en «Knattecrossbane», installere tidtakingssystem, samt bruke overskotsmasse til å etablere støyvoller rundt banen. Klubben har hente inn anbod på tiltaket.

Dette er opplyst å være ei stor investeringar for en liten klubb, og det er derfor gjort henvending om tilskot frå Aukra kommune for realisering av tiltaket. Aukra kommune har tidligeare ytt tilskot til klubben for kjøp av klubbhus mm.

NMK er kjent med at det er utfordringar knytt til støy ved banen. Det har vore naboklager, samt gjennomført tiltak ved bygging av støyvegg. Det blir peika på at ny bane og støytiltak er eit «vinn-vinn tiltak» som må sjåast i samanheng. Aukra idrettsråd melder at dei støtter tiltaket.

**Ungdomslos**

Aukra kommune har over tre år mottatt tilskot frå Bufdir for 50% finansiering av Ungdomslos, til saman 1.074.171,- (2019-2021). Resten av stilling er finansiert med kommunale midlar.

I prosjektet arbeidde losen med elevar i ungdomsskolen. Dei aller fleste har vore krevjande saker og det er føreslått for vidare satsing at losen blir kopla på så tidleg som mogleg. Dette kan vere heilt ned i barneskolen om nødvendig. Dette er også i tråd med barnevernsreformen.

No har losen også hatt tett oppfølging av elevar i overgangen til vidaregåande skole. Med samtykke frå elev og føresatte kan losen medverke til overføring av nødvendig informasjon og på den måten gjere starten på ein ny skole tryggare for ungdommen.
Bakgrunnen for ungdomsLOS-prosjektet er nettopp den store nasjonale utfordringa knytt til fråfall frå vidaregåande opplæring. Gjennom LOS-prosjektet skal ungdommen få éin person å forhalda seg til som sørger for tett oppfølging, og som bidreg til at ungdommen klarer å nyttiggjere seg tilbod som blir gitt i skolen eller andre tenester.

Gjennom ein losfunksjon kan nettopp det heilskaplege arbeidet på tvers av alle tenesteområda bli styrka, slik at bekymringsfullt fråvær vert oppdaga tidleg og tiltak blir iverksett for å auke nærværet. Å vere støttespelar og ein trygg relasjon er avgjerande for å finne dei gode løysingane i lag med

ungdommen. Losen er rettleiar, bindeledd og pådrivar mellom tenestene, elevane og heimen. Ei sentral oppgåve blir å etablere eit system som sikrar langsiktig tverrfagleg innsats for den enkelte elev.

Det er frå politisk nivå i Aukra kommune vedtatt at tenestene skal dreie frå reparasjon til førebyggande arbeid, i samhandling med brukarane. Dette gjeld alle tenesteområde. Målet med ei slik dreiing er å medverke til at ungdom i større grad gjennomfører vidaregåande skole og hindrar utanforskap. Effekten av langsiktig arbeid er at alle som er i kontakt med ungdommane vil tenke heilskap og samanheng og derigjennom samarbeide tverrfagleg til det beste for barn og unge.

Vi har i perioden 01.09.21-31.12.22 også gjennomfør prosjektet *Møteplass for ungdom med fast vaksenperson*, der ein tilsett både har hatt los og miljøarbeidar i si stilling. Erfaringane frå dei to prosjekta viser at det har gitt ein stor gevinst at kommunen har hatt same person både som ungsomslos og miljøarbeidar. Den kunnskapen losen får i kontakten med lærarar, samarbeidet med heimen, involverte tenester og kjennskapen til ungdomsmiljøa og fritidsarenaen har vore ein suksessfaktor. Denne kombinasjonen føreslår vi også i fortsetjinga. Med to heile stillingar kan vi kombinere 50% til losarbeidet og 50% for å oppretthalde faste vaksenpersonar på fritidsarenaer både på Julsundet og på Gossen.

Vi viser til utfyllande rapport om Ungdomslos-prosjektet som følgjer i eige vedlegg.

**Godtgjersle ettersøk av vilt**

Avtalen vi hadde med ettersøks-jegerar er sagt opp. Dette er ein lovpålagt teneste og det er svært utfordrande å få nokon til å ta på seg dette arbeidet. Det har kome eit forslag om eit samarbeid med Hustadvika for å få dekt opp mannskap til ettersøk og det betyr ei kraftig auke i satsane. Det er forslag om ei fire-delt vaktordning med 25.000 pr. år pr.vakt. (= 100.000). I tillegg ein timesats på 600 kr/t for ettersøk på dag og 1200 på natt.  Ut frå tidlegare år kan ein rekne med om lag 40 ettersøk pr år og med reisetid frå Hustadvika kan ein rekne med inntil 150.000 i timebetaling her.

Noko av dette kan dekkast frå Viltfondet, truleg 25.000.

**Prisjustering vedlikehald kommunale vegar**

Prisane justert med 10%

**Reinhaldssoner GBU**

Reinhaldssonene ved fleire inngangar ved GBU er utslitt. Dette fører til at sand og skit følgjer med sko inn i avdelingane, noko som igjen fører til slitasje på golv og ein tyngre jobb for reinhaldarane.

**Vedlikehald kommunale vegar**

Ei kartlegging av vedlikehaldsbehovet på kommunale vegar viser eit vedlikehaldsetterslep på til saman 8 millionar. På fleire vegar er tilstanden så dårleg at det må leggast geonett og nytt bærelag i tillegg til re-asfaltering. På andre vegar er det tilstrekkeleg å skjære ut asfalt og reasfaltere.
Det er sett opp ei prioritering mellom tiltaka der dei mest akutte tiltaka er kalkulert til  3,4 millionar. Det vert foreslått å sette opp ein million pr år i åra 2022-2024 til vedlikehald av kommunale vegar. Budsjett

til innleigd vedlikehald og materialar til vedlikehald på veg/veglys i budsjett 2020 har ikkje gitt rom for reasfaltering av vegar, berre akutte reparasjonar.

**Vedlikehold beslag kommunehuset**

Blikkplatene på fasaden på kommunehuset har rusta og er stygge. Det er aust- og deler av sørveggen som er verst. Ein foreslår å bytte plater på desse veggane i 2023. Resterande veggar kan takast i samband med bytte/reinnsetting av vindauge som må gjerast på vestveggen om ikkje så mange år.

**Auke i årlege vedlikehaldskostnadar Dips**

Det er en samla auke på kr. 30 000 i årlig lisens kostnadar Dips. Auka fordelast likt på Helse, Institutusjonstenester og Heimetenester.

**Ny stilling Velferdsteknologi**

Eininga registrerer ei auke i heimebuande med omfattande behov for hjelpemiddel og velferdsteknologi, då fleire innbyggarar er sjukare enn tidlegare, samstundes som dei skal ha behandling i kommunane. Det er òg ei auke i heimedød. Med fleire alvorleg sjuke i heimane må hjelpemiddel og velferdsteknologi vere på plass for å oppnå god tilrettelegging og kvalitet på tenesta. Eininga opplever idag at det tar for lang tid å få på plass nødvendige hjelpemiddel. Dette har resultert i fleire pasientavvik, samt at tilsette har drege på seg fysiske skader, som kunne vert unngått ved bruk av riktige hjelpemiddel. Idag er det driftsansvarleg for hjelpemiddel som òg følg opp konfigurering, vedlikehald og installering av velferdsteknologi i tillegg til superbrukarar. Superbrukarar er helsepersonell som er frikjøpt til å implementere og følgje opp bruk av teknologi. Det siste året har velferdsteknologi og hjelpemiddel vore ein flaskehals for drifta. Vi får ikkje hjelpemidla fort nok på plass i heimane, logistikken er mindre bra, reperasjon, installasjon og henting er forseinka. Det er òg uheldig å bruke superbrukarar i for stor grad til å følgje opp dette, då desse er helsepersonell som vi treng til å utføre helsehjelp. Det er behov for ein tilsett som først og fremst arbeider med velferdsteknologi, slik at ikkje eininga stoppar opp når det gjeld å ta i bruk meir teknologi og følgje opp det vi allereie har. Stillinga kan kombinerast med arbeid med hjelpemidlar.

Under Kommunestyret si behandling av formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026 blei følgjande av dei ønska tiltak vedteken med i økonomiplana:

- Auke i matvareprisar (Gossen barne og ungdomsskole)
- Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020 (Gossen barne og ungdomsskole)
- Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet (Julsundet skole)
- Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging (Kultur)
- Ungdomslos (Kultur)
- Reinhaldssoner GBU (Tekniske tenester)
- Vedlikehald (Gossen barne og ungdomsskole)
- Oppgradering, nytt gulvbelegg (Bergetippen barnehage)
- Ventilasjon på småbarnsavdelinger. (Bergetippen barnehage)

Desse tiltaka er inkludert i tabellen "Oversikt over nye driftstiltak, utanom tiltak knytt til

sentrale, lokale og særskilte lønsforhandlingar".

# Kjerringsundet

Det har vore stor aktivitet omkring førebuingar for realisering av Kjerringsundet i 2022:

- Fagleg grunnlag for Kjerringsundet og Møreaksen vart utarbeida og vedteke i både aktuelle kommunar og fylkestinget
- Ekstern kvalitetssikring av kommunen si finansieringsevne for realisering av Kjerringsundet vart utarbeida av Menon Economics og vedteke i kommunestyret
- Finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om fullfinansiering av Kjerringsundet vart godkjend i kommunestyret og Fylkestinget i mai/juni
- Ekstern kvalitetssikring (KS2), som nødvendig grunnlag/føresetnad for seinare Stortingsvedtak, vart oppstart 2 halvdel og skal ferdigstillast ved utgangen av året

Av tidlegare kommunestyrevedtak om 55 mill kr til gjennomføring og forskottering av m.a arkeologiske utgravingar er omlag 25 mill kr utbetalt. Vidare aktivitet og ressursbruk vil avvente resultatet av nemnde KS2.

Endeleg tilslutning til gjennomføring av Kjerringsundet vil skje etter at ekstern kvalitetssikring (KS2) er gjennomført/kjend. I samband med endeleg tilslutning vert det utarbeid detaljert finansieringsplan i tråd med finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.

# Investeringar i budsjett og økonomiplan

## Investeringsbudsjett - status og utvikling i planperioda

Til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjett i økonomiplan 2023 - 2026 ligg vedtak i rammesak for budsjett 2023 punkt 5 med slik ordlyd: "Økonomiplana sitt investeringsbudsjett for 2023 blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2022 blir innarbeidde. Vidare må ein i kommande budsjettarbeid vurdere om det er rom for å redusere investeringsnivået i åra som kjem".

Aukra ferdigstilte i 2022 prosjekt kulturhus og basseng, og i økonomiplan 2022 - 2025 vart det meldt at etter at dette prosjektet vart ferdigstilt vil ei tid med investeringsaktivtet bli avslutta. Brutto historiske og planlagte investeringsutgifter vart vist slik:




Investeringsforslag i periode for 2023 - 2026 byggjer på planvedtak for åra 2022 - 2025, med justeringar for kjente endringar, prisvekst, nye politiske signal og nye innmeldte tiltak frå tenesteområda. Endringane går fram i beskrivinga til det enkelte investeringsprosjektet.

I løpet av 2022 har fleire investeringsprosjekt, mellom anna Kulturhus og basseng, Oppgradering av garderober brannstasjon, Etterbruk Rothaugen deponi i politiske saker fått vedtak om auka investeringsløyver. Vidare blir nytt investeringstiltak Ombygging Bergland teke inn i 2023 og 2024, etter prosjektering i 2022. I dette prosjektet vil truleg deler bli å sjå på som vedlikehald, slik at dette må takast i kommune si drift. Dette må grunna framdrift avklarast etter ferdig prosjektering i starten av 2023.

Investeringsbudsjettet for 2022 er, etter å ha teke omsyn til rebudsjettering av ubrukte løyver frå 2021 og innarbeidde endringar i 2022, berekna å få investering i varige driftsmidlar med 123,9 mill. kroner. I investeringsbudsjettet i 2023 har investering i varige driftsmidlar som følgje av kjente endringar, tilrådde nye investeringar mm auka frå 33,4 mill. kroner (inkl. buffer) til 61,3 mill. kroner.

Tidligare budsjettprosessar har vist at investeringsbehov etter første år i økonomiplan ikkje er realistisk. Innmeldte investeringsbehov frå teneste-områda plar være svært låg. For å sikre eit realistisk grunnlag for den økonomiske utviklinga, er det derfor lagt inn ein buffer for investeringsbehov i åra 2024 til 2026. Denne er teke omsyn til slik:

2024 - kr.   5.427.000,-

2025 - kr. 23.502.000,-.

2026 - kr. 17.308.000,-

## Eksterne innspel

Aukra kommune har til økonomiplana motteke innspel frå Aukra idrettsråd slik:

“Idrettsrådet er blitt informert av Gossen Idrettslag om at en ny forskrift for oppsamling av granulat er blitt vedtatt, og dermed fører til at tiltak må iverksettes på Riksfjord Stadion. Som et konkret tiltak vurderes en fysisk barriere rundt banen som hindrer at granulat forsvinner ut i naturen. Utover dette er det også andre tiltak som vurderes, rister i sluk, vaskeplass, asfaltering m.m. Idrettsrådet ser store muligheter for å få en helhetlig tilnærming til granulatutfordringen ved å se dette i sammenheng med et friidrettsdekke rundt banen.”

Vidare: “Aukra Idrettsråd anbefaler at avsatte midler for 2022-2023 til å gjennomføre tiltak for å hindre spredning av granulat til naturen benyttes til å prosjektere og realisere friidrettsdekke rundt banen. Idrettsrådet er av den klare oppfatning av at tiltak mot granulatspredning og realisering av fast tartandekke vil være en vinn-vinn løsning for kommunen og idretten. Det er ett sterkt ønske at det planlegges og budsjetteres for gjennomføring høsten 2023 basert på estimat for et slikt anlegg. Da vil forskriftskrav være innfridd for vinteren 2023-2024.”

Prosjektet er kostnadsrekna til 5 mill. kroner inkl. mva. Det blir opplyst at det kan søkjast spelemidlar, og desse er berekna til 1,4 mill. kroner.

Ut frå rammesaka sitt vedtak, og elles auke i investeringsprosjekt er innspel ikkje teke inn i investeringsbudsjettet i 2023 eller i planperioda 2024 - 2026.

# Investeringstabell for kommunen samla

## Andre investeringer

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekter** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2023-26** |
| **Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga** | | | | | |
| ROR-IKT investeringar | 475 | 995 | 995 | 995 | 3 460 |
| Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen | 600 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 3 600 |
| **Sum Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga** | **1 075** | **1 995** | **1 995** | **1 995** | **7 060** |
| **Julsundet skole** | | | | | |
| Læremidler og utstyr til forsterka avdeling | 170 | 0 | 0 | 0 | 170 |
| **Sum Julsundet skole** | **170** | **0** | **0** | **0** | **170** |
| **Kultur** | | | | | |
| Kommunal eigenandel for spelemidlar | 600 | 600 | 600 | 600 | 2 400 |
| **Sum Kultur** | **600** | **600** | **600** | **600** | **2 400** |
| **Tenester til heimebuande** | | | | | |
| Bilar heimetenester | 1 480 | 300 | 300 | 350 | 2 430 |
| **Sum Tenester til heimebuande** | **1 480** | **300** | **300** | **350** | **2 430** |

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Helse** | | | | | |
| Helseplattformen | 8 160 | 0 | 0 | 0 | 8 160 |
| **Sum Helse** | **8 160** | **0** | **0** | **0** | **8 160** |
| **Tekniske tenester** | | | | | |
| Bygging av vendehammer i Aukraskogen | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Bytte av arbeidsbilar | 600 | 525 | 520 | 600 | 2 245 |
| Dimmere GBU | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Felles toppsystem alle kommunale bygg | 1 625 | 0 | 0 | 0 | 1 625 |
| Fjellbrønnar Julsundet skole | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 |
| Garderobeskap småskolen ved Julsundet skole | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Grasklippar - frontklippar | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Kjøleanlegg Julsundet | 400 | 0 | 0 | 0 | 400 |
| Ombygging av Bergland | 5 300 | 10 700 | 0 | 0 | 16 000 |
| Oppgradering av garderober brannstasjon | 6 713 | 6 500 | 0 | 0 | 13 213 |
| Oppgradering av kommunale bustader | 650 | 0 | 0 | 0 | 650 |
| Oppgradering kjøkken Bergetippen barnehage | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Pumptrack | 2 500 | 0 | 0 | 0 | 2 500 |
| Robotklipparar | 150 | 0 | 0 | 0 | 150 |
| Skifte av 2G og 3G-sendarar | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset | 6 000 | 0 | 0 | 0 | 6 000 |
| Tilstandsrapport kommunale bygg | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Tiltak på spredning av granulat fra Riksfjord stadion | 600 | 0 | 0 | 0 | 600 |
| To forsterka bustader | 0 | 4 000 | 0 | 0 | 4 000 |
| Veg og industriareal på fastlandet | 3 500 | 0 | 0 | 0 | 3 500 |
| **Sum Tekniske tenester** | **29 638** | **22 725** | **520** | **600** | **53 483** |
| **Sentrale ansvar** | | | | | |
| 'Buffer' investeringsutgifter | 0 | 5 427 | 23 502 | 17 308 | 46 237 |
| Kjøp av fin.anl.midler | 900 | 900 | 900 | 900 | 3 600 |
| **Sum Sentrale ansvar** | **900** | **6 327** | **24 402** | **18 208** | **49 837** |
| **Sum** | **42 023** | **31 947** | **27 817** | **21 753** | **123 540** |

## Selvkost

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tekniske tenester** | | | | | |
| Etterbruke Rothaugen deponi | 9 000 | 0 | 0 | 0 | 9 000 |
| Generelle investeringar avløp | 760 | 780 | 800 | 600 | 2 940 |
| Generelle investeringar vatn | 600 | 610 | 625 | 600 | 2 435 |
| Spylevogn VA | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Tiltak i hovedplan avløp | 8 390 | 3 190 | 3 300 | 3 300 | 18 180 |
| Tiltak i hovedplan vatn | 915 | 5 900 | 0 | 4 000 | 10 815 |
| VA Fanghol bustadområde | 0 | 0 | 2 500 | 0 | 2 500 |

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum Tekniske tenester | 20 165 | 10 480 | 7 225 | 8 500 | 46 370 |
| | | | | | |
| Sum | 20 165 | 10 480 | 7 225 | 8 500 | 46 370 |

## Andre investeringer

## Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

**ROR-IKT investeringar**
Aukra kommune sin del av ROR-IKT sine investeringar

For 2023 er investeringstilskotet frå Aukra kommune redusert. Årsaka til det er at midlar for 2022 ikkje vart benytta. Ubenytta investeringsmidlar blir overført til 2023.

**Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen**
Rulleringsplanen er slik: Elevar som startar i 1. klasse får utdelt nettbrett som dei skal bruke i perioden 1. til 4. trinn. Elevar som startar i 8. klasse får utdelt PC som dei skal bruke i perioden 8. til 10. trinn. Elevane i 5. klasse tek over PC-ane som 10. trinn har brukt og i tillegg blir det supplert med nye PC-ar ved behov.

## Julsundet skole

**Læremidler og utstyr til forsterka avdeling**
Skolen har så vidt starta arbeidet med elevar som treng eit alterntativt opplegg. Vi ønskjer å omprioritere ressursbruken frå bruk av båt til å lage ein metallverkstad og smie der elevane kan få oppleve noko heilt anna enn vanleg skole.

**Sal av skolebåten**
Skolen disponerer i dag ein båt som er brukt i valfag. Vi ønskjer å prioritere ressursane annleis og bruke ressursar på forstarka avdeling for elevar som treng dette framfor å ha tilbod om båt. Dersom kommunestyret godkjenner sal av båten vil vi også få færre månadlege utgifter som kan brukast til leige av lokale til ei slik avdeling.

## Kultur

**Kommunal eigenandel for spelemidlar**
Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader: Ved søknad om spelemidlar kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

## Tenester til heimebuande

**Bilar heimetenester**
Utskifting av bilar til heimetenesta i høve plan.

Eininga har ein langsiktig plan for utskifting av bilparken, som inneber å skifte om lag ein bil kvart år og da har vi bilene i minimum 10 år. Enkelte år blir det planlagt å skifte to biler som i 2023, i tillegg til

hjelpemiddelbilen som var planlagt i 2022. Investeringskostnadane vil variere avhengig av kva behov eininga har for størrelse og trekk kraft. Det er ei overordna målsetting å skifte til miljøvenlege bilar og i all hovudsak elbil.

Hjelpemiddelbilen

Eininga ser behov for utskifting av bilar til hjelpemiddel lager. Dagens bil er 12 år gamal og vi registrerer auka vedlikehaldsbehov. Den er ikkje utforma eller utrusta i høve det arbeidet som utførast. Bilen manglar innvendig høgde og lengde. Den har ikkje trekk på fire hjul, noko som gjev oss utfordringar på vintertid.

Ved ny anskaffing er det lagt vekt på at bilen skal kunne driftast av ein person og samstundes ivareta krava til HMS, difor har eininga vurdert ein bil med elektrisk løfte-rampe i staden for manuell køyrerampe. Forskjellen er at tyngre utstyr då kan handterast av ein person i staden for to. I tillegg er den tilpassa behovet med omsyn til høgde og lengde.

Bilen skulle vore levert i 2022, men grunna lang leveringstid vert den ikkje levert før 2023. Prisane har auka og tildelt ramme for anskaffing er noko låg, difor har eininga foreslått auka ramme med kr 80 000. Dvs fra kr 750 000 (overførte milder fra 2022 til 2023 pga leveringstid) til kr 830 000

Å legge til rette for effektive arbeidsforhold og samstundes redusere risikoen for slitasje og sjukefråvær, vurderer eininga som ei god investering.

## Helse

### Helseplattformen

Innføring av Helseplattforma gjev ei felles digital plattform for helsetenester og pasientar i Midt-Norge. Målet er betre informasjonsflyt og auka pasientsikkerheit. Løysinga omfattar journalsystem, pasientadministrasjon og fagsystem som vert felles for både Helseforetaka, kommunehelseteneste og fastlegane i Midt-Norge.

Innføring av Helseplattforma fekk utsett implementeringa med 6 månader og ny dato er 4.11.2023. Aukra kommune har signert tenesteavtalen og investeringa budsjettert til kr 8 160 000, vert gjennomført i høve plan.

## Tekniske tenester

### Bygging av vendehammer i Aukraskogen

Aukra kommune har vedtatt "Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen på Gossen" (sak 11/20). Mykje av Aukraskogen er i følgje planen såpass gammal at han vil vere på tur ned, anten av seg sjølv eller at han blir hogd. Planen seier vidare at ein i løpet av dei neste 30 åra må hogge nesten all den store skogen som står der no, for å forvalte skogen på ein forsvarleg måte. Det er ein stor kubikkmasse som må hoggast.

Det er ein del som må vere på plass før arbeidet med å forvalte Aukraskogen kan startast opp. Mesteparten av tømmeret som vil bli tatt ut frå Aukraskogen dei neste åra må fraktast til kai. Sidan ein må køyre etter måten små lass ut av Aukraskogen, er det eit behov for ein lunneplass der ein kan få henta tømmeret med lastebil. Ved å lage ein vendehammar eller rundkøyring der Skogvegen gjer ein 180 graders sving, kan ein legge tømmeret på oversida av vegen. Vegen må også oppskrivast i veglista til å vere godkjent for tømmerbil

Endring i beløp i budsjett 2023: VI har ei oppdatert kalkyle på bygging av vendehammaren. Vegen må også forsterkast noko med omsyn til frakt av tømmer, difor er det foreslått ei auke i budsjettet. Aukra kommune mottek eit tilskot på kr 240.000 frå Statsforvaltaren på dette prosjektet.

**Bytte av arbeidsbilar**
Bilane til Tekniske tenester har ein høg gjennomsnittsalder, og kostnadar til drift og vedlikehald har dei siste åra vore høge. Den eldste bilen er frå 2006. Vi  har eit mål om at bilane skal ha ein god standard og  vere av ei  utforming som gjer det trygt og effektivt for våre tilsette å vere i beredskap til ei kvar tid. Fleire av bilane vil bli mellom 20 og 25 år i løpet av dei neste 10 åra, slik at det er viktig at ein startar utskifting og kan fordele dette over fleire år. Elektriske bilar vert vurdert.

**Dimmere GBU**
I motsetnad til klasseromma, har grupperomma ved GBU berre bevegelse-detektor på lysstyring. Det er behov for å kunne dimme og sløkke lyset også ved bruk av desse romma. Det er vanskeleg i bruke skjermar og projektorar i fullt lys.

**Felles toppsystem alle kommunale bygg**
Alle nye kommunale bygg er tilrettelagt for eit sentralt driftsanlegg (toppsystem). Det står igjen klargjering av nokre eldre bygg. Dette gjer at dei tekniske anlegga kan overvakast og til dels driftast via nettet og medføre at personell ikkje behøver å reise til bygga for å justere det tekniske anlegget. Gjennom eit samarbeid med Molde Eigedom KF er dei tekniske anlegga tilrettelagt basert på deira krav. I 2022 vart Bergetippen barnehage tilrettelegging for eit sentralt driftsanlegg. Planen er å knyte saman alle bygga i i felles system i løpet av 2023.

**Fjellbrønnar Julsundet skole**
Delar av Julsundet skole har framleis elektrisitet som energikjelde til oppvarming. Det er planlagt å bore fleire fjellbrønnar slik at heile skolen nyttar fornybar energi til oppvarming.

**Garderobeskap småskolen ved Julsundet skole**
Inventaret i garderobane som var levert med nybygg og rehabiliteringsprosjektet er ikkje tilpassa elevane sin alder. Dei har behov for å sitte å kle på seg eller knyte sko. Ein ser for seg at det vil koste omlag kr. 300 000,- å skifte ut inventaret.

**Grasklippar - frontklippar**
Grunna større grøntareal og slitasje på utstyr, treng vi ein ny frontklippar. Det oppstår ofte stopp midt i sesongen grunna at ein av klipperane treng bytte av slitasjedelar. Med eit nytt tilskot i klippar-parken hadde vi fått ei meir kontinuerleg drift på sommarsesongen, og meir effektiv drift på dagar med godt ver. Ein ny og stabil klippar trengst for å avlaste dei eldre klipperane som ofte er ute av drift og treng reparasjonar.

**Kjøleanlegg Julsundet**
Ved bygging av Julsundet skule, vart kjøling av ventilasjonsluft tatt ut av budsjettet.  Det viser seg likevel at det er eit stort behov for dette på sommarstid.

Her er det mogleg å bruke væske frå brønnparken som kjøling. Det trengs ei ombygging av ventilasjonsaggregat, og bygging av ein kjølesentral på teknisk rom. Når dette er bygd, har vi «gratis» kjøling av bygget.

**Ombygging av Bergland**
I den nye Helse- og omsorgsplana 2021-2030 har ein meldt inn behov for alternativt butilbod, som til dømes bufellesskap for eldre. Dette då forvaltning opplever at det oftare og oftare er ei utfordring med

fysisk spreke personar med demens som treng tilbod. Dei vert ei utfordring å følgje opp i eigne heimar, og dei krev store ressursar for at det skal vere forsvarleg. Desse er òg krevjande å ha på institusjon, då dei er fysisk for sprek til å ha opphald der. Denne målgruppa vert òg ofte verande over lengre tid, og tek opp plassar til personar som har store behov for institusjonsplass. På heildøgn omsorg er no alle leiligheitene meir eller mindre opptekne.

Vi ser føre oss at Bergland kunne byggast om til denne målgruppa Der kan bebuarane få heimesjukepleie etter enkeltvedtak supplert med digitale tilsyn, GPS og anna velferdstekonologi i eiga tilrettelagt leiligheit. Vidare kunne det vore ein assistent der delar av dagen til å bistå med oppgåver ut frå individuelle behov. Det vert laga eit skisseprosjekt i 2022, men ei kalkyle er ikkje utarbeidd enno. Tala for 2023 og 2024 er basert på erfaringstal for byggeprosjekt og svært usikker.

**Oppgradering av garderober brannstasjon**
Tiltak for å skilje rein og skitten sone for brannmannskap. Nordmøre og Romsdal Brann IKS leiger lokale av kommunen og dei er representert under planlegging av prosjektet. Arbeidstilsynet sine krav er delt løysing for damer og herrer for tiltaket. Dette medfører ei vesentleg arealauke for prosjektet i forhold til det som var meldt inn i budsjett 2022. Delar av eksisterande energisentral kan nyttast og dette arealet må byggast om. Likevel blir dette no eit mykje større prosjekt med eit tilbygg på om lag 93m2. Det vart i 2022 gjort ei ny vurdering av prosjektet saman med NORBR og brukarar. Ny ramme vart vedtatt av kommunestyret i november 2022.

**Oppgradering av kommunale bustader**
Tekniske tenester ved Eigedomsavdelinga har utarbeidd ei tilstand- og vedlikehaldsplan for dei kommunale bustadane. Dette for at kommunen skal kunne arbeide meir planmessig med rehabilitering av bustadane. Ut frå denne plana er det foreslått renovering av bustad ved Aukraheimen.

**Oppgradering kjøkken Bergetippen barnehage**
Kjøkkenet ved Bergetippen barnehage treng ei oppgradering for å verte meir funksjonelt.

Lyddemping mellom kjøkken og småbarnsavdelinga: Kjøkkenet ligg mellom to småbarnsavdelingar og det er behov for lyddemping mellom kjøkkenet og avdelingane. Eininga har mottatt fleire avvik frå småbarnsavdelingane pga. støy. Støy gir slitasje på både barn og vaksne. Det trengst dører med lydisolasjon og lydisolasjon i vegg.

Golv: Kjøkkenet var tidlegare eit spiserom med golvbelegg utan våtromsstandard. Dette gamle golvbelegget er slitt og vanskeleg å halde reint. For å få til god hygiene og reinslegheit på kjøkkenet trengst det ei oppgradering til eit golvbelegg med våtromsstandard. Rommet er ca. 30 m2.

Vegger: Store deler av kjøkkenet har glatte våtromsplater, men det manglar på to veggar. To veggar har mala strie der smuss lett setter seg fast. Her må det oppgraderast med våtromsstandard.

Stålbenk/skap: Midt i kjøkkenet er ei øy som stod igjen frå den tidlegare kjøkkeninnreiinga. Denne er av trematериale. Dette er i ei reinsone der man setter ferdig stima oppvask. Trebenken toler ikkje våtromshandteringa og bør oppgraderast til ein stålbenk.

**Pumptrack**
Kommunestyre har vedtatt bygging av pumptrack/skatebane ved Julsundet skole. For å kunne lande på ei plassering av ein slik bane ved skolen, har det vore nødvendig med ei vurdering av overvass-systemet rundt skolen. Grunna dårleg kapasitet hos rådgjevarane vil denne ligge føre i november 2022. Prosjektet er difor forseinka.

**Robotklipparar**
Området med plen rundt dei gamle bygga tek mykje tid å klippe og blir nedprioritert grunna dette og andre viktigare område. Når vi ikkje rekk over området grunna prioritert klipping på barnehagar, skular og dei nye områda i sentrums, så veks graset seg langt og blir desto verre å ta igjen. Om vi set på robotklipparar så frigjer dette tid for personell på park og plen, som igjen hadde fått betre tid til område som faktisk er i bruk. Her vert det foreslått å kjøpe to robotklipparar som kan settast i drift kring ASAS-bygget. Det er forventningar frå publikum om at også uteområde kring dei fråflytta bygga vert vedlikehaldne og stelt.

**Skifte av 2G og 3G-sendarar**
Alarmsystem for innbrot, brann og heis som idag går på 2G og 3G-nettet. Dette nettet vert lagt ned og vi må montere sendarar som går på 4G/5G-nettet.

**Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset**
Prosjektet gjeld ombygging av ventilasjonsaggregatet i kommunehuset for å tilpasse det til anna temperatur frå energisentralen, infrastruktur frå inntak og inn i huset, og kjøp og montering av nye radiatorar med individuell styring i kvart kontor.

Det var i 2015 utarbeidd ei kartlegging av nødvendig ombyggingsarbeid for tilpassing til fjernvarme. Vi har nå fått ei ny kalkyle, der vi vert anbefalt bytte av varmtvasstank, ny varmesentral med ny automatikk og mengderegulerte pumper, kjøling frå brønnparken og fjerne kjølekompressorer som står på taket. Det er også laga ein opsjon på romkontroll.
Kommunehuset nærmar seg 25 år gamalt, og har store behov for oppgraderingar av det tekniske anlegget. I 2021 vart det brukt 425 215 kWh på kommunehuset. Med prognoser på høge straumprisar, vil det vere moglegheit for ei rask inntening av investeringa.

**Tilstandsrapport kommunale bygg**
Det skal gjennomførast tilstandsanalysar og utarbeide salsprospekt der det eventuelt er aktuelt, for bygga Riksfjords skole, Aukraheimen og tidlegare Aukra Fiskarfagskole.

**Tiltak på spredning av granulat fra Riksfjord stadion**
Regjeringa vedtok i 2021 eit nytt kapittel i forurensingsforskrifta, kapittel 23A, som omhandlar bruk av laust plasthaldig fyllmateriale (granulat) i kunstgrasbanar. I hovudsak handlar forskrifta om tiltak for å hindre at granulat havnar i naturen. Forskrifta, som trådte i kraft 1. juli 2021: §23A-4 t.o.m §23A-9, forklarer kva krav som stilles til anlegga.

Sluser med rister, børster, skilt for brukarar, korrekt køyretøy/utstyr
Granulatrister/filter i kummar
Informasjonsplikt
Kunnskap og dokumentasjonsplikt
Handtering av oppsamla granulat på eller utanfor banen, inkl samle opp granulat som ligga utanfor banen
Ved renovering eller nybygg vert det krav om fysiske barrierar rundt banen og substitusjonsplikt

Aukra kommune er eigar av kunstgrasbanen på Riksfjord og arbeider med forsvarleg handtering av granulat. I 2022 vert granulat kring banen samla opp, det vert sett opp skilt, installert granulatrister, spelarstasjonar og filter i kummer.
I 2023 er det planlagt å lage snødeponi og spyleplass med fast dekke.

**To forsterka bustader**

Mangel på tilpassa lågterskel-bustadar til svake grupper er også i Aukra ei utfordring. Mellom anna kan det handle om behov for akutt overnatting, behov for midlertidig bustad og eit tilbod for personar utan bustad som har store helseutfordringar relatert til psykisk helse eller rus. Prosjektet vart først fremja i 2020, men har vore utsett grunna manglande kapasitet i eininga. Ein omsorgsbustad er bygd om til eit forsterka husvære. Etablering av ein eller fleire nye bustader er i budsjettet flytta til 2024. Kommunen arbeider med ei ny bustadsosial handlingsplan der ein vil gjere ei ny vurdering av behovet for slike bustader

**Veg og industriareal på fastlandet**
Kommunestyret vedtok ei omregulering av arealet i Åsdalen. Arealet vart regulert til idrettsføremål i 2014, men skal no omregulerast til næringsareal, noko det er stor etterspørsel etter i Julsundet. I 2021 har det vore gjennomført hydrologiske undersøkingar og grunnundersøkingar av området, og i 2022 har det vore arbeidd med ny reguleringsplan der også samferdselsavdelinga i fylket og Hustadvika kommune har vore engasjert kring avkøyrselsproblematikk. Tiltak for å ivareta overvatn frå området i eksisterande bustadfelt på Torhaugmyra Aust måtte også planleggast.

Området er totalt på 30da. Det er foreslått ei trinnvis utbygging.

## Selvkost

## Tekniske tenester

**Etterbruke Rothaugen deponi**
Prosjektet gjeld krav frå Statsforvaltaren om avslutning og etterdrift av Rothaugen avfallsdeponi. Krav om avslutning og etterdrift av deponiet kom etter ein inspeksjon ved Rothaugen 23.09.14. Tiltak for avslutning og etterdrift av deponiet er basert på Plan for avslutning og etterdrift frå Cowi AS av 27.02.2019. Ramme vart vedtatt av kommunestyret i k-sak 33/22. Bygging starta i veke 44.

**Generelle investeringar avløp**
Frå 2022 går vi over til å budsjettere ei ramme for investeringar innan avløp, i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021.
Dei store investeringane gjeld overtaking av private avløpsanlegg, og oppgradere utslepp.

Løyvet til Generelle investeringar avløp gjeld nødvendige uforutsette investeringar og oppgraderingar gjennom året.

**Spylevogn VA**
Spylevogna vår er over 20 år gammal og må skiftast ut. Dette er eit verktøy som er mykje i bruk og som løyser mange oppgåver hos oss. Spylevogna blir brukt når vi har eit tett avløp eller overvassrøyr, og den blir og brukt som eit førebyggande tiltak i mange tilfelle der vi spylar i gjennom for å hindre groe, grus oppsamling eller andre uønskte proppar i røyr.

Vi ser viktigheita av å ha god kapasitet i ei slik vogn då det løyser ein del akutte jobbar. Jobbar der vi har lenger strekk med avløp og der det er lite stakemoglegheiter undervegs byr ofte på problem. På slike område er det god kapasitet i tanken og godt trykk i tillegg til varme som løyser problemet. Vogna som er tiltenkt her er god på alle desse områda, og har og varmefunksjon som kan løyse ispluggar. Dette er noko vi har mangla før.

**Tiltak i hovedplan avløp**

Frå 2022 gjekk vi over til å budsjettere ei ramme for investeringar innan avløp, i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021. Her ligger nye avløpsprosjekt som er ein del av hovedplan avløp. Ei vernerunde viser fleire avvik med omsyn til HMS i fleire av pumpestasjonane i avløpsnettet. Det vert foreslått eit årleg løyve til oppgradering av to pumpestasjonar årleg. Avløpsanlegga våre er delvis i dårleg tilstand, og det har vore investert lite i nye anlegga dei siste åra. Ei viktig oppgåve framover vil vere å kartlegge lokalisering og tilstand til eksisterande avløpsanlegg, både reinseanlegg og utslepp. Kommunen må vurdere eventuelle tiltak etter at tilstand for eksisterande reinseanlegg er kartlagt. Kartlegging, registrering og utbetring er eit prioritert tiltak i Hovudplan for avløp 2022-2027. Samstundes med digitalisering av vassnettet, vil vi også bytte eksisterande kommunikasjonsløysing i kloakkummar, i reinseanlegget og på trykkaukingsstasjonar.

Det største tiltaket er overtaking av privat avløpsanlegg på Eikrem.

**Tiltak i hovedplan vatn**
Det vert lagt inn ei investeringsramme for investeringar innan vatn, i tråd med tiltaka i Hovudplan Vatn. Dei største tiltaka er:
Hovudvassleidning frå Løvik til Oterhalsen - Det er no lagt forsterka vassforsyning Rød-Rindarøy og Klippen-Løvik. For å kunne køyre rundkøyring med ekstra vassforsyning til Rindarøya skal det leggjast ny vassleidning med større dimensjon mellom Løvik og Rød.
Dette vil gi betre leveringstryggleik til fiskeforedlingsfabrikken Vikenco ute på Rindarøya. Eksisterande vassleidning på strekninga er 110 mm PVC og er ikkje tilstrekkeleg til å kunne forsyne Strekninga Rød-Rindarøy om hovudforsyninga frå Hukkelberget skulle falle ut. Ny leidningstrase blir lagt i dimensjon 225 mm PE og lagt langs kommuneveg Hellegota for enklare tilkomst for inspeksjon og drift og vedlikehald.
Hovudvassleidning frå Bakkemyr til Riksfjord - Mellom Bakkemyrleet og kryss Riksfjord er det fortsatt Asbestsement. I tråd med asbestsaneringsplan er det planlagt å skifte ut eksisterande vassleidning 250 mm AAB leidning med ny 225 mm PVC leidning. Kumar og armatur blir skifta ut samtidig og i tråd med nye krav til kvalitet og utførelse.

**VA Fanghol bustadområde**
Etter utskifting av Hovudvassleidning Julsundet skole til Eidskrem er det berre ei strekke med asbestsement igjen på fastlands Aukra. Hovudtraseen for vassleidninga vart flytta ned til gang og sykkelvegen langs Fylkesveg 662 og den gamle traseen med asbestsement er i hovudsak utskifta. Denne ligg frå gamleskolen Fanghol og opp i Fangholfeltet. Det er no ønskeleg å skifte ut resterande asbestsement med PVC røyr og få kopla alle private stikkleidningar inn i vann kum og fjerne anboringar på eksisterande vassleidning.
Det er per i dag privat avløpssystem i Fangholfeltet med private septiktankar, det er ønskeleg å gjere tiltak for å kople Fangholfeltet inn på kommunalt avløpsanlegg ved Sæterbukta samtidig som det gjerast tiltak med vassleidning.

## Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2022-2025

Til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjett låg vedteken økonomiplan for 2022 - 2025. I tillegg er alle kjente endringar ut frå politiske vedtak teke omsyn til. Tabellen nedanfor viser ei samla oversikt over endringane i investeringsprosjekta som var med i planvedtaket for 2022 - 2025.

*Beløp i kroner*

| Hovudprosjekt | Status | Beløp 2023 | Beløp 2024 | Beløp 2025 | Beløp 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Avlastningsbustad permanent | Tidlegare vedteke | 0 | -500 000 | 0 | 0 |
| Bilar heimetenester | Løpande | 80 000 | 0 | 0 | 350 000 |

| Hovudprosjekt | Status | Beløp 2023 | Beløp 2024 | Beløp 2025 | Beløp 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| 'Buffer' investeringsutgifter | Tidlegare vedteke | -7 308 000 | 0 | 0 | 17 308 000 |
| Bygging av vendehammer i Aukraskogen | Tidlegare vedteke | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bytte av arbeidsbilar | Løpande | 60 000 | 0 | 0 | 600 000 |
| Etterbruke Rothaugen deponi | Tidlegare vedteke | 9 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen | Tidlegare vedteke | 0 | -16 700 000 | 0 | 0 |
| Lager/garasje ved Aukra omsorgssenter | Tidlegare vedteke | -700 000 | 0 | 0 | 0 |
| Nautneset vest, oppfølging av reguleringsplana | Tidlegare vedteke | 0 | -220 000 | 0 | 0 |
| Ombygging av Bergland | Tidlegare vedteke | 5 300 000 | 10 700 000 | 0 | 0 |
| Ombygging av ekspedisjon og kjeller i kommunehuset | Tidlegare vedteke | -530 000 | 0 | 0 | 0 |
| Oppfølging av Reguleringsplan Rindarøya | Tidlegare vedteke | 0 | -300 000 | 0 | 0 |
| Oppgradering av garderober brannstasjon | Tidlegare vedteke | 2 713 000 | 6 500 000 | 0 | 0 |
| Pumptrack | Tidlegare vedteke | 200 000 | 0 | 0 | 0 |
| ROR-IKT investeringar | Løpande | -753 000 | -233 000 | -233 000 | 995 000 |
| Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset | Tidlegare vedteke | 4 200 000 | 0 | 0 | 0 |
| Tiltak i hovedplan avløp | Løpande | 1 400 000 | 0 | 0 | 3 300 000 |
| Tiltak i hovedplan vatn | Løpande | -1 000 000 | -4 900 000 | 0 | 4 000 000 |
| Tiltak på spredning av granulat fra Riksfjord stadion | Tidlegare vedteke | 400 000 | 0 | 0 | 0 |
| To forsterka bustader | Tidlegare vedteke | -4 000 000 | 4 000 000 | 0 | 0 |
| Trekkrør for fiber Småge-Smågetoppen | Tidlegare vedteke | 0 | -420 000 | 0 | 0 |
| Utgreiing og bygging av kunstisbane | Tidlegare vedteke | 0 | -7 000 000 | 0 | 0 |
| **Totalsum** | | **9 562 000** | **-9 073 000** | **-233 000** | **26 553 000** |

I tillegg til disse endringar på opprinneleg økonomiplan for 2022- 2025 var kr 16 350 000 av budsjettert investeringsmidlar flyttet fra 2022 til 2023 i 2. tertial 2022.

Dette gjeld følgjande prosjekter:

- Bilar heimetenester - kr 750 000;
- Oppgraderingar garderobe brann - kr 4 000 000;
- To forsterka bustader - kr 4 000 000;
- Pumptrack - kr 2 300 000;
- Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset - kr 1 800 000;
- Veg og industriareal fastlandet - kr 3 500 000

## Nye investeringar i økonomiplan 2023-2026

*Beløp i kroner*

| Hovudprosjekt | Beløp 2023 | Beløp 2024 | Beløp 2025 | Beløp 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Dimmere GBU | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Fjellbrønnar Julsundet skole | 0 | 1 000 000 | 0 | 0 |
| Garderobeskap småskolen ved Julsundet skole | 300 000 | 0 | 0 | 0 |
| Grasklippar - frontklippar | 200 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøleanlegg Julsundet | 400 000 | 0 | 0 | 0 |
| Læremidler og utstyr til forsterka avdeling | 170 000 | 0 | 0 | 0 |
| Oppgradering kjøkken Bergetippen barnehage | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Robotklipparar | 150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av skolebåten | -150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Skifte av 2G og 3G-sendarar | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Spylevogn VA | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| VA Fanghol bustadområde | 0 | 0 | 2 500 000 | 0 |
| **Totalsum** | **1 870 000** | **1 000 000** | **2 500 000** | **0** |

## Oversikt Investering og finansiering

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Investeringer i varige driftsmidler | 61 288 | 41 527 | 34 142 | 29 353 |
| Tilskudd til andres investeringer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansieringsbehov | 62 188 | 42 427 | 35 042 | 30 253 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -6 300 | -4 530 | -5 219 | -3 981 |
| Tilskudd fra andre | -480 | -240 | -240 | -240 |
| Salg av varige driftsmidler | -1 300 | -1 140 | -1 140 | -1 140 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -54 108 | -36 517 | -28 443 | -24 892 |
| Videreutlån | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Bruk av lån til videreutlån | -20 000 | -20 000 | -20 000 | -20 000 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 3 210 | 4 027 | 4 845 | 5 439 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | -3 210 | -4 027 | -4 845 | -5 439 |
| Overføring fra drift | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansiering | -62 188 | -42 427 | -35 042 | -30 253 |
| **Sum finansieringsbehov** | **62 188** | **42 427** | **35 042** | **30 253** |
| **Sum finansiering** | **-62 188** | **-42 427** | **-35 042** | **-30 253** |
| Udekt finansiering | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Salg av varige driftsmidler

*Beløp i kroner*

| Hovudprosjekt | Beløp 2023 | Beløp 2024 | Beløp 2025 | Beløp 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Bilar heimetenester | -20 000 | -10 000 | -10 000 | -10 000 |
| Bytte av arbeidsbilar | -30 000 | -30 000 | -30 000 | -30 000 |
| Sal av skolebåten | -150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av tomter frå kommunale bustadfelt | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 |
| Salg tomter frå industri-/næringsområder | -100 000 | -100 000 | -100 000 | -100 000 |

| Hovudprosjekt | Beløp 2023 | Beløp 2024 | Beløp 2025 | Beløp 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Totalsum** | **-1 300 000** | **-1 140 000** | **-1 140 000** | **-1 140 000** |

Tabellen viser kva prosjekt som inngår i delsummen "salg av varige driftsmidler" i tabellen "Oversikt investering og finansiering". Desse er ikkje presentert i samla investeringstabell for kommunen, men beskriving av prosjekt er lista opp saman med desse.

# Økonomisk utvikling i planperioden

## Berekraftig økonomisk utvikling

Kommunar skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid. Kommunelova krev at både økonomiplan og årsbudsjett skal innehalde måltal som seier noko om politiske mål for økonomisk utvikling. Finansielle måltal kan gje eit betre grunnlag for avgjerd i økonomiplan- og budsjettprosessen, og betre grunnlag for openheit og vurderingar av den økonomiske utviklinga i årsmeldinga.

Det er ikkje gjeve bindande regler for val av måltal og kva nivå måltala bør ligge på. Dei finansielle måltala skal fastsettast av den enkelte kommune ut frå eigen økonomisk situasjon. Kommunane må sjølv ta eigarskap til både utarbeiding og bruk av finansielle måltal som styringsverktøy.

Berekraftig økonomiforvalting er og eit av satsingsområda i samfunnsdelen av kommuneplana, der målet (slik vil vi ha det) er; at kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom. Dette skal sikrast gjennom delmål (slik gjer vi det) som er uttrykt i kommunen sine økonomiske handlingsregler.

I politisk sak 79/21 den 16.12.21 om økonomireglementet vedtok Aukra kommunestyre i tråd med kommunelova følgjande finansielle måltall.

- Netto driftsresultat større enn 1,75 prosent av brutto driftsinntekter og sum politisk vedtekne avsettingar til fond.
- Gjeldsgrad som sikrar moderat grad av økonomisk handlingsfridom etter kriterie fastsett av KS. Det vil seie at korrigert netto lånegjeld skal være lågare enn 75 prosent av brutto driftsinntekter.
- Driftsreservar gjennom eit generelt disposisjonsfond som er høgare enn 8 prosent av brutto driftsinntekter

I tillegg til dei finansielle måltala vart det i same sak vedteke følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetting til fond med kr. 100 mill.

- Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter.
- Det skal gjerast ei årleg avsetting på kr. 7 mill. til fond for framtidig vedlikehald av kommunale bygg
- Nedbetalingstid for kommunen si langsiktige gjeld er 15 år
- Budsjetterte årleg auke i frie midlar fordelt til drift, kan ikkje være større enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

## Økonomisk handlingsrom

Aukra kommune har ein usedvanleg god økonomi, sett i forhold til resten av kommune-Norge. Kommunen sine driftsinntekter i siste avslutta rekneskapsår 2021 var på kr. 178 180,- per innbyggjar, som er heile 84 prosent høgare enn gjennomsnittet i landet (utan Oslo). Netto driftsresultat var på kr. 78,8 mill tilsvarande 12,8 prosent av brutto driftsinntekter. Landet utanom Oslo hadde eit tilsvarande gjennomsnittleg driftsresultat på 4,2 prosent. Aukra kommune sitt netto driftsresultat er dette året vesentleg påverka av utbetalt tilskot til arkeologiske utgravingar knytt til fastlandsløysing på kr. 55 mill.

I mai 2020 utnemnte regjeringa Solberg eit utval for å gå gjennom inntektssystemet for kommunane, og i august 2022 la utvalet fram sine råd. Her blir mellom anna følgjande uttalt:

*"Mange kommuner har i dag høye inntekter fra vannkraft, havbruksfond og eiendomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg. Disse inntektene inngår ikke i dagens utjevning av inntekter, og skaper store inntektsforskjeller mellom kommunene. Utvalget mener at mottakerkommunene fortsatt skal sitte igjen med en betydelig del av disse inntektene, men at flere av disse inntektene bør omfattes av en moderat utjevningsordning mellom kommunene".*

Utvalet foreslår at 10 prosent av kommunen sine inntekter frå konsesjonskraft, havbruksfondet og eigedomsskatt på kraftanlegg skal gå inn i grunnlaget for inntektsutjamninga.

<u>Dersom dette blir vedteke vil det for Aukra kommune medføre eit trekk på omlag 25 mill. kroner.</u>

Storleik på eigedomsskatt er ekstra usikker i denne økonomiske planlegginga, då ein før utskriving i februar 2023 skal ha gjennomført ny almen taksering. Vidare er kommunen sitt endelege vedtak i klagesak som gjaldt frå 2018 - 2022, blitt løfta inn for handsaming i domstolane.

**Fastlandsløysing - Kjerringsundet**

I politisk sak 20/22 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

1. Aukra kommunestyre forpliktar seg til å fullfinansiere prosjektet Kjerringsundet på ein slik måte at vilkåra vert oppfylt for at Kjerringsundet-prosjektet kan bli rekna som sjølvfinansierande for Møre og Romsdal fylkeskommune.
2. Aukra kommunestyre vedtek finansieringsavtale for prosjekt Kjerringsundet mellom Aukra kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, som er lagt ved saka
3. Konsekvensar og tiltak for økonomistyring og prioritering vert å kome tilbake til i eigen sak og kommande budsjett- og økonomiplaner
4. Aukra kommunestyre gjer endeleg tilslutning til utbygging av fv. 622 Kjerringsundet etter at ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet er gjennomført. 5. Ved endeleg tilslutning skal detaljert finansieringsplan (vedlegg 1 til finansieringsavtalen) vere utarbeidd

**Rammesak - budsjett 2023**

Politisk vedtak i denne saka legg sterke føringar for vidare økonomisk utvikling i Aukra kommune. I budsjettkonferanse og rammesak ( PS 37/22), politisk handsama 16.6.2022, var det stort fokus på korleis ein skulle legge til rette for å iverksette dette vedtaket. Vedtaket i rammesak - budsjett 2023 vart slik:

- Prognoser ut frå opplysningar i Kommuneproposisjonen for 2023 viser at Aukra kommune vil få ein beskjeden auke i sine frie disponible inntekter, i forhold til det som er lagt inn i økonomiplan for 2022. Fordeling til drift blir derfor halde uendra, på kr. 343,9 mill. Ramme til område 24 Innvandring og integrering kjem då i tillegg med 17,3 mill.
- Avdragstid på kommunen sine lån blir forlenga, slik som det går fram i denne saka.
- Politiske vedtak om avsetting til fond blir endra, slik det går fram av denne saka.
- Tilpassa driftsnivå i forhold til demografisk utvikling, andre premissendringar og oppfølging av planer/politiske vedtak må løysast gjennom omfordeling mellom budsjettområda.
- Økonomiplana sitt investeringsbudsjett for 2023 blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2022 blir innarbeidde. Vidare må ein i kommande budsjettarbeid vurdere om det er rom for å redusere investeringsnivået i åra som kjem

Budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel for 2023 - 2026 har teke omsyn til vedtaka, og avsetting er no auka med venta prisvekst og berekna avkasting på fond for fastlandsløysing. For å skape nødvendig økonomisk handlingsrom som dette er følgjande endringar gjort:

1. Lån som ut frå handlingsregel har hatt 15 års avdragstid blir endra til 30 års avdragstid
2. Politisk vedtekne avsettingar til fond blir halvert, dette gjeld:
    - Vedlikehaldsfond
    - Fond for tilrettelegging av næringslivssatsing fram mot 2025
    - Fond for rekruttering og omstilling
3. Innmeldte ønskje om driftstiltak er i all hovudsak ikkje tilrådd.
4. Planvedtak for investering i 2023 - 2025 er gjennomgått og redusert der dette har vore mogeleg
5. Nye ønska investeringsprosjekt er berre unntaksvis teke inn.

## Utvikling i økonomiske nøkkeltal

## Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 66,4 % | 59,9 % | 69,5 % | 89,2 % | 90,5 % | 90,4 % | 92,3 % | 92,8 % | 91,9 % |
| Handlingsregel | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % |

**Lånegjeld**

Aukra kommune har dei siste 10 åra hatt eit høgt investeringsnivå. Etterkvart har finansiering med eigenkapital blitt redusert og ein større og større del er i staden finansiert med låneopptak. Dette gjer at kommunen i dag har ei relativt høg gjeldsgrad, spesielt i forhold til tal på innbyggjarar, men og etterkvart i forhold til sum driftsinntekter.

I budsjett for 2023 er lagt inn føresetnad om låneopptak med 54 mill. kroner. Samtidig blir avdragstid utvida frå 15 til 30 år på dei fleste av kommunen sine lån. Det er ikkje økonomisk handlingsrom for å finansiere noko av investeringane med eigenkapital.

Statsforvaltaren set i sin rapport om utvikling i kommuneøkonomien i 2021 fokus på kommunane sitt gjeldsnivå. Aukra kommune har etter, Ulstein og Stranda, høgaste netto gjeld pr innbyggjar i fylket. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har eit vesentleg lågare nivå grunna kommunen sine ekstraordinære høge inntekter.

“Statsforvaltaren uttaler vidare: *” I Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka ytterlegare det siste året med 1,1 % til 111,9 %. Dette gjeldsnivået er svært høgt og vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det auka rentenivået underbygger dette. Vi tilrår no at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal på gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar."*

Gjeldsgraden er som oversiktene ovanfor viser høgare enn fastsett finansielt måltal for åra 2023 - 2026.

Deler av kommunen sin lånegjeld blir dekt av andre, slik som startlån og lån med rentekompensasjon. I tillegg vil lånegjeld innan VA-området og feiing bli dekket av dei kommunale gebyra. Etter at ein og tek omsyn til ledig likviditet med 214 mill. kroner er netto gjeld med renterisiko ved rapportering pr. 31.8.22 på kr. 185 mill. kroner.

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 113 612 | 106 600 | 125 251 | 159 802 | 165 619 | 169 779 | 169 096 | 166 427 | 162 743 |

## Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 22,8 % | 27,2 % | 22,9 % | 12,4 % | 7,3 % | 23,7 % | 26,5 % | 26,8 % | 27,0 % |

**Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat desse åra viser at Aukra kommune sin økonomi er svært god. Årsaka er høge frie disponible inntekter.

Netto driftsresultat i 2021 er vesentleg påverka av ytt tilskot på kr. 55 mill. til arkeologiske utgravingar i samband med planlagt fastlandsløysing.

I opprinneleg budsjett for 2022 var det eit netto driftsresultat på 105,8 mill. kroner, tilsvarande 17 prosent av sum driftsinntekter. Etter vedtekne budsjettendringar i sak om rapportering og budsjettendringar pr. 30.4.22 og 31.8.22, vart prognose for netto driftsresultat endra til 26,1 mill., lik 7,6 prosent av sum driftsinntekter. Dette er påverka av prognose om negativ avkasting på finansielle omløpsmidlar med kr. 20 mill. kroner. I opprinneleg budsjett var det lagt til grunn ein gevinst på 23 mill. kroner, slik at dette gjev ei samla negativ endring på kr. 43 mill. Vidare av auke i løyvingar til drift frå opprinneleg kr, 345,1 mill.

kroner til 393 mill kroner. Sett vekk frå etablert ramme på kr. 24,2 mill. for Innvandring og integrering, har det då gjennom driftsåret 2022 blir gjeve auka løyver med 23,6 mill. kroner.

Finansielt måltal for netto driftsresultat vil, med unntak av 2023, bli nådd i åra 2024-2026.

## Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 88,4 % | 107,1 % | 121,5 % | 131,9 % | 134,4 % | 153,2 % | 181,5 % | 210,6 % | 238,6 % |

Kommunen sitt disposisjonsfond er summen av alle vedtekne etablerte fond, andre frie midlar som er avsett og kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Det generelle disposisjonsfondet har ikkje fått føring for bruk og er då det fondet som må sjåast på som “reserven” for Aukra kommune.

Vedteken handlingsregel er at dette fondet skal utgjere minimum 8% prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter. For åra 2022 - 2026 er det berekna at det generelle disposisjonsfondet vil få ei slik behaldning:

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Generelt disposisjosnsfond - Beholdning 31.12** | **30 929 818** | **30 929 818** | **42 929 818** | **54 929 818** | **66 929 818** |
| Utgjer i prosent av brto dr.inntekt | 4,80 | 4,61 | 6,47 | 8,38 | 10,25 |

Premiss for denne utviklinga er at økonomiplan 2023 - 2026 blir etterlevd. Budsjettdisiplin og stram økonomistyring saman med realisering av innarbeidd innsparingstiltak må til.

Økonomisk handlingsregel for storleik på disposisjonsfond vil då bli nådd frå 2025.

I 2022 er det lagt inn føresetnad om bruk av “Generelt disposisjonsfond” til å realisere vedtekne avsettingar til andre disposisjonsfond. Oversikt over dei ulike fonda går fram under kapitlet “Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan”.

## Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukra kommune | 6,3 % | 2,7 % | 3,4 % | 3,2 % | 13,2 % | 3,2 % | 3,3 % | 2,7 % | 2,7 % |

Aukra kommune har ikkje vedtekne finansielle måltal for netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter.

Sjølv om det er ei auke i rentenivå fører utvida avdragstid til reduksjon i nøkkeltala frå 2023. Det er og viktig å vere merksam på at desse måltala er påverka av budsjettert forventing til avkasting på finansielle omløpsmidlar. Ved oppstart av prosjekt og overføring av oppsparte midlar til finansiering, vil desse måltala få ei vesentleg auke.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga

*Beløp i 1000*

| | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Budsjett 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Sum inntekter | -622 553 | -671 051 | -663 537 | -655 769 | -652 968 |

| | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum utgifter | 521 252 | 542 416 | 515 660 | 510 893 | 507 565 |
| **Brutto resultat** | **-101 301** | **-128 635** | **-147 877** | **-144 876** | **-145 403** |
| Netto finansutgifter og inntekter | 40 530 | 21 278 | 21 572 | 17 892 | 17 819 |
| Motpost avskrivinger | -45 009 | -51 434 | -49 276 | -48 521 | -48 521 |
| **Netto resultat** | **-105 781** | **-158 791** | **-175 581** | **-175 505** | **-176 105** |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 105 781 | 162 592 | 176 432 | 176 357 | 176 957 |
| **Årsresultat** | **0** | **3 801** | **852** | **852** | **852** |
| Netto resultat i prosent av sum inntekter | 17,0 % | 23,7 % | 26,5 % | 26,8 % | 27,0 % |

I økonomiplan 2023 - 2026 er kommune i brudd med fleire av dei finansielle måltal og handlingsreglene som er fastsett for ei berekraftig økonomisk utvikling.

Det generelle disposisjonsfondet er svært lågt i åra 2023 og 2024. Det vil krevje budsjettdisiplin og stram økonomistyring framover, dersom ein skal kunne bygge dette opp igjen til eit nivå som svarar ut måltalet. Det blir oppretta og avsett til nytt disposisjonsfond av ubrukte Integreringstilskot. Dette er basert på svært usikre føresetnader, men kan dersom dette blir ein realitet styrke det "Generelle disposisjonsfondet" i året etter driftsåret.

Det er grunn til å være merksam på at investering i varige driftsmidlar i 2023 vart vesentleg høgare enn lagt til grunn i planvedtaket. Dette reduserer økonomisk handlingsrom grunna auka rente og avdragsutgifter knytt til auka låneopptak. Med lågt generelt disposisjonsfond er det ikkje rom for finansiering med eigenkapital.

Realisering av finansiering av fylkesveg som skal sikre fastlandsløysing set klare føringar for økonomiske val og prioriteringar. Økonomiplan 2023 - 2026 er påverka av auka krav til avsettinga til fastlandsfondet, nedfelt i finansieringsavtale mellom Aukra kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. For å skape rom for dette er det er lagt inn nedtrekk av driftsrammer som innsparingstiltak i alle åra og nokon av dei tidlegare tilrådde tiltak er teke ut. Vidare er avdragstid på lån auka frå 15 til 30 år.

# Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Inntekts- og formuesskatt | -107 647 | -111 517 | -113 706 | -118 010 | -122 734 | -124 301 | -125 592 |
| Rammetilskudd | -133 697 | -123 020 | -122 611 | -138 649 | -136 232 | -139 174 | -140 720 |
| Eiendomsskatt | -225 684 | -249 318 | -247 204 | -246 204 | -245 204 | -242 955 | -242 955 |
| Andre generelle driftsinntekter | -7 603 | -7 603 | -43 603 | -54 091 | -45 270 | -35 242 | -30 122 |
| **Sum frie inntekter** | **-474 632** | **-491 458** | **-527 124** | **-556 954** | **-549 440** | **-541 672** | **-539 389** |

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Sum sentrale utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | 21 508 | 21 132 | 26 672 | 25 360 | 25 135 | 24 316 | 24 038 |
| Økonomiavdelinga | 9 108 | 9 544 | 10 298 | 9 931 | 9 931 | 7 931 | 7 931 |
| Organisasjonsavdelinga | 4 178 | 3 869 | 3 999 | 3 966 | 3 966 | 3 966 | 3 966 |
| Barnevern | 7 706 | 9 490 | 9 490 | 9 395 | 9 395 | 9 395 | 9 395 |
| Pedagogisk rådgjevar | 8 563 | 8 011 | 8 024 | 7 991 | 7 991 | 7 991 | 7 751 |
| Næring, revisjon, kyrkja mm | 27 142 | 28 342 | 29 127 | 28 783 | 28 741 | 28 741 | 28 741 |
| Gossen barne og ungdomsskole | 35 585 | 35 956 | 37 112 | 37 098 | 36 502 | 36 502 | 36 502 |
| Julsundet skole | 21 962 | 19 640 | 21 347 | 21 097 | 18 171 | 18 171 | 18 171 |
| Barnebo barnehage | 19 276 | 18 913 | 20 175 | 19 982 | 18 740 | 18 740 | 18 740 |
| Bergetippen barnehage | 12 164 | 12 671 | 14 198 | 15 195 | 14 839 | 14 839 | 14 839 |
| Innvandring og integrering | -1 334 | 134 | 24 291 | 26 878 | 23 518 | 23 518 | 23 358 |
| Kultur | 11 136 | 11 399 | 12 394 | 14 798 | 13 844 | 13 844 | 13 714 |
| Institusjon og butenester | 63 771 | 60 835 | 68 339 | 62 323 | 61 653 | 61 653 | 61 653 |
| Tenester til heimebuande | 33 853 | 35 555 | 36 310 | 36 682 | 36 510 | 36 840 | 36 840 |
| Helse | 16 002 | 17 638 | 18 832 | 18 077 | 17 479 | 17 479 | 17 479 |
| NAV Aukra | 3 532 | 4 035 | 4 091 | 4 056 | 4 056 | 4 056 | 4 056 |
| Tekniske tenester | -1 644 | 37 150 | 38 584 | 34 360 | 33 141 | 33 141 | 33 141 |
| Kjerringsundet | 60 790 | 10 000 | 13 200 | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sentrale ansvar | 19 325 | 833 | -8 543 | -89 | -11 327 | -12 850 | -14 852 |
| **Driftsutgifter per tenesteområde** | **372 623** | **345 148** | **387 940** | **376 885** | **352 287** | **348 275** | **345 465** |

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter | -2 316 | -6 280 | -2 780 | -12 000 | -12 530 | -12 860 | -13 360 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | -21 407 | -19 829 | 25 438 | -23 324 | -27 124 | -31 037 | -31 037 |
| Renteutgifter | 5 265 | 11 586 | 12 586 | 26 804 | 29 878 | 29 508 | 29 068 |
| Avdrag på lån | 41 954 | 55 053 | 55 053 | 29 798 | 31 348 | 32 281 | 33 148 |
| **Netto finansinntekter/finansutgifter** | **23 497** | **40 530** | **90 297** | **21 278** | **21 572** | **17 892** | **17 819** |
| Finansutgifter i tenesteområda | -4 094 | 0 | -5 327 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale finansutgifter** | **19 403** | **40 530** | **84 970** | **21 278** | **21 572** | **17 892** | **17 819** |
| Motpost avskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Til ubundne avsetninger | 70 220 | 107 726 | 53 111 | 163 692 | 177 532 | 176 357 | 176 957 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 0 | -6 935 | -16 700 | -1 100 | -1 100 | 0 | 0 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Overføring frå drift til finansiering av investeringar | 8 292 | 4 989 | 12 477 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto avsettingar** | **78 512** | **105 781** | **48 888** | **162 592** | **176 432** | **176 357** | **176 957** |
| Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda | 269 | 0 | -1 692 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale avsettingar** | **78 781** | **105 781** | **47 196** | **162 592** | **176 432** | **176 357** | **176 957** |

## Til ubundne avsetninger

Avsetning til frie fond korrigeres etter føresetnader i inngått finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, knytt til fastlandsløysing. Vidare korrigeres andre avsettingar for å skape handlingsrom for denne.

## Fondsutvikling for kommunen

*Beløp i 1000*

| Art (kode) | Art (namn) | Rekneskap2021 | Opphaveleg budsjett2022 | Rev. budsjett 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| DRIFT | | | | | | | | |
| 15400 | Avsetning til disposisjonsfond | 131 910 | 110 963 | 53 195 | 163 692 | 177 532 | 176 357 | 176 957 |
| 15500 | Avsetning til bunde fond | 4 546 | 0 | 3 007 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetting til driftsfond** | | **136 456** | **110 963** | **56 202** | **163 692** | **177 532** | **176 357** | **176 957** |
| 19400 | Bruk av disposisjonsfond | -64 676 | -10 400 | -18 614 | -4 901 | -1 952 | -852 | -852 |
| 19500 | Bruk av bunde fond | -1 530 | 0 | -2 870 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av driftsfond** | | **-66 206** | **-10 400** | **-21 484** | **-4 901** | **-1 952** | **-852** | **-852** |
| **Netto avsettingar i drift** | | **70 250** | **100 563** | **34 718** | **158 791** | **175 581** | **175 505** | **176 105** |
| INVESTERING | | | | | | | | |
| 05500 | Avsetning til bunde fond | 2 584 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetting til investeringsfond** | | **2 584** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum bruk av fond** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Netto avsettingar i investering** | | **2 584** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Netto drift og investering** | | **72 834** | **100 563** | **34 718** | **158 791** | **175 581** | **175 505** | **176 105** |
| SUM DRIFT OG INVESTERING | | | | | | | | |

| Art (kode) | Art (namn) | Rekneskap2021 | Opphaveleg budsjett2022 | Rev. budsjett 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum avsettingar | | 139 040 | 110 963 | 56 202 | 163 692 | 177 532 | 176 357 | 176 957 |
| Sum bruk av fond | | -66 206 | -10 400 | -21 484 | -4 901 | -1 952 | -852 | -852 |
| **Netto drift og investering** | | **72 834** | **100 563** | **34 718** | **158 791** | **175 581** | **175 505** | **176 105** |
| 15700 | Overføring til investeringsrekneskapen | 8 531 | 5 218 | 12 477 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring av driftsfond til bruk i investering** | | **8 531** | **5 218** | **12 477** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Differanse** | | **81 365** | **105 781** | **47 196** | **158 791** | **175 581** | **175 505** | **176 105** |

## Disposisjonsfond per 31.12.2023

*Beløp i 1000*

| Prosjekt (fond) | Prosjektnavn (fond) | Inngående balanse per 01.01. | Avsetting til disp.fond (1540) | Bruk av disp.fond (1940) | Utgående balanse per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|
| 825040 | Generelt disposisjonsfond | 30 980 | 0 | -3 156 | 27 824 |
| 825045 | Fond for framtidig vedlikehald | 28 000 | 0 | -645 | 27 355 |
| 825046 | Fond for tilrettelegging av næringslivssatsing fram til 2025 | 19 282 | 1 900 | -1 100 | 20 082 |
| 825050 | Fond for fastlandsløysing | 765 911 | 140 094 | 0 | 906 005 |
| 825060 | Fond for rekruttering, utvikling og omstilling | 4 996 | 1 250 | 0 | 6 246 |
| 825090 | Udisponerte integreringstilskot | 0 | 19 348 | 0 | 19 348 |
| 825099 | Andre disposisjonsfond | 7 754 | 0 | 0 | 7 754 |
| **Sum** | | | | | **1 014 614** |

## Disposisjonsfond per 31.12.2024

*Beløp i 1000*

| Prosjekt (fond) | Prosjektnavn (fond) | Inngående balanse per 01.01. | Avsetting til disp.fond (1540) | Bruk av disp.fond (1940) | Utgående balanse per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|
| 825040 | Generelt disposisjonsfond | 27 824 | 12 000 | -852 | 38 972 |
| 825045 | Fond for framtidig vedlikehald | 27 355 | 0 | 0 | 27 355 |
| 825046 | Fond for tilrettelegging av næringslivssatsing fram til 2025 | 20 082 | 1 900 | -1 100 | 20 882 |
| 825050 | Fond for fastlandsløysing | 906 005 | 147 383 | 0 | 1 053 388 |
| 825060 | Fond for rekruttering, utvikling og omstilling | 6 246 | 1 250 | 0 | 7 496 |
| 825090 | Udisponerte integreringstilskot | 19 348 | 13 900 | 0 | 33 248 |
| 825099 | Andre disposisjonsfond | 7 754 | 0 | 0 | 7 754 |
| **Sum** | | | | | **1 189 095** |

## Disposisjonsfond per 31.12.2025

*Beløp i 1000*

| Prosjekt (fond) | Prosjektnavn (fond) | Inngående balanse per 01.01. | Avsetting til disp.fond (1540) | Bruk av disp.fond (1940) | Utgående balanse per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|
| 825040 | Generelt disposisjonsfond | 38 972 | 12 000 | -852 | 50 120 |

| Prosjekt (fond) | Prosjektnavn (fond) | Inngående balanse per 01.01. | Avsetting til disp.fond (1540) | Bruk av disp.fond (1940) | Utgående balanse per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|
| 825045 | Fond for framtidig vedlikehald | 27 355 | 3 500 | 0 | 30 855 |
| 825046 | Fond for tilrettelegging av næringslivssatsing fram til 2025 | 20 882 | 0 | 0 | 20 882 |
| 825050 | Fond for fastlandsløysing | 1 053 388 | 155 707 | 0 | 1 209 095 |
| 825060 | Fond for rekruttering, utvikling og omstilling | 7 496 | 1 250 | 0 | 8 746 |
| 825090 | Udisponerte integreringstilskot | 33 248 | 3 900 | 0 | 37 148 |
| 825099 | Andre disposisjonsfond | 7 754 | 0 | 0 | 7 754 |
| **Sum** | | | | | **1 364 600** |

## Disposisjonsfond per 31.12.2026

*Beløp i 1000*

| Prosjekt (fond) | Prosjektnavn (fond) | Inngående balanse per 01.01. | Avsetting til disp.fond (1540) | Bruk av disp.fond (1940) | Utgående balanse per 31.12. |
|---|---|---|---|---|---|
| 825040 | Generelt disposisjonsfond | 50 120 | 12 000 | -852 | 61 268 |
| 825045 | Fond for framtidig vedlikehald | 30 855 | 3 500 | 0 | 34 355 |
| 825046 | Fond for tilrettelegging av næringslivssatsing fram til 2025 | 20 882 | 0 | 0 | 20 882 |
| 825050 | Fond for fastlandsløysing | 1 209 095 | 160 207 | 0 | 1 369 302 |
| 825060 | Fond for rekruttering, utvikling og omstilling | 8 746 | 1 250 | 0 | 9 996 |
| 825090 | Udisponerte integreringstilskot | 37 148 | 0 | 0 | 37 148 |
| 825099 | Andre disposisjonsfond | 7 754 | 0 | 0 | 7 754 |
| **Sum** | | | | | **1 540 704** |

## Kommentar til disposisjonsfonda

**Fond for fastlandsløysing**

Inngått finansieringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, knytt til fastlandsløysing set klare premissar for kommunen si langsiktige økonomistyring. Frå 2023 blir denne avsettinga styrka med avkasting på midlane i "fastlandsfondet" og justert for venta prisvekst. Avsettinga blir derfor auka frå 100 mill. kroner som er teke inn i kommunen sin økonomiske handlingsregler til gradvis 160 mill. kroner i 2026. Ein stor del av dette er avkasting som Aukra kommune tidlegare har teke inn som finansiering av eigen drift.

Fond for fastlandsløysing vil, gitt desse føresetnadane, ha ein saldo ved utgangen av 2026 på 1.370 mill. kroner.

**Generelt disposisjonsfond**

Fondet vil i 2023 og 2024 ikkje nå mål om storleik på 8 prosent. Ved utgangen av 2023 er berekna å ha ei behaldning på 30,9 mill. kroner. Dette er svært lågt dersom kommunen skulle få store uventa utgifter. Samtidig er avkasting på "fastlandsfondet" no teke ut av finansieringa av kommunen si løpande drift, og risikoen er dermed vesentleg redusert. Likevel er budsjettdisiplin, stram økonomistyring etter vedteken plan og iverksetting av innsparingstiltak ein føresetnad for styrkinga av fondet.

**Fond for tilrettelegging av næringssatsing i Aukra fram mot 2025**

Avsettinga av fondet er påverka av at kommunen har måtta skapt økonomisk handlingsrom for styrking av fond for fastlandsløysing. Avsettinga er derfor halvert i gjenværande år fram til 2025. Ut frå intensjonen i politisk vedtak om tilrettelegging fram mot 2025 er det ikkje lagt inn avsetting etter 2024. Det er vidare tildelingane frå Havbruksfondet som er grunnlag for avsetting. Desse inntektene er ikkje kjente og vil truleg variere mellom åra. Derfor vil og avsetting og behaldning bli påverka av det.

**Fond for framtidig vedlikehald**

For å auke økonomisk handlingsrom for avsetting til fastlandsfondet er og avsetting til dette fondet påverka. I åra 2023 og 2024 er det ikkje gjort avsetting. Grunnlag for dette er at fondet har ein lenger tidshorisont og at ein då vil ha tid til å styrke det i åra etter økonomiplanperioda. I 2025 og 2026 er avsetting til dette fondet halvert. Fondet er planlagt å ha ein saldo på 35 mill. ved utgangen av 2026.

**Fond for rekruttering, utvikling og omstilling**

For å auke økonomisk handlingsrom for avsetting til fastlandsfondet er og avsetting til dette fondet halvert i alle åra. Samtidig skal kommunen gjennomføre prosessar der budsjetterte innsparingar skal settast i verk . Dette vil føre til auka ressursbruk og behov for utgreiingar som grunnlag for vedtak. Kommunen ser derfor at behaldning i fondet kan bli noko låg.

**Udisponert integreringstilskot**

På grunn av den pågåande krigen i Ukraina og at busetting av flyktningar i åra 2023-2026 enno ikkje er politisk avklara, er det ikkje mogeleg å fastsette dette sikkert. Det er likevel gjort ei vurdering og eit skjønn som ligg til grunn for berekning av integreringstilskott i åra 2023 - 2026. Dette er usikre inntekter og det samtidig ikkje fullt ut kartlagt kva behov dette elles vil føre til i kommunen si tenesteyting. “Overskot” på integreringstilskotet er derfor avsett til eit eige fond. Når det enkelte driftsår er omme kan desse midlane overførast til det generelle disposisjonsfondet for ytterligare styrking av dette.

**Oppsummering**

Dersom ein styrer økonomien som føresett i Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 legg ein gode grunnlag for oppbygging av fond til fastlandsløysing. Sjølv om det er eit for lågt generelt disposisjonsfond i 2023 og 2024 vil ein gjennom god styring etter vedteken plan frå åra 2025 styrke dette slik at ein sikrar ei berekraftig økonomisk utvikling. Ved utarbeding av Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 er bruk av fond gjennom åra ikkje kjent. Den faktiske behaldninga det enkelte år vil derfor bli påverka av dette etterkvart som det blir aktuelt.

## Til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Oppsummering sentrale postar** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
| Sum generelle driftsinntekter | -491 458 | -556 954 | -549 440 | -541 672 | -539 389 |
| Avskrivingar | 45 009 | 51 434 | 49 276 | 48 521 | 48 521 |
| Netto finansutgifter | 40 530 | 21 278 | 21 572 | 17 892 | 17 819 |
| Motpost avskrivingar | -45 009 | -51 434 | -49 276 | -48 521 | -48 521 |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 105 781 | 162 592 | 176 432 | 176 357 | 176 957 |
| **Sum sentrale inntekter og utgifter - Til fordeling tenesteområda** | **-345 148** | **-373 084** | **-351 436** | **-347 423** | **-344 613** |

| Oppsummering sentrale postar | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum fordelt tenesteområda** | **345 148** | **376 885** | **352 287** | **348 275** | **345 465** |
| Meirforbruk/mindreforbruk | 0 | 3 801 | 852 | 852 | 852 |

## Disponering av driftsramma

### Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar fordelt på endringskategoriar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinnelig budsjett** | **345 148** | **345 148** | **345 148** | **345 148** |
| Vedtak forrige periode | -1 486 | 1 592 | 1 516 | 1 236 |
| Budsjettendring i år | 45 522 | 41 287 | 39 118 | 37 255 |
| **Konsekvensjusteringer** | **44 036** | **42 879** | **40 634** | **38 491** |
| Konsekvensjustert ramme | **389 184** | **388 026** | **385 781** | **383 638** |
| Politisk vedtak | 3 801 | 852 | 852 | 852 |
| Innsparingstiltak | -3 556 | -27 059 | -37 191 | -48 059 |
| Nye tiltak | -12 544 | -9 532 | -1 167 | 9 034 |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-12 299** | **-35 739** | **-37 506** | **-38 173** |
| Ramme 2023-2026 | **376 885** | **352 287** | **348 275** | **345 465** |

### Oversikt Drift

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Frie inntekter** | | | | | | | |
| Inntekts- og formuesskatt | -107 647 | -111 517 | -113 706 | -118 010 | -122 734 | -124 301 | -125 592 |
| Rammetilskudd | -133 698 | -123 020 | -122 611 | -138 649 | -136 232 | -139 174 | -140 720 |
| Eiendomsskatt | -225 684 | -249 318 | -247 204 | -246 204 | -245 204 | -242 955 | -242 955 |
| Andre generelle driftsinntekter | -7 603 | -7 603 | -43 603 | -54 091 | -45 270 | -35 242 | -30 122 |
| **Sum frie inntekter** | **-474 632** | **-491 458** | **-527 124** | **-556 954** | **-549 440** | **-541 672** | **-539 389** |
| **Sentrale utgifter** | | | | | | | |
| **Sum sentrale utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Driftsutgifter per tenesteområde** | | | | | | | |
| Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga | 21 508 | 21 132 | 26 672 | 25 360 | 25 135 | 24 316 | 24 038 |
| Økonomiavdelinga | 9 108 | 9 544 | 10 298 | 9 931 | 9 931 | 7 931 | 7 931 |
| Organisasjonsavdelinga | 4 178 | 3 869 | 3 999 | 3 966 | 3 966 | 3 966 | 3 966 |
| Barnevern | 7 706 | 9 490 | 9 490 | 9 395 | 9 395 | 9 395 | 9 395 |
| Pedagogisk rådgjevar | 8 563 | 8 011 | 8 024 | 7 991 | 7 991 | 7 991 | 7 751 |
| Næring, revisjon, kyrkja mm | 27 142 | 28 342 | 29 127 | 28 783 | 28 741 | 28 741 | 28 741 |
| Gossen barne og ungdomsskole | 35 585 | 35 956 | 37 112 | 37 098 | 36 502 | 36 502 | 36 502 |
| Julsundet skole | 21 962 | 19 640 | 21 347 | 21 097 | 18 171 | 18 171 | 18 171 |
| Barnebo barnehage | 19 276 | 18 913 | 20 175 | 19 982 | 18 740 | 18 740 | 18 740 |
| Bergetippen barnehage | 12 164 | 12 671 | 14 198 | 15 195 | 14 839 | 14 839 | 14 839 |
| Innvandring og integrering | -1 334 | 134 | 24 291 | 26 878 | 23 518 | 23 518 | 23 358 |
| Kultur | 11 136 | 11 399 | 12 394 | 14 798 | 13 844 | 13 844 | 13 714 |
| Institusjon og butenester | 63 771 | 60 835 | 68 339 | 62 323 | 61 653 | 61 653 | 61 653 |
| Tenester til heimebuande | 33 853 | 35 555 | 36 310 | 36 682 | 36 510 | 36 840 | 36 840 |
| Helse | 16 002 | 17 638 | 18 832 | 18 077 | 17 479 | 17 479 | 17 479 |
| NAV Aukra | 3 532 | 4 035 | 4 091 | 4 056 | 4 056 | 4 056 | 4 056 |
| Tekniske tenester | -1 644 | 37 150 | 38 584 | 34 360 | 33 141 | 33 141 | 33 141 |
| Kjerringsundet | 60 790 | 10 000 | 13 200 | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| Sentrale ansvar | 19 325 | 833 | -8 543 | -89 | -11 327 | -12 850 | -14 852 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsutgifter per tenesteområde** | **372 623** | **345 148** | **387 940** | **376 885** | **352 287** | **348 275** | **345 465** |
| Korr. finansutgifter i tenesteområda | 4 094 | 0 | 5 327 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Korr. avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda | -269 | 0 | 1 692 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Korr. motpost avskrivingar i tenesteområdet | 43 419 | 45 009 | 45 009 | 51 434 | 49 276 | 48 521 | 48 521 |
| **Brutto resultat (KOSTRA)** | **-54 765** | **-101 301** | **-87 156** | **-128 635** | **-147 877** | **-144 876** | **-145 403** |
| Renteinntekter | -2 316 | -6 280 | -2 780 | -12 000 | -12 530 | -12 860 | -13 360 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | -21 407 | -19 829 | 25 438 | -23 324 | -27 124 | -31 037 | -31 037 |
| Renteutgifter | 5 265 | 11 586 | 12 586 | 26 804 | 29 879 | 29 509 | 29 069 |
| Avdrag på lån | 41 954 | 55 053 | 55 053 | 29 798 | 31 348 | 32 281 | 33 148 |
| Netto finansinntekter/finansutgifter | 23 497 | 40 530 | 90 297 | 21 278 | 21 572 | 17 892 | 17 819 |
| Finansutgifter i tenesteområda | -4 094 | 0 | -5 327 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale finansutgifter** | **19 403** | **40 530** | **84 970** | **21 278** | **21 572** | **17 892** | **17 819** |
| Motpost avskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Motpost avskrivingar i tenesteområda | -43 419 | -45 009 | -45 009 | -51 434 | -49 276 | -48 521 | -48 521 |
| **Netto resultat (KOSTRA)** | **-78 781** | **-105 781** | **-47 195** | **-158 791** | **-175 581** | **-175 505** | **-176 105** |
| Til ubundne avsetninger | 70 220 | 107 726 | 53 111 | 163 693 | 177 532 | 176 357 | 176 957 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 0 | -6 935 | -16 700 | -1 100 | -1 100 | 0 | 0 |
| Overføring frå drift til finansiering av investeringar | 8 292 | 4 989 | 12 477 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsettingar | 78 512 | 105 781 | 48 888 | 162 593 | 176 432 | 176 357 | 176 957 |
| Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda | 269 | 0 | -1 692 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale avsettingar** | **78 781** | **105 781** | **47 196** | **162 593** | **176 432** | **176 357** | **176 957** |
| **Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+)** | **0** | **0** | **1** | **3 801** | **852** | **852** | **852** |

## Oversikt Investering og finansiering

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Investeringer i varige driftsmidler | 61 288 | 41 527 | 34 142 | 29 353 |
| Tilskudd til andres investeringer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansieringsbehov** | **62 188** | **42 427** | **35 042** | **30 253** |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -6 300 | -4 530 | -5 219 | -3 981 |
| Tilskudd fra andre | -480 | -240 | -240 | -240 |
| Salg av varige driftsmidler | -1 300 | -1 140 | -1 140 | -1 140 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -54 108 | -36 517 | -28 443 | -24 892 |
| Videreutlån | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Bruk av lån til videreutlån | -20 000 | -20 000 | -20 000 | -20 000 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 3 210 | 4 027 | 4 845 | 5 439 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | -3 210 | -4 027 | -4 845 | -5 439 |

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Overføring fra drift | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansiering | -62 188 | -42 427 | -35 042 | -30 253 |
| **Sum finansieringsbehov** | **62 188** | **42 427** | **35 042** | **30 253** |
| **Sum finansiering** | **-62 188** | **-42 427** | **-35 042** | **-30 253** |
| Udekt finansiering | 0 | 0 | 0 | 0 |

# Kommunen sine ramme- og tenesteområde

# Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

## Omtale av tenesteområdet

Ramme 10.1 består av kommunedirektør, kommunalsjef, politisk leiing og serviceavdeling.

Serviceavdelinga er ein av stabs- og støttefunksjonane i kommunen med til saman 3,9 årsverk. Avdelinga yt tenester til politiske organ og kommunedirektøren, og har ein rådgjevande funksjon ut mot einingane. Avdelinga yt òg tenester til innbyggjarane. Avdelinga har mellom anna desse oppgåvene:

- Felles postmottak.
- Ekspedisjon og sentralbord.
- Politisk sekretariat.
- Valgjennomføring.
- Overordna dokumentasjons- og arkivansvar for organisasjonen.
- Kommunikasjonsavdeling:
    - Kommunikasjonsstrategien.
    - Tilsettportalen.
    - Heimesida.
    - Kommunen sine offentlege kanalar i sosiale media.
    - Teams.
- Informasjonssikkerheit- og personvern.
- Systemeigar og administratorar for følgjande system:
    - Kvalitetssystemet Compilo.
    - Mobilt bedriftsnett.
    - Sak- og arkivsystemet Public360.
    - Stemplingssystemet MinWinTid.
- Sosialtenester: Ansvar for startlån, bustønad, parkeringsløyve og drosjekort.
- Digitalisering.
- Funksjonar innanfor IKT-samarbeidet som bestillarrolle, deltaking i faggrupper og arbeidsgrupper.

## Utfordringar og tiltak for 2023

**«Trygge hjem»**

Aukra kommune deltek i eit regionalt prosjekt saman med Husbanken, NAV, Statsforvaltaren og fykeskommunen som har fått namnet «Trygge hjem». Prosjektet går ut på å skape trygge bustader og eit godt bumiljø for barnefamiliar.

I følgje 2020-tal frå SSB, budde ca. 3,9 % av barna i Aukra kommune i hushald med små, leide bustader der også familien hadde låg inntekt. Med deltaking i dette prosjektet, ønskjer Aukra kommune å jobbe enda meir målretta ved bruk av startlån å hjelpe barnefamiliar å kjøpe eigen bustad. Per 01.10.2022 innvilga kommunen 11 søknadar om startlån og 8 av desse var til barnefamiliar, dvs. 73%. Sjølv om statistikken viser at kommunen innvilgar startlån til mange barnefamiliar, ønskjer ein likevel å jobbe meir målretta mot barnefamiliane som er i denne målgruppa.

**Digital transformasjon (tenestetransformasjon) og innovasjon**

Kommunen si digitaliseringsgruppe deltok i perioden 2021 til 2022 i eit prosjekt saman med DIGI Møre og Romsdal for å auke kompetansen og forståinga rundt digital transformasjon. Dette for å gje digitaliseringsgruppa eit felles kompetansekløft og ein felles plattform, forståing og verktøy som gruppa kan bruke. Kompetanseløftet skal styrke arbeidet med å lede organisasjonen mot transformasjon, identifisere mulegheiter og utfordringar.

Som eit naturleg resultat av ei slik kompetanseheving er å sjå på korleis kommunen kan løyse sine oppgåver på ein meir effektiv og innovativ måte. I den anledning er det oppretta eit innovasjonsråd som mellom anna skal legge til rette for medarbeiderdrevet innovasjon i egen kommune. Kommunen ønskjer å skape ein kultur for forbetring og innovasjon, og at tilsette kan komme med forslag på t.d. forbetring og forenkling av arbeidsprosessar.

## Kommunikasjon og informasjon

Aukra kommune har nyleg tatt i bruk kommunikasjonsstrategien som vart vedteke sommaren 2022. Strategien inneheld ein del mål og tiltak som skal etterlevast i heile organisasjonen. Fleire av måla jobbar kommunikasjonsavdelinga aktivt med i dag, men det er også viktig at heile organisasjonen jobbar mot dei same måla i kommunikasjonsstrategien.

## Den digitale innbyggjaren - digitalt utanforskap

Digitalt utanforskap er eit omgrep som blir meir og meir løfta fram i dagen. På landsbasis er det ca. 3% (130 000)  av innbyggjarane som ikkje brukar internett, PC, smarttelefon eller nettbrett. Dette er tal som KS presenterte i 2021.

Den digitale utviklinga går raskt og digital kompetanse er viktigare enn nokon gong. Fleire tenester blir digitale som alt frå det å kjøpe billett på bussen, betale ei rekning, lese nyheiter, søke om tenester, bruk av velferdteknologi, bestille legetime med meir. Å ikkje kunne bruke ein smarttelefon eller eit nettbrett, kan vere med på å fremje digitalt utanforskap. Digitalisering av tenestene kan også føre til at fleire ikkje har kapasitet til å følgje med og blir ståande utanfor samfunnet.

Kommunen arrangerte i 2022, i samarbeid med pensjonistlaget, eit prøveprosjekt med Digital kafé. Kafeen var eit lågterskeltilbod der alle var velkomne, uansett alder. Kommunen vil sjå på tiltak vidare rundt denne utfordringa med bakgrunn i erfaringane frå den digitale kafeen.

## Personvern og informasjonssikkerheit

Kommunen jobba systematisk med opplæring og oppgåveløysing rundt GDPR i 2021. I 2022 var fokuset å ferdigstille behandlingsprotokollar, gjennomføre ROS (risikoanalysar) og DPIA (personkonsekvensvurderingar) , melde avvik, samt sikre at einingsleiar har fokus på opplæring av alle tilsette gjennom opplæringsprogrammet i KS Læring.

Det er utfordrande å ha nok tid og ressursar til å oppfylle alle krav som ligg i GDPR-forordninga. Å gjennomføre risikoanalyse for alle arbeidsprosessar og for fagsystem er tidkrevjande. Det same gjeld for gjennomføring av personvernkonsekvensvurderingane (DPIA) som ein er pålagt å gjennomføre.

ROR IKT er i gang med å innføre system for sikkerheitsovervaking for å raskare kunne avdekke mulege forsøk på digitale angrep mot kommunen sine informasjonssystem.

KS i gang med å kartlegge mulegheita for å etablere felles norm for informasjonssikkerheit og personvern for kommunal sektor. KS har også jobba systematisk med innføring av Skolesec, som skal vere med på å styrke det digitale læringsmiljøet. Det er viktig at skolane jobbar systematisk med sikkerheit for å styrke personvernet til elevane.

**Dokumentasjonsforvaltning**

I 2022 vart arkivplana revidert og vedteke i kommunestyret. Arbeidet vidare blir å utarbeide bevarings- og kassasjonsplan for kommunen. Målet er at planen skal vedtakast i 2023.

Kommunen er også i gang med å avlevere papirarkiv til IKA Møre og Romsdal for rydding og ferdigstilling. Dette prosjektet går fram til 2025.

Arkivloven pålegg offentlege organ eit ansvar for å ha eit arkiv. Kommunen har eit ansvar for å sikre at både kortsiktig og langsiktig behov for å ivareta viktig og arkivverdig dokumentasjon, vert imøtekommen. Arkivet har ein viktig funksjon for både arkivskapar (kommunen) og samfunnet elles. Arkivlova skal sikre at

- offentlege organ kan halde oversikt over verksemda si,
- forvaltninga kan dokumentere sine vedtak og sitt arbeid for all tid eller til dokumentasjonsbehovet fell vekk,
- publikum får tilgang til viktig informasjon,
- enkeltpersonar sitt rettsvern ved å dokumentere personlege rettar vert tatt i vare,
- dokumentasjonen blir ei kjelde til samfunnet si kulturarv og
- dokumentasjonen kan brukast som grunnlagsmateriale for forsking.

Statistikken tatt ut frå kommunen sitt saks- og arkivsystem seier noko om dokumentfangsten i kommunen. I følgje statistikken ser dokumenfangsten ut slik (inngåande og utgåande dokument):

| | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Dokument inn | 3 482 | 3 418 | 3 073 |
| Dokument ut | 2 606 | 2 989 | 2 365 |
| **Totalt** | **6 090** | **6 400** | **5 440** |

Som tala viser så blir det produsert færre dokument i P360 no enn for året før. Den same utviklinga gjeld også for dokument inn. Det kan vere ulike orsakar til at statistikken endrar seg frå år til år.

Når det gjeld informasjon som kjem til kommunen/blir sendt frå kommunen via andre system enn systema dokumentsenteret har ansvar for (P360, Altinn, fellespost), er organisasjonen avhengig av at tilsette journalførar arkiverdig dokument på eige initiativ. Dette gjeld t.d. arkivverdig e-post til/frå tilsette. Fleire og fleire fagsystem har eigen modul for oppbevarling av dokument. Desse systema er ikkje

godkjent som arkiv og organisasjonen er avhengig av integrasjonar mellom fagsystem og arkivsystem for overføring av arkivverdig dokumentasjon.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **21 132** | **21 132** | **21 132** | **21 132** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **1 996** | **1 416** | **1 696** | **1 416** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **2 142** | **2 142** | **1 042** | **1 042** |
| **Konsekvensjusteringer** | **4 138** | **3 558** | **2 738** | **2 458** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **25 270** | **24 690** | **23 870** | **23 590** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -256 | -256 | -256 | -256 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-256** | **-256** | **-256** | **-256** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Auke i kontingent ROR IKT | 300 | 700 | 700 | 700 |
| Intensjonsavtale DIGi Møre og Romsdal | 46 | 1 | 2 | 4 |
| **Sum Nye tiltak** | **346** | **701** | **702** | **704** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **90** | **445** | **446** | **448** |
| **Ramme 2023-2026** | **25 360** | **25 135** | **24 316** | **24 038** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.3 Vidareutvikle infrastruktur | Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband | Årleg avsetjing til fond for fastlandsløysing i tråd med politisk vedtak | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 |
| 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne | Sikre gode og likeverdige tenester | Gjennomføre førehandstemming på Orta ved kommune- og stortingsval | | | | |
| | | Orta skal også vere representert på kommunen si heimeside og i sosiale media. | | | | |
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk | Kommunikasjon og klart språk | | | | |
| | | Universell utforming og tilgjengelegheitserklæring | | | | |
| | Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser | Delta på ulike interkommunale og nasjonale arena | | | | |
| | Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval | Fokus på bruk av kvalitetssystemet Compilo | | | | |
| | | Fokus på utvikling av tilsettportalen som den føretrekte kanalen for internkommunikasjon. | | | | |
| | | Kommunen skal framleis ha fokus utvikle digitale skjema som eit alternativ til papirskjema. | | | | |
| | | Papirskjema skal bli fulldigitale | | | | |
| | Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder | Behandlingsprotokoll: Revidere behandlingsprotokollar. | | | | |
| | | Bevarings- og kassasjonsplan | | | | |
| | | DPIA: Starte arbeidet med personvernkonsekvensvurderingar | | | | |
| | | Gjennomføre ROS-analyser både på fagsystem og for arbeidsprosessar. | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Gjennomføring av eigenkontroll og leiinga sin gjennomgang | | | | |
| | | Melde avvik på brot på personopplysningslova og forordninga. | | | | |
| | | Opplæring av tilsette og øvingar | | | | |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester | Kompetanseheving for innbyggjarar | | | | |
| | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering | Vidare arbeid rundt digital transformasjon og innovasjon | | | | |
| | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk | . | | | | |
| | | Dokumentasjonsforvaltning: Intern møteverksemd | | | | |
| | | Opplæring M365 | | | | |
| | | Opplæring P360/webinar | | | | |
| | | Teams: Gjennomføre oppfølgingssamtalar med einingane om deira bruk av Teams | | | | |

# Økonomiavdelinga

## Omtale av tenesteområdet

Avdelinga har fagleg ansvar for økonomi, løn, innkrevjing, innkjøp og finansforvaltning. Innanfor desse områda skal avdelinga yte god fagleg bistand til einingane og utarbeide forsvarlege grunnlag for administrativ og politisk leiing sine vedtak.

Vidare har avdelinga ansvar for prosess og utarbeiding av budsjett og økonomiplan med handlingsdel og årsrapport, og drift- og system-ansvar for kommunen sitt overordna virksomhetsstyringsverktøy, Framsikt og kommunen sitt ERP system Visma Enterprise. Avdeling yter juridisk bistand til heile organisasjonen.

Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for det administrative arbeidet knytt til taksering av skatteobjekta og utskriving av eigedomsskatt.

Avdelinga har 8 tilsette i 7,8 årsverk.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Kommunelova, av 22 juni 2018, sine føresegner kring rekneskap og budsjett m.m. legg føringar for løysinga av avdelinga sine oppgåver. I lova er det lagt sterk vekt på ei forsvarleg langsiktig økonomistyring, og det blir stilt krav om handlingsreglar og økonomiske måltal.

Avdelinga har jobba med å få til ei betre organisering og fordeling av oppgåver slik at desse har ein god samanheng og vi er trygg på å kunne ta desse i vare og ved fråvær eller endring av medarbeidarar på avdelinga. Vidare har det vore fokus på styrking av dei tilsette si kompetanse, slik at dei opplever å vere autonome medarbeidarar med stor tru på meistring og høg motivasjon for å løyse avdelinga sine oppgåver.

Avdelinga arbeider kontinuerleg med å halde seg oppdatert på digitale løysingar som kan gjere arbeids-kvardagen vår meir effektiv og medverke til betre kvalitet. Dette gjeld både for eigne interne arbeidsprosessar, men og i stor grad for arbeidsprosessane i resten av organisasjonen. Dette tek mykje tid, men gjev oss gevinst i enden.

System for eHandel er no sett opp slik at organisasjonen kan nå alle leverandørar vi ønsker å gjere innkjøp med. Gevinsten ved dette er enklare, sikrare og meir effektive innkjøp og effektivisering av handsaming av faktura. Ein kan og slik i større grad sikre etterleving av innkjøpsavtalar, samt lov- og forskrift om offentlege anskaffingar. Det er eit mål om at organisasjonen skal auke bruken. So langt i 2022 har ein ikkje lukkast i dette, det er derfor igjen sett skarpare fokus på dette, opplæring er rigga om og det blir systematisk arbeidd for å få dette implementert i organisasjonen.

Lønsområdet har hatt fokus på å erstatte manuelle oppgåver med elektroniske løysingar i saksgang. Dette for å sikre god kontroll, og minske risiko for feil i heile organisasjonen. I slutten av 2020 vart det også innført ein ekstra elektronisk kontroll med godkjenning av løns-transaksjonane på kvar einskild eining, dette for å sikre korrekt utbetaling av løn.

Nye og fleire digitale system fordrar kontinuerleg kvalitet på tilgangstyringar, elektronisk saksgang samt integrasjon mellom ulike fag og økonomisystem. Svikt i desse forhold kan få store konsekvensar som mogleg feilinformasjon til tredjepart, eller at uvedkommande får tilgang til person-sensitive

opplysningar. Dette arbeidet har derfor hatt høg prioritet, og i 2022 har det vore gjort eit større arbeid for at tilsette ikkje skal ha tilgang til meir enn dei har tenestleg behov for. Avdelinga handsamar mange personoplysningar og har eitt skarpt fokus på og arbeidd for å sikre etterleving av personvern-forordninga - GDPR.

Stillinga som jurist har primært fokus på og gjev eigedomsskattekontoret sine oppgåver prioritet. Men både avdelinga elles og andre einingar/avdelingar i administrasjonen har òg hatt stor nytte og støtte i den juridiske kompetansen som no er på plass. Dette gjeld både i samband med enkeltsaker som til dømes klage- eller byggesaker, men òg knytt til gjennomgang av ulike reglement som ledd i organisasjonsutvikling.

Avdelinga har i 2022 jobba med etterslep av forbetring- og utviklingsoppgåver. Det har vore ei skarpt blikk på å etablere god beskrivingar og rutinar for å sikre den økonomiske internkontrollen. På lønnsområdet er det utarbeidd er samla intern-kontroll handbok med oversikt over rammer og rutinar. Denne vil være mal for det same arbeidet som skal gjerast på økonomi-området i 2022 og 2023. Avdelinga har kartlagt og dokumentert delegert mynde frå einings- og avdelingsleiarar. Tilgangar til ulike fagsystem har blitt oppdatert i samsvar med desse. Avdelinga har utarbeidd brukarmanualar, rettleiingar og informasjon til leiarar og tilsette som støtte i arbeidsprosessar, men og til hjelp for å forstå rettar og pliktar kring ferie, fråvær informasjon kring løn med meir. Som ei vidareføring av dette arbeidet har avdelinga som mål å utarbeide opplæringsplan for 2023, som sikrar systematisk og løpande opplæring.

**Nye økonomi og styringssystem**

Styret i ROR-ikt har vedteke at kommunane i samarbeidet skal delta i konkurranse om kjøp av nytt ERP-system (løn/økonomi/personal) gjennom opsjon på tilbudskonkurranse gjennomført av IKT-orkide. Deira målsetting er at ny avtale skal starte 1.1.2024. Styret i ROR-ikt har og vedteke at ein går til kjøp av nytt system for styring av verksemda (plan- og økonomistøtteverktøy).

## Utfordringar og tiltak for 2023

Avdelinga jobbar framleis med å kome ajour i oppgåver kring økonomisk internkontroll, GDPR, innkjøp og store refusjonsrestansar med meir.

I 2022 greidde avdelinga å levere årsrekneskapen til fastsett frist. Dette er ein klar ambisjon og for 2023, då med mindre ekstrainnsats i januar og februar for å greie dette.

Avdeling vil fortsette arbeidet med å redusere feilføringar i rekneskapen, gjere jamlege avstemmingar for slik å legge til rette for meir effektivt arbeid med avslutting av årsrekneskapen. Vi har arbeidd og vil fortsette arbeidet i 2023 for å ha så godt utgangspunkt som mogeleg, og slik redusere omfanget av stor arbeidsbelasting i januar og februar. Dess tidlegare avdelinga kan ferdigstille årsrekneskap dess betre utgangspunkt er det og for avdelinga sitt arbeid vidare i året.

Ansvarsområdet offentlege innkjøp er utfordrande å følgje opp på ein tilstrekkeleg og god nok måte med ein ressurs på 30%. Press på andre daglege oppgåver knytt til mva og rapportering må mange gonger prioriterast på bekostning av utvikling av dette området. Prosjekt som skal sikre auka bruk av eHandel må gjevast fokus og ressursar, for at fastsette mål kan nåast.

Avdeling vil i 2023 arbeide vidare med etablering av retningslinjer og interne rutine beskrivingar i forlenging av vedteke økonomireglement i desember 2021.

Det er gjort eit styre-vedtak i RORikt om å etablere opsjon på kjøp av nytt ERP-system (løn/økonomi/personal). Målsetting er at ny avtale skal starte 1.1.2024. Dette vil medføre mange og nye oppgåver for avdelinga. Nytt system frå anna leverandør vil så langt ein er kjent med frå tilsvarande prosessar medføre mykje nye omfattande oppgåver.

Dersom ein skal kunne delta i utviklinga på ERP-system, og dra nytte av funksjonaliteter og automatiseringar, må endring av system gjerast. Det er i dag i mykje større grad etablert automatisering av arbeidsprosessar og oppgåver, slik at ein både kan jobbe meir effektivt og smartare. Tilsette på avdelinga vil i større og større grad ha controller oppgåver i staden for rutineoppgåver. Dette vil og medføre behov for endra kompetanse på avdelinga.

Fortsatt stor arbeidsmengde, etterslep på utvikling/forbetring og nye ERP system gjer det kritisk å ha tilstrekkeleg og kompetent bemanning tilstades.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **9 544** | **9 544** | **9 544** | **9 544** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **0** | **-2 000** | **-2 000** | **-2 000** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **487** | **487** | **487** | **487** |
| **Konsekvensjusteringer** | **487** | **-1 513** | **-1 513** | **-1 513** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **10 031** | **8 031** | **8 031** | **8 031** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -100 | -100 | -100 | -100 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-100** | **-100** | **-100** | **-100** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Eigedomsskattekontoret - juridisk bistand | 0 | 2 000 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **0** | **2 000** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-100** | **1 900** | **-100** | **-100** |
| **Ramme 2023-2026** | **9 931** | **9 931** | **7 931** | **7 931** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval | Informasjon/moglegheiter som er tilgjengeleg i Minside skal gjerast kjent for innbyggjarane via heimeside og andre kommunikasjonskanalar | | | | |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk | Utarbeide og implementere årleg opplæringsplan | | | | |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Økonomiavdelinga prioriterer og planlegg for gode læreplassar | | | | |
| | Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggarar | Årlig revidering av kompetanseplan for Økonomiavdelinga | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser | Tal på Økonomiavdelinga si deltaking på eksterne arenaer pr. år | 1 | 2 | 3 | 2 |
| | Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg | Økonomiavdelinga tek i bruk nye digitale løysingar som kjem gjennom året | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| 8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk | Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving | Økonomiavdelinga sett fokus på eiga dagleg drift, og kva vi kan bidra med for å redusere klimaavtrykket | | | | |

# Organisasjonsavdelinga

## Omtale av tenesteområdet

Organisasjonsavdelinga har 2 faste heiltidsstillingar på HR-området og 20 % for hovudverneombod. I tillegg har avdelinga eit 2-årig engasjement som skal ha fokus på rekruttering og tiltak i rekrutteringsplanen. Den stillinga er finansiert av fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

Dei mest aktuelle lov- og avtaleverk er arbeidsmiljølova, forvaltningslova, offentleglova, lov om likestilling og diskriminering, hovudtariffavtalen og hovudavtalen.

Primæransvaret for avdelinga er å legge til rette for at kommunen sine leiarar skal ha gode verktøy for å utøve personalleiaransvaret, i tråd med delegeringsreglementet, samfunnsdelen av kommuneplanen og i tråd med tenesteavtalen mellom stab/støtte og resultateiningane.

Avdelinga har saksbehandling til administrasjonsutval og politiske utval, utarbeider planar, reglement og retningslinjer og er rådgjevarar på heile HR-området. I tillegg har avdelinga ansvar for å setje i verk oppgåver initiert av sentrale styresmakter, KS og etter lokale vedtak i politiske utval.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

I tråd med samfunnsplanen pkt 5.7 - Kompetente medarbeidarar, rekruttering - vil Aukra kommune vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar. Dette krev kontinuerleg arbeid med tiltaka i samfunnsplanen og rekrutteringsplana, og årleg oppdatere bemannings- og kompetanseplanane i organisasjonen.

Ein skal starte arbeidet med ny HR-strategi/arbeidsgjevarstrategi. Ein nyskapande HR-strategi skal sikre ein berekraftig kommune. Strategien skal bidra til at vi løyse oppgåvene på nye, nødvendige måtar gjennom god leiing, evne til omstilling , kontinuerleg læring og samarbeid. Strategien skal bidra til at vi blir ein attraktiv arbeidsgjevar i den nye tida som kjem med eit arbeidsliv i endring.

Ein vil ta i bruk KS sin digitale personalhandbok, KS Læring og det kan bli aktuelt med nytt HR-system som no er på anbod.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Fråværet i organisasjonen er for høgt. Ein må sette fokus på faktorar som bidrar til økt nærvær. Einingane må jobbe med dette og oppfølging av fråvær. Organisasjons- og personalavdelinga skal støtte einingane i dette arbeidet.

Rekruttering av kompetanse blir meir og meir krevjande for oss slik det også er elles i landet. Vi må tenke smart rundt dette. Vi må og sjå på korleis vi best organiserer tenestene og korleis vi mobiliserer intern kompetanse.

I 2023 skal vi gjennomføre 10-FAKTOR. Dette er eit verktøy som fangar opp viktige faktorar på medarbeidar-, gruppe-, organisasjons- og leiarnivå. Resultata skal danne grunnlag for medarbeidar-, organisasjons- og leiarutvikling. Dette er tidkrevjande prosessar som vil gå i 2023-2024.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **3 869** | **3 869** | **3 869** | **3 869** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **137** | **137** | **137** | **137** |
| **Konsekvensjusteringer** | **137** | **137** | **137** | **137** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **4 006** | **4 006** | **4 006** | **4 006** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -40 | -40 | -40 | -40 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-40** | **-40** | **-40** | **-40** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-40** | **-40** | **-40** | **-40** |
| **Ramme 2023-2026** | **3 966** | **3 966** | **3 966** | **3 966** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning | Antall søknadar til utdanningsfondet pr. år | 14 | 15 | 16 | 16 |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Årlig revidering av kompetanseplan | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis | | | | | |
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | | | | | |
| | Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggarar | Total score på faktor 4 i 10-faktorundersøking for dei tilsette i kommunen | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,5 |
| | | Total score på faktor 7 i 10-faktor undersøkinga for dei tilsette i kommunen | 4,0 | 4,0 | 4,2 | 4,2 |
| | Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser | Antall oppmøter på utdanningsarenaer og jobbmesser pr. år | 4 | 5 | 6 | 6 |
| | Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid | Auke talet på tilsette i kommunen totalt i full stilling | 64,0 % | 65,0 % | 66,0 % | 66,0 % |
| | Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg | | | | | |

# Barnevern

## Omtale av tenesteområdet

Barnevernstenesta i Aukra er organisert i samarbeid med barneverntenesta i Molde kommune. Molde kommune er vertskommune i samarbeidet. Vestnes kommune er òg ein del av samarbeidet.

Målet for samarbeid innan barnevern er å sikre ein robust teneste med høg kvalitet. Barnevernet si oppgåve er å yte hjelp til barn, ungdom og deira familiar, samt å gje råd og rettleiing til samarbeidspartnarar. Barnevernet si målgruppe er barn, ungdom og unge vaksne (frivillig ettervern) i alderen 0 - 25 år. Målet for tenesta er at brukarane skal få rett hjelp til rett tid og å støtte alle brukargrupper gjennom tverrfagleg samarbeid og utvikling. Tenesta skal sikre at barn og unge, som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg. Tenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernstenesta har eit spesielt ansvar for å hindre at barn får varige problem, ved å avdekke situasjonar som etter barnevernlova gir grunnlag for tiltak. Samstundes er det viktig for kommunen - og spesielt etter at barnevernsreformen tok til å gjelde frå 1. januar 2022 - å ha fokus på tidleg innsats og ei “verktøykasse” for både å avdekke utfordringar og hindre at saker hamnar hos barnevernet.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Barnevernsreforma starta å gjelde frå 1.1.2022. Aukra kommune har vore aktiv medspelar i førebuingane saman med Molde og Vestnes. Eit viktig element i barnevernsreforma er å ha gode førebyggande tiltak for barn og unge og deira familiar, både på det meir generelle plan og når nokon treng særskilt støtte. Kommunestyre vil i 2023 få seg førelagt ei førebyggande plan, som viser heilheita og samanhangen i det førebyggande arbeidet. Aukra kommune jobbar òg breitt med systematiseringa av arbeidet for barn og unge gjennom utvikling av verktøyet “Betre tverrfagleg innsats for barn og unge”.

Det er eit langsiktig mål at lokal oppfølging i kommunen gjennom m.a. rask intervensjon i saker, dei rette fagpersonanane inn til rett tid i saker og gode førebyggande tilbod for barna og familiane, skal medføre mindre behov for fosterheimar eller plassering i institusjon.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| Tiltak | 2023 | Økonomiplan 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinnelig budsjett** | **9 490** | **9 490** | **9 490** | **9 490** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **9 490** | **9 490** | **9 490** | **9 490** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -95 | -95 | -95 | -95 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-95** | **-95** | **-95** | **-95** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-95** | **-95** | **-95** | **-95** |
| **Ramme 2023-2026** | **9 395** | **9 395** | **9 395** | **9 395** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | | | | | |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | | | | | |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer | | | | | |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing | COS-P Sertifisering (foreldrerettleiing) | 6 | 6 | 6 | 6 |
| | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | | | | | |
| | Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP) | | | | | |

## Verkemiddel for å nå mål

Satsinga på å profesjonalisere Aukra kommune sine tilsette i barnehage, skole og på helsestasjonen i det å snakke med og følgje opp barn og unge på ein profesjonell måte, skal framleis prioriterast. Vi vil systamatisere kursinga for tilsette i "Trygghetssirkelen" slik at vi sikrar at alle tilsette til ei kvar har det same grunnlaget. Foreldrekursing vil òg halde fram.  Tilsette som kursar føresette har eiga sertifisering for det.

Møteplass for ungdom med faste vaksenpersonar vartetablert hausten 2021. Det er gode tilbakemeldingar på det og det er føreslått ei vidare satsing på tilbodet.

"Rett hjelp til rett tid" skal vere ei rettesnor for alle tilsette. Internt i Aukra kommune - og i eksterne samarbeid - har tilsette difor eit ansvar for å bidra til å skape samanheng i tilbodet til barn og unge.. Dette gjeld opp mot barn og unge sjølv, men òg opp mot deira foreldre/føresette og familiane.

Aukra kommune skal ha tilgjengelege og kjente ordningar som bidreg til utjamning av sosiale skilnadar, som hindrar utanforskap og som bidreg til deltaking på ulike arenaer der barn og unge har eit ønskje om å vere med.

# Pedagogisk rådgjevar

## Omtale av tenesteområdet

Pedagogisk rådgjevar er skole- og barnehagefagleg ansvarleg

Pedagogisk rådgjevar har utgreiings- og sakshandsamaransvar i høve til ressursfordeling, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i skole og barnehage.

Pedagogisk rådgjevar har økonomiansvar mellom anna for skoleskyss, PPT, Aukrabarn som går i barnehage i andre kommunar, Tøndergård skole, vaksne som får opplæring etter opplæringslova (utanom framandspråklege), spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp for barn og elevar som går i barnehage/skolar i andre kommunar.  I tillegg  leiar og følgjer pedagogisk rådgjevar opp styrarmøte og rektormøte. Ei ny oppgåve lagt til stillinga er eit overordna ansvar for å leie prosessar innafor personvern/GDPR i oppvekstfeltet, samt redaksjonsansvar for modell på heimesida som skal sikre "Betre Tverrfagleg Innsats" i kommunen si tenesteyting.

Ei viktig oppgåve er å leggje meining i omgrepa "Aukraskolen" og "Aukrabarnehagen". Dette inneber å identifisere kvalitetsstandardar for drifta som skal gjelde begge skolar, og begge barnehagar.

Pedagogisk rådgjevar deltek i interkommunalt samarbeid i Kunnskapsnett Romsdal og Digitaliseringsgruppe Oppvekst.

Pedagogisk rådgjevar er barn og unge sin representant i saker etter plan- og bygningslova.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

- Vidareutvikle arbeidet med barnehage- og skolemiljø
- Vidareutvikle arbeidet med tilpassa opplæring, spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp
- Redaksjonsansvar for heimesida når det gjeld "Betre tverrfagleg innsats" (BTI)

## Utfordringar og tiltak for 2023

**Barnehage- og skolemiljø**

Barnehagane og skolane skal arbeide førebyggjande og fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Både barnehagane og skolane  har eit skriftleg system for å vareta barna/elevane sitt miljø i Aukra.

Det er i dag lovfesta krav om at tilsette skal:

- Følgje med
- Gripe inn
- Varsle
- Undersøke

- Setje inn eigna tiltak

Det skal vere ei skriftleg aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Omgrep som *nulltoleranse* og *sårbare barn* vert og ein viktig del av fagspråket. I arbeidet med miljøet skal alle som arbeider med barn og unge kunne identifisere når ein har *mistanke om* eller *kjennskap til* at eit barn ikkje har det trygt og godt.

Aukrabarnehagen og Aukraskolen har systemet på plass og er godt i gang med arbeidet.

Det gjeld å sikre at tilsette har rett kompetanse og arbeider i samsvar med lovverket.

**Tilpassa opplæring - spesialundervisning**

All opplæring i skolen er *tilpassa opplæring*. *Spesialundervisning* er også tilpassa opplæring - i barnehagen har vi *spesialpedagogisk hjelp* for enkelte barn.

Anerkjente forskingsrapportar viser at spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp fungerer når hjelpa vert gitt riktig. Forskingsrapportane viser at størsteparten av denne "hjelpa" verkar mot si hensikt eller har ingen effekt. Om lag 1/3 har effekt.

Aukra kommune vil i 2023 arbeide vidare med desse problemstillingane. Først og fremst vil vi at elevar som treng det mest skal bli møtt med vaksne som har kompetansen som trengst. Vidare vil vi etter kvart sjå på dei vedtaka som genererer få timar med spesialundervisning – er det her i det heile tatt naudsynt med spesialundervisning, og skal vi heller tenkje litt annleis for å møte desse barna sine behov?

**Betre tverrfagleg innsats (BTS)**

Identifisere og gjere kjent på heimesida korleis ein skal arbeide godt innanfor og på tvers av offentlege sektorar.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **8 011** | **8 011** | **8 011** | **8 011** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **61** | **61** | **61** | **-179** |
| **Konsekvensjusteringer** | **61** | **61** | **61** | **-179** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **8 072** | **8 072** | **8 072** | **7 832** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -81 | -81 | -81 | -81 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-81** | **-81** | **-81** | **-81** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-81** | **-81** | **-81** | **-81** |
| **Ramme 2023-2026** | **7 991** | **7 991** | **7 991** | **7 751** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Analysere samla kompetanse til alle tilsette i Aukrabarnehagen og Aukraskolen, samt lage tiltaksplan. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | Bidra til å sikre personvernet (GDPR) for barnehagebarn og elevar. | 7 | 7 | 7 | 7 |
| | | Leggje til rette for kompetanseutvikling for alle tilsette i Aukrabarnehagen og Aukraskolen | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Tilrettelegge for, gjennomføre og følgje opp 10 rektormøte pr. år | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | | Tilrettelegge for, gjennomføre og følgje opp 10 styrarmøte pr. år | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | | Tilstandsrapport | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen | Utarbeide plan for tilpassa opplæring i Aukraskolen | | | | |

# Næring, revisjon, kyrkja mm

## Omtale av tenesteområdet

**GassROR IKS**

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarande 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. For 2023 er tilskotet berekna til 24,3 mill. kroner.

Etter overføring av tilskot i 2023, har Aukra kommune ytt eit samla bidrag på 315,3 mill. kroner til samarbeidet.

**Aukra Sokn**

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av Kirkeloven § 15. Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett til kr. 3.267.000,- ut frå Aukra Sokn sitt meldte behov, då korrigert for auka lønsutgifter.

**Møre og Romsdal revisjon IKS**

i KS-sak 53/21 er følgjande opplyst knyt til kjøp tenester frå revisjonen: Aukra kommune v/kontrollutvalet kjøper revisjonstenestene frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Frå 1.1.2019 har revisjonstenestene blitt fakturert etter medgått tid. Berekna revisjonsutgifter blir vidareført med 888.000,- inklusiv forvaltningsrevisjon og attestasjonar.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **28 342** | **28 342** | **28 342** | **28 342** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-59** | **-101** | **-101** | **-101** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **500** | **500** | **500** | **500** |
| **Konsekvensjusteringer** | **441** | **399** | **399** | **399** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **28 783** | **28 741** | **28 741** | **28 741** |
| **Ramme 2023-2026** | **28 783** | **28 741** | **28 741** | **28 741** |

# Gossen barne og ungdomsskole

## Omtale av tenesteområdet

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1.-10.årssteg.
Eininga har budsjettansvar for to område- grunnskole og SFO.

Skolen har no 305 elevar. Det var venta at elevtalet skulle gå ned, men på grunn av både tilflyttingar og ikkje minst nyankomne flyktningar har elevtalet vore stabilt dei siste åra også. Det er 58 tilsette ved skolen. Vi opplever dessverre at det er vanskeleg å få tak i kvalifiserte lærarar, så vi har fleire tilsette no som jobbar som lærar utan godkjent utdanning. 37 elevar har spesialpedagogisk vedtak etter Opplæringslova § 5-1 og over 39 elevar har vedtak etter Opplæringslova § 2-8, særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. 65 elevar deltek på leksehjelp som er ei ordning for 3.-10. klasse og 55 barn går på SFO. Det er 23 fleire barn enn i fjor. Dei tre moderasjonsordningene som er innført bidreg nok til at fleire nyttar SFO.

Det er mange nasjonalitetar representert på skolen og hausten 2022 har det komme mange nye flyktningar.

Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute. Skolen er 10 år i 2023 og vi er stolte over at den har halde seg godt. Det er nok både val av bygningsmateriell og at vi har passa godt på han som er grunn til det.

Skolemiljø: Skolen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Alle som jobbar på skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt. Vi jobbar saman med elevane og heimane for at alle elevane skal oppleve at dei høyrer til.

Kunnskapsløftet 2020: Formålet med fagfornyinga, er at det elevane skal lære er relevant og framtidsretta. Djubdelæring og elevinnvolvering er viktige omgrep som har stor fokus i dei nye plenane, og som vi no jobbar mykje med.

Alternativ opplæringsarena : Alle elever skal oppnå grunnleggende ferdigheter og oppleve mestring og utfordring i skolen. For å oppnå det erfarer vi at skolen har hatt god støtte av alternative opplæringsarena for ei periode for nokre av elevane våre. Det kan vere i samarbeid med lokalt næringsliv eller det kan vere arenaer som kommunen har avtale med.

Lese- og skriveplan: Implementering av ny lese- og skriveplan i samarbeid med PPT, Statped, Skrivesenteret og NTNU er i fokus no. Alle tilsette i Aukraskolen skal styrke kompetansen når det gjeld skrive- og leseopplæringa til elevane våre.

Rammeplan for SFO: Ny rammeplan for SFO og utvida tilbod gjer at vi vil ha fokus på å styrke samarbeid mellom SFO og skole til det beste for elevane.

Livsmestring: Vi fortsett arbeidet med Livsmestring i norske klasserom. Folkehelse og livsmestring som tverrfaglege tema i skolen skal gi elevane kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse, og som hjelper elevane til å ta ansvarlege livsvalg. LINK skal vere til hjelp for gode samtalar, utforskande refleksjon, leik og moro som angår oss alle.

MOT: Aukra er pilotkommune, og bruker verktya til MOT for å gjere ungdommane våre meir robuste.

Camp GBU: 1.-4.klasse har uteskole kvar veke. I samband med dette har vi fått tingslyst eit område til

utandørs opplæring. Området er nær skolen, er i ly for vind, nær fjøra og ligg i ein liten skog som innbyr til leik og læring. Elevane drøymer om ein gapahuk nede på Camp GBU. FAU er pådrivar for å få det til.

KOKK-ernæring: Vi erfarer at elevane set stor pris på å kunne starte dagen på skolen med havregrynsgraut og at dei i tillegg får ein lunsj i veka. Dette er flott for skolemiljøet og det fremjar konsentrasjon og læringa til elevane. Det er ei utfordring å oppretthalde tilbodet slik det er no med store auke i matvareprisane.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Inkluderande barnehage- og skolemiljø: Tilsette på barnehagane og tilsette i skolane har felles skolering i utviklingpsykologi og Trygghetssirkelen. Målet var å auke vår forståing av kor avgjerande eiga rolle er i møte med barnet. Vi har no felles språk og felles kompetanse som gjer at alle tek det med i sine møte med elevane. Vi har og laga felles verdiplattform som vi jobbar med å implementere.

Cos-P og Cos-Skole: målet i første omgang er å sertifisere ein pr klassesteg . Det er i barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Emosjonell utvikling får meir og meir ein plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Vi skiftar no fokus frå å sjå på eleven si ytre åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet/eleven frå innsida. Det blir beskrive som eit fagleg paradigmeskifte i barne- og ungdomsplanen.

Skrive-og leseopplæringa: Aukraskolen skal i samarbeid med PPT, Statped, Skrivesenteret og NTNU styrke kompetansen til dei tilsette, revidere og vidareutvikle planane når det gjeld lese- og skriveopplæringa. Vi har som mål at dette vil styrke lese- og skrivekompetansen til elevane og at vi får betre resultat på dei nasjonale prøvene.

Fagfornyinga, tilpassa opplæring og tidleg innsats: Opplæringa skal fremje elevane sin motivasjon, deira haldningar og læringsstrategiar, og legge grunnlaget for læring heile livet. Det krev at lærarane følgjer elevane si utvikling tett og gir dei støtte tilpassa alder, modning og funksjonsnivå.

Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette
Alle tilsette som møter barn og unge skal ha god fagkompetanse og god relasjonskompetanse. Elevane skal ha autoritative vaksne som er varme rollemodellar og som set tydelege grenser. Dei vaksne sitt positive relasjonelle forhold til elevane og føresette skal gi elevane god emosjonell og fagleg støtte slik at ein får eit godt og læringsfremjande miljø.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Leiing: Fleire forskningsrapportar viser no at fleire og fleire oppgåver blir lagt til skolen, slik også i vår kommune. Eit tiltak som er viktig for å kunne møte alle desse utfordringane er å vurdere å få på plass assisterande rektor, sjå på leiingsressursen og leiarspennet når det gjeld personalansvaret.

Bygge gode lag rundt elevane:
Lærarar: Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar vil bli ei utfordring framover. Det er og behov for andre yrkesgrupper i skolen. Saman med lærarane må desse danne "laget rundt eleven" og dei må jobbe tett i lag for å utvikle elevane best mogleg både fagleg ,sosialt og emosjonelt. Barn som ikkje får dekka sine grunnleggande behov for emosjonell tryggheit og har utvikla uhensiktsmessige indre arbeidsmodellar for samspel, kan vere urolege, ha vanskar i samband med oppmerksomheit og vise mykje

læringshemmande adferd i skolen.(Moss & St-Laurent,2001) eller (Udir.no). Kompetansen vi har fått gjennom samarbeidet med kommunepsykologen har vore til stor nytte.

Alternativ opplæringsarena: Vi erfarer at ein alternativ opplæringsarena/meistringsarena er viktig for nokre av elev ane våre i ei periode. Det kan vere i samarbeid med næringslivet i kommunen eller det kan vere på ein arena som kommunen har avtale med.

Særskild språkopplæring: Opplæringslova §2-8 gir opning for å organisere særskild språkopplæring i eigne innføringstilbod. Hausten 2022 fekk vi mange flyktningar, då særleg frå Ukraina, og vi samarbeidar godt med med Innvandring og integrering for å ta godt imot dei. Vi har 7 nyankomne i 1.klasse. Dei går rett inn i ordinær klasse, men har med språkhjelpar og får særskild språkopplæring. Dei andre er fordelt på 3 innføringsklassar. God særskild norskopplæring er viktig for å sikre ar dei så raskt som mogleg vert inkludert i den ordinære opplæringa. Også her er det vanskeleg å få tak i kvalifiserte tilsette.

Psykisk helse - livsmeistring- hjelp til å bære sin eigen bagasje: I overordna del av læreplanen blir føremålet med opplæringa tydeleggjort "... elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å meistre liva sine" (opplæringslova §1-1). WHO seier at skolen kanskje er den aller viktigaste arenaen for å forebygge psykiske helseplager. Vi er glad for å ha fleire yrkesgrupper som er med å "danner laget rundt eleven"-Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine. Systematisk og tverrfagleg arbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge med fokus på tidleg innsats.

Barnevernreforma: kommunane fekk frå 2022 auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne tilpassast lokale behov. Her må skole og helse jobbe saman for eit godt tilbod til elevane våre.

Auka nærvær: Fråfall er ei stor utfordring i vidaregåande skole, og det er og ei utfording i grunnskolen, også her i kommunen . Vi er snart i mål med ei felles plan for Aukraskolen: **Kvar dag tel.**

Sommarjobb for alle 10.klassingane:Vi vil og vere med å jobbe saman med næringslivet for å realisere målet i samfunnsplana om sommarjobb for alle 10.klassingane i kommunen.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **35 956** | **35 956** | **35 956** | **35 956** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-195** | **-391** | **-391** | **-391** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 282** | **1 282** | **1 282** | **1 282** |
| **Konsekvensjusteringer** | **1 087** | **891** | **891** | **891** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **37 043** | **36 847** | **36 847** | **36 847** |
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Auke i matvareprisar | 25 | 25 | 25 | 25 |
| Innkjøp av lærebøker i trå med Kunnskapsløftet 2020 | 300 | 0 | 0 | 0 |
| Vedlikehald | 100 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Politisk vedtak** | **425** | **25** | **25** | **25** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -370 | -370 | -370 | -370 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-370** | **-370** | **-370** | **-370** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **55** | **-345** | **-345** | **-345** |
| **Ramme 2023-2026** | **37 098** | **36 502** | **36 502** | **36 502** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse | COS-P kurs - antal tilsette ved Gossen barne- og ungdomsskole som er skolerte | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | COS-skole kurs - antal tilsette ved Gossen barne- og ungdomsskole som er skolerte | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Total stillingsprosent med faste vikarar ved Gossen barne- og ungdomsskole | 400,0 % | 400,0 % | 400,0 % | 400,0 % |
| | | Utarbeideing av modell for ressurstildeling | | | | |
| | | Årleg revidering av lokal kompetanseplan for Gossen barne- og ungdomsskole | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | Miljøterapeuter som jobbar systemisk og med enkeltelevar ved Gossen barne- og ungdomsskole | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % |
| | | Utarbeide plan for skolenærvær - "Kvar dag tel" | | | | |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Andel av 10.klassingar ved Gossen barne- og ungdomsskole som får tilbod om to veker sommarjobb | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen | Intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning til elevar i 1.-4.klasse ved Gossen barne- og ungdomsskole som treng det. | 80,0 % | 80,0 % | 80,0 % | 80,0 % |
| | | Revidere lese- og skriveplan for Aukraskolen | | | | |
| | Tilbod til barn og unge i sommarferien | Antal involverte lærarstudentar/miljøterapeutstudentar frå Gossen barrne- og ungdomsskole i tilbodet "Ung sommar i Aukra" | 3 | 3 | 3 | 3 |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal | Bruke samtalen som verktøy for læring | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Tal på møte pr. elevråd ved Gossen barne- og ungdomsskole gjennom året | 6 | 6 | 6 | 6 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Antal møter i ressursteam ved Gossen barne- og ungdomsskole | 6 | 6 | 6 | 6 |
| | | Antal møter med skoleteam ved Gossen barne- og ungdomsskole | 4 | 4 | 4 | 4 |
| | Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP) | Antal dagar helsesjukepleiar er tilgjengeleg på Gossen barne- og ungdomsskole pr. veke | 5 | 5 | 5 | 5 |
| | | Bruk av alternativt opplæringsarena (Hollingsholm Gård - Inn På Tunet) | Tatt i bruk | Tatt i bruk | Tatt i bruk | Tatt i bruk |
| | | Samarbeid mellom Gossen barne- og ungdomsskole og kommunepsykolog | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % |

# Julsundet skole

## Omtale av tenesteområdet

Julsundet skole er ein grunnskole med 248 elevar på 1. – 10. årssteg. Skolen har opplæringstilbod til elevar frå Julsundet, frå 1. – 7.klasse og frå Julsundet og søre Hustadvika i Hustadvika kommune for 8.-10. klasse. Samarbeidet med Hustadvika kommune gir eit auka elevtal til skolen og gjer at vi har eit større kompetansemiljø for dei tilsette på ungdomsskolen.

Det er ein vekst i elevtalet ved skolen, med mykje tilflytting av inbyggjarar til skolekrinsen. Elevtalet frå Jendem har flata ut og ligg stabilt medan det er ei auke i tilfang frå barnahagebarn i området. I ungdomsskolen er det parallellar på alle trinn med vel 20 elevar i kvar klasse. Aukra kommune har lagt til rette for gode fysiske og økonomiske rammer til å utføre samfunnsmandatet.

Skolen har 38 elevar med vedtak om spesialundervisning, noko som er omlag 16 prosent av elevane. Dei fleste elevane på 5.-7. trinn nyttar tilbodet med gratis leksehjelp 2 timar pr. veke, medan det er eit fåtal som bruker leksehjelp på 8. og 9. trinn. Leiinga er sett saman av rektor og to avdelingsleiarar. Vi har merkantil konsulent i 80 % stilling. Det er 44 stillingar i eininga fordelt på områda grunnskole og SFO. SFO har tilbod for 60 barn og har ein SFO-leiar som koordinerer den daglege drifta i 30 %. stilling.

Vi har eit høgt fokus på psykisk helse og skolenærvær. Dette blir i eit godt tverrfagleg arbeid saman med andre etatar i kommunen. Kommunen samarbeider tverrfagleg i eigen kommune, Hustadvika kommune og Molde kommune. Psykisk helse er ei viktig satsing for skolen. Aukra kommune skal ha god psykisk helse og dei ulike yrkesgruppene våre er svært dyktige i laget rundt eleven. Saman med lærer arbeider barne- og ungdomsarbeider og miljøterapeut med å få eleven til å vere klar for læring.

Vi opplever at det er ein del elevar treng støtte for å meistre liva sine og det brukast mykje tid til dette. Enkelte klassar har lavere læringstrykk på grunn av uro og dei tilsette arbeider hardt og systematisk med å få opp læringstrykket.

Elevane har eit godt uteområde, med klasserom ute i både fjøre og på fjell. Det er eit viktig mål for skolen å gå tilbake til tidlegare gode tradisjonar og vi ønsker at eleane skal lære ute i naturen. 1.-4. trinn har fast uteskoledag ein dag i veka og heile skolen satsar på å ha tverrfaglege temaveker som går på hav, skog og fjell.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Julsundet skole har tilsette med høg kompetanse i høve krava som er sett for norsk skole. Det er i fleire tilsette som i skoleåret 2022-2023 har kompetanse innan basisfaga etter krava som er sett i opplæringslova enn det var året før. Vi vil fortsetje å ha fokus på kompetanse innan psykisk helse og sosial kompetanse slik det har vore nokre år. Tverrfagleg samarbeid med helse gjennom helsesjukepleier, ungdomslos, barnevern, PPT og BUP er viktig og vi bruker mye ressursar på elevar som strever med psykisk helse, familierelasjonar eller ekskludering. Det er ei god investering for både menneske og samfunn å hindre at nokon fell ut av skulen og blir værande utanfor

Aukraskolen har har satsa på god organisering av miljørettleiarane og har utarbeidd ein eigen avtale for korleis deira kompetanse skal nyttast på best mogleg vis. På Julsundet har vi arbeidd med å definere kven som skal vere med i laget rundt eleven. Det er omlag 60 elevar som har eit klart lag rundt seg som treng ekstra oppfølging. Gjennom opplæring i sirkelen for tryggleik / circle of cecurity (COS) har vi løfta

aukraskolen si kompetanse for å hjelpe elevane som treng ekstra god vaksenstøtte og sikrast ein god djupnerelasjon. «Psykisk helse for barn og unge» er viktig, og vi er glade for at vi har helsesjukepleier er på skolen 3 dagar i veka. Vi ser at med aukande elevmengd og utfordringar har skolen ønskje om 100 % dekning av helsesjukepleiar.

Vi har i skoleåret 2022-2023 arbeidslivsfag på alle tre årssteg og dette har vore ein god arena for meistring for mange elevar. Det koster litt ekstra å drifte praktiske fag på ein liten skole, og saman med språkfag gir dette eit godt tilbod i skolekrinsen. Kvaliteten og moglegheitene for elevane gjer at skoletilbodet vert betre tilpassa elevane. Dette må vere på plass viss Aukra skal vere ein attraktiv kommune også i framtida.

Julsundet skole har starta arbeidet med alternativ opplæring. Elevar som strever med å vere i vanleg klasse får framover eit betre tilbod, der ein i perioder gjer alternativ og praktisk læringsarbeid, meir enn teoretisk og digitalt. Vi ser at sjølvkjensla stig i takt med meistringa når dei får ei litt anna tilnærming til faga, og motivasjonen til å vere elevar stig. Vi har gjort ein avtale og leigd ein lokal verkstad, der vi kjem til å arbeide med fleire ulike prosjekt både for elevane i arbeidslivsfag, men også for elevane som treng alternativ opplæring i eit forsterka miljø. Vi håper på moglegheit til å selje skolebåten og flytte desse midlane over til arbeidet med forsterka alternativ opplæring, då kostnadane med å kome i gang er høge. Tilbodet med alternativ opplæring vil vere for heile Aukraskolen og ikkje berre for Julsundet skole.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Det er ei velsigning å sjå at elevtalet held seg på same nivå. Jamn tilflytting gjer at det kjem fleire elevar, men det gir og nokre utfordringar for skoledrift. Barnehagen melder at det kjem til å bli fulle avdelingar framover, bortsett frå eit kull som blir skolestartarar i 2023-3024. Ein har hatt kull på 13-20 dei siste fire åra, men det som blir vanleg vil vere kull på 20 elevar. Utfordringa til Julsundet skole er at vi ikkje har fleksible klasserom som tek høgde for at nokre klassar blir opp til 26-27 elevar. Mange klasserom passar til å ha mindre klassar, og det vil bli dyrt om vi må dele opp klassar i to på grunn av plassmangel.

Ei anna utfordring er at vi har ei stor auke med elevar som har behov for spesialundervising. Ein del av dei kjem tilflyttande og ein del blir utreda på skolen. For skoleåret 2022-2023 auka talet på elevar med spesialundervisning med 25 % og vi har no 16% elevar med spesialundervisning.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **19 640** | **19 640** | **19 640** | **19 640** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-1 100** | **-2 300** | **-2 300** | **-2 300** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **3 556** | **3 556** | **2 487** | **1 024** |
| **Konsekvensjusteringer** | **2 456** | **1 256** | **187** | **-1 276** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **22 096** | **20 896** | **19 827** | **18 364** |
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Auke i matvareprisar | 25 | 25 | 25 | 25 |
| Oppdatering læremidler i kunnskapsløftet | 250 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Politisk vedtak** | **275** | **25** | **25** | **25** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Alternativ opplæring - Endre innkjøp av utstyr til friminutt | -23 | -23 | -23 | -23 |
| Innsparing 1% | -210 | -210 | -210 | -210 |
| Reduksjon - kostnadar til bruk av båt | -63 | -63 | -63 | -63 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-296** | **-296** | **-296** | **-296** |

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Nye tiltak** | | | | |
| Alternativ opplæring - Husleige | 78 | 78 | 78 | 78 |
| Nye elevar med ekstra behov for personale | -1 056 | -2 532 | -1 463 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **-978** | **-2 454** | **-1 385** | **78** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-999** | **-2 725** | **-1 656** | **-193** |
| **Ramme 2023-2026** | **21 097** | **18 171** | **18 171** | **18 171** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse | COS-P kurs, antal tilsette ved Julsundet skole som er skolerte | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | | COS-skole - Tal på tilsette ved Julsundet skole som har tatt kurs | 4 | 3 | 3 | 3 |
| | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Julsundet skole skal ha god kompetanse på begynneropplæring innan lesing og skriving | 85 000 | | | |
| | | Total stillingsprosent med faste vikarar ved Julsundet skole | 300,0 % | 300,0 % | 300,0 % | 300,0 % |
| | | Utarbeideing av modell for ressurstildeling | | | | |
| | | Årleg revidering av kompetanseplan for Julsundet skole | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | Miljøterapeutar som jobbar systemisk og med enkeltelevar ved Julsundet skole | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % | 60,0 % |
| | | Utarbeide plan for skolenærvær - "Kvar dag tel" | | | | |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Andel av 10. klassingar ved Julsundet skole som får tilbod om to veker sommarjobb | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen | Intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning til elevar i 1.-4. ved Julsundet skole som treng det | 70,0 % | 70,0 % | 70,0 % | 70,0 % |
| | | Revidere lese- og skriveplan for Aukraskolen | | | | |
| | Tilbod til barn og unge i sommarferien | Antal involverte lærarstudentar/miljøterapeutstudentar frå Julsundet skole i tilbodet "Ung sommar i Aukra" | 2 | 2 | 2 | 2 |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal | Bruke samtalen som verktøy som læring | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Tal på møte pr. elevråd ved Julsundet skole gjennom året | 6 | 6 | 6 | 6 |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Møter i ressursteam ved Julsundet skole | 6 | 6 | 6 | 6 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Møter med skoleteam ved Julsundet skole | 4 | 4 | 4 | 4 |
| | Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP) | Antal dagar helsesjukepleier tilgjegneleg på Julsundet skole per veke | 5 | 5 | 5 | 5 |
| | | Bruk av alternativt opplæringsarena (Hollingsholm Gård - Inn På Tunet) | Tatt i bruk | Tatt i bruk | Tatt i bruk | Tatt i bruk |
| | | Samarbeid mellom Julsundet skole og kommunepsykolog | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % |

# Barnebo barnehage

## Omtale av tenesteområdet

Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd etter Lov om barnehagar. Rammeplan for innhaldet og oppgåvene gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Verksemda skal ivareta barns behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Eit godt samarbeid med foreldra til barna er avgjerande for å lykkast med arbeidet.

Barnehagen har ein førebyggande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon, og er slik ein veldig viktig arena for tidleg innsats på alle livsområder for barna.

40 % av barna er minoritets-, to- eller fleirspråklege. Dette er eit viktig bakteppe for det pedagogiske arbeidet i eininga og for foreldresamarbeidet.

Barnehagen ligg på Gossen og er frå hausten 2022 organisert på to bygg i 9 avdelingar:

- Furutun har fire avdelingar med barn i alderen 1 - 3 år.
- Aukratun har fem avdelingar med barn i alderen 3 - 5 år.

Ved oppstart nytt barnehageår (15.8.22) hadde barnehagen 92 barn. Per 15.10.22 har barnehagen gjort opptak av fleire barn og fleire har starta. Så langt vi veit no, har vi 110 barn innan 01.03.23.

Det er ca 30 årsverk i eininga fordelt på 33 fast tilsette. Av desse har 30 tilsette 100 % stilling, to tilsette har 80 % stilling og ein tilsett har 50 % stilling. Det er ingen fast tilsette med uønskt deltid per 1.1.23.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

**Kvaliteten på tilbodet**

Barnehagen skal tilpasse det allmenpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til alle barna og slik skal barnehagen ha ein førebyggande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon.

Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, i kortare eller lengre periodar, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn og få likeverdige utviklings- og aktivitetsmuligheter.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er barn og unge eige satsingsområde. I tillegg er det vedteke ein strategiplan for barn og unge, med fokus på samhandling, førebygging og tidleg innsats. Slik skal kommunen gjere barnehagen i stand til å ivareta barna i tråd med samfunnsmandatet i lov og forskrifter. Slik er barnehage ein særs viktig arena for forebygging og tidleg innsats.

**Barna skal bli møtt av nok og kvalifiserte tilsette.**

Ein må sjå normene for grunnbemanning og pedagogtettleik i samanheng med forventningane i lov og rammeplan til kva barnehagen skal vere for barn, opningstida til barnehagen og opphaldstida til barna opp mot kravet om tilstrekkeleg bemanning.

Barnebo oppfyller ikkje gjeldande norm for pedagogtettleik utan dispensasjonar frå utdanningkravet. Det nasjonale målet er 50 % pedagogar innan 2025. Vi arbeider vidare med å rekruttere og utdanne barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar, mellom anna ved å ta imot elevar, studentar og å ha lærling og å gi støtte til dei som tek utdanning gjennom frå Fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

**Eit trygt og godt barnehagemiljø.**

Alle barn skal få høve til å delta i barnehagen ut frå sine føresetnader.

Dei tilsette i barnehagen skal ha ei observerande grunnhaldning for å sikre at uheldige samspelsmønster vert raskt oppfatta og gjort noko med. I dette arbeidet vert *Plan for eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen* nytta som verkty for å førebygge, avdekke, handtere og følge opp.

**Regionalt tiltak for kompetanseutvikling**

I samarbeid med Høgskulen i Volda deltek Aukrabarnehagen i utviklingsarbeid saman med barnehagane i Kunnskapsnett Romsdal. Gjennom aksjonslæring som metodikk skal vi utvikle praksis på avdelingane knytt til fagområda som er valde ut.

**Trygghetssirkelen (COS)**

Som ein del av kommunen sitt førebyggande arbeid møter foreldre Trygghetssirkelen gjennom heile oppveksten til barna, mellom anna på foreldremøter, gjennom foreldreaktiv tilvenjing til barnehagen, i foreldresamtalar og no i tilbod om foreldrekurs.

Barnehagane skal kvart år hald foreldrekurs i Trygghetssirkelen (COS-P) til foreldra i barnehagen. COS-P er basert på mange tiår med forsking på kva som gir barn ei trygg tilknyting til sine næraste omsorgspersonar. Kurset kan hjelpe fordre med å verte tryggare i forståinga av barn sine kjensler, åtferd og behov, og hjelpe foreldre å forstå meir om korleis samspelet med barna vert betre.

Barn med trygg tilknyting har det betre! Trygge barn vert trygge og ansvarlege vaksne!

Dei tilsette vil dette året delta i COS fordjuping “Se barnehagebarnet innenfra”. Fokus vil då vere på å sjå barnet innanfrå, sjå seg sjølv utanfrå og sjå på relasjonane mellom.

## Utfordringar og tiltak for 2023

**Folketalsutvikling.**

Det er venta ein svak vekst i aldersgruppa 0 - 5 år i framskrivingstala. Ein ser at talet på fødte varierer sterkt frå år til år. Det gjer også tilflytting og fråflytting. Dette gjer den langsiktige planlegginga av kapasiteten på tenesta uføreseieleg.

I opptaket til barnehageåret 2022/2023 hadde vi barn til å kunne stenge to fysiske avdelingar - ei på Furutun og ei på Aukratun. Med kommunestyrevedtaket om å ta imot 120 flyktningar i 2022, valde ein

likevel å halde dei to avdelingane opne. Det visar seg at det var eit godt val. Vi tek inn nye barn heile hausten og det vil vere bemanning og ikkje areal som blir ei utfordring framover.

**To hus tett-i-tett.**

Det er mange gevinstar av å samle drifta til Barnebo på ein lokasjon. Og vi vil søke å finne fleire etterkvart som vi bur oss til. Prosessen med kulturbygging, fortsett også i 2022. Vi ønsker å finne nye gode former for samhandling for mellom anna tilvenning og overgang mellom småbarn og storbarn og nye tradisjonar. Vi ser også på kva arrangement vi har og kva som kan vere nye, for å nemne noko.

**Normene for bemanning i barnehage.**

Pedagognorm: Det skal vere minst ein pedagog per sju barn under 3 år og minst ein pedagog per 14 barn over 3 år.

Grunnbemanningsnorm: Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn under 3 år og minst ein tilsett per seks barn over 3 år.

Aukra kommune ligg på minimumskravet for både grunnbemanning og pedagogisk bemanning. Denne bemanninga skal oppretthaldast ved fråver hos tilsette ved sjukdom, permisjonar, feriar mm. Normene for bemanning gjeld ikkje i heile opningstida og ikkje i heile opphaldstida til barna.

Det er knytt fleire utfordringar til dette:

Den største utfordringa er å ha nok og kvalifiserte tilsette etter normene for bemanning.

Det er eit kontinuerleg arbeid å skaffe nok tilkallingsvikarar, lære dei opp, introdusere dei for barn og foreldre, for så at dei fer vidare til anna eining, inn i fast arbeid, studiar mm. Det er ikkje ein karriereveg å vere tilkallingsvikar. Vi må sjå på korleis vi kan ha tilstrekkeleg bemanning til å dekke fråver blant tilsette.

Regjeringa vil skjerpe kravet til pedagogisk bemanning til minimum 50 % innan 2025. Barnebo barnehage oppfyller ikkje pedagognorma utan konstituering av barne- og ungdomsarbeidar kvart år.Pedagogane har 4 timar per veke til plantid. Når andelen pedagogar aukar minkar grunnbemanninga tilsvarande plantida. Dette må vi finne gode løysingar på.

Forholdet mellom tilsette si arbeidstid, barnehagen si opningstid, barna si opphaldstid og normene for bemanning heng ikkje saman. I store perioder av dagen ligg vi under bemanningsnormene. Dette må vi synleggjere.

Etter gjenopning av barnehagen har smitteverntiltaka knytt til covid-19 situasjonen vist konsekvensen av at grunnbemanninga ikkje gjeld heile opningstida. Aukra kommune har lang opningstid - 9,5 timar per dag.

**Eit trygt og godt barnehagemiljø**

Med ein andel på 40 % minoritets-, to- og fleirspråklege barn er det og eit stort mangfald gjennom mange kulturar, skikkar og språk. Vi vel å sjå på mangfald som ein verdi og ein ressurs. Likevel kan språkbarrierer vere krevande, spesielt gjeld dette i tilfelle der vi ikkje har eit felles språk med foreldra. Då blir kommunikasjon og informasjon meir tungvindt, ikkje så spontan og må planleggast. I det daglege

arbeidet er det krevande for barn å ikkje bli forstått og å nå fram med bodskapen sin og for tilsette er opplevast det vanskeleg å ikkje kunne forstå og hjelpe.

**Inkluderande arbeidsliv og nærvær**

Det er eit pågåande arbeid å halde flest mogeleg i arbeid lengst mogeleg. Barnehage er ein av bransjane det er eit ekstra fokus på, gjennom eit eige bransjeprogram i IA-avtalen. Barnebo har hatt eit høgt sjukefråver over tid og sjølv om det er synkende no, skal fokuset på forebygging og oppfølginga prioriterast høgt. Partsamarbeidet med tillitsvalte, verneombod og samarbeidet med Organisasjonsavdelinga vert viktig.

**Barnevernsreforma**

Det er knytt stor spenning til kva barnevernsreforma kjem til å innebere for barnehagen, for det førebyggande arbeidet og tidleg innsats for barn og unge. Satsinga med betre tverrfagleg samhandling (BTS) og verktya i betre tverrfagleg innsats (BTI) må sjåast i samanheng med barnevernreforma.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | | Økonomiplan | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **18 913** | **18 913** | **18 913** | **18 913** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-802** | **-802** | **-802** | **-802** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 536** | **831** | **831** | **831** |
| **Konsekvensjusteringer** | **734** | **29** | **29** | **29** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **19 647** | **18 942** | **18 942** | **18 942** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -202 | -202 | -202 | -202 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-202** | **-202** | **-202** | **-202** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Spesialpedagogisk hjelp og spesialpedagogisk assistent etter barnehagelova § 31- nye vedtak | 537 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **537** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **335** | **-202** | **-202** | **-202** |
| **Ramme 2023-2026** | **19 982** | **18 740** | **18 740** | **18 740** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Levere gode kommunale tenester | Aukrabarnehagen skal ha god fagleg kvalitet og vere eit førsteval for foreldre i Aukra | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | | Barn som vert eitt år gjennom året, og søker om plass, skal få plass i Aukrabarnehagen | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | | Barnehagebarn som flyttar til kommunen, og som søker om plass, får plass i barnehagen | 100 | 100 | 100 | 100 |
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse | Arbeide for eit godt psykosoialt barnehagemiljø | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | | Plan for opplæring av nytilsette | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Arbeide for at bemanningsnormene skal gjelde heile opningstida | | | | |
| | | Eigne tilsette tek barnehagelærarutdanning | | | | |
| | | Eigne tilsette tek fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar | | | | |
| | | Godt kvalifiserte tilsette skal sørge for at alle barn vert sett og hørt og inkludert i fellesskapet | | | | |
| | | Tilsette barnehagelærarar ut over norm for pedagogtettleik, mot nasjonalt mål om 50 % i 2025 | | | | |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | Barnebo skal arrangere foreldrekurs i Trygghetssikelen kvart år | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Opplæring for tilsette i Trygghetssirkelen | | | | |
| | | Sertifisering av pedagogiske leiarar i COS-P/Trygghetssirkelen etter behov | | | | |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer | Sikre at alle barn, uavhengig av funksjonsnivå, skal få eit trygt og godt barnehagetilbod | | | | |
| | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Barnebo skal ha to 10. klassingar i sommararbeid kvart år | 2 | 2 | 2 | 2 |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | Alle barn og unge skal få erfare gleda av ansvaret for å medverke i eige liv og aktiv deltaking i demokratiske prosessar | Barna i Barnebo barnehage skal få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til barnehagen sitt innhald, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter | | | | |
| 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø | Arenaer for variert fysisk aktivitet | Barn i bevegelse-programmet for treåringane | | | | |
| | | Bruke salen, innearealet ellers, leikeplassane og turområda dagleg. Gir stimuli og utfordring til allsidig fysisk aktivitet | | | | |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing | Barnehagen gjennomfører foreldrekurs i Trygghetssirkelen kvar haust | | | | |
| | | Bruke tolk ved behov | | | | |
| | | Drøfte aktuelle saker i Tverrfagleg småbarnsteam | | | | |
| | | Samarbeide med andre faginstansar ved behov | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Barnebo: Innføre BTS samhandlingsmodell og ta i bruk BTI - verktyet | | | | |
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval | Sikre at alle foreldre tek i bruk Min barnehage - foresatt appen | | | | |
| | | Vere med å vidareutvikle funksjonar i appen | | | | |
| | Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder | Nye tilsette skal få opplæring i personvern og informasjonssikkerhet (GDPR) | | | | |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk | Barnebo: Nye tilsette får kjennskap til Tilsettportalen | | | | |
| | | Gi opplæring i funksjonar Visma Enterprise har som kan nyttast heimefrå | | | | |
| | | Sikre at alle tilsette barnehagen brukar Min barnehage - ansatt appen | | | | |
| | | Teams: Gjere tilsette kjent med fleire funksjonar i Teams, slik at Teams vert eit enda betre verkty for oss | | | | |
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning | Gje støtte til tilsette som tek barnehagelærarautdanning og fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar | | | | |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Bruke kompetanseutviklingsplanen som strategisk verkemiddel i rekrutteringa | | | | |
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Barnehagen tek imot elevar og studentar under opplæring/utdanning | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Det skal vere lærling i Barnebo barnehage kvart år | | | | |
| | Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette | Leiinga ved barnehagen er tett på tilsette og lett tilgjengeleg | | | | |
| | | Styrar gjennomfører medarbeidarsamtale med alle tilsette kvart år | | | | |
| 8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet | Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular | Gjere Aukra kommune sin Klima- og miljøplan 2030 kjent for dei tilsette og foreldra | | | | |

# Bergetippen barnehage

## Omtale av tenesteområdet

Bergetippen barnehage er ei pedagogisk verksemd som vert drive i tråd med Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Verksemda skal ivareta barns behov for omsorg og leik, fremme læring og danning og vere eit tilgjengeleg og likeverdig tilbod for alle barn i barnehagealder i Julsundet. Barnehagen er starten på utdanningsløpet for barn og målet er at motivasjon for læring og utvikling skal bli etablert og vare gjennom heile utdanningsløpet og vidare inn i vaksenlivet. Barnehagen er såleis ein særs viktig arena for tidleg innsats.

Bergetippen har medio oktober 2022 69 barn fordelt på 102 plassar for barn i alderen 1 – 5 år . Ein tilsette totalt 24 årsverk. Talet på barn vil auke i løpet i barnehageåret. Eininga legg vekt på å tilpasse barnehagedrifta etter behovet på fastlands-Aukra og vil opprettholde praksisen med å vere fleksible og ha vilje til omstilling/tilpassing av tilbod. Det er viktig å sikre barna tilbod i vår eigen kommune.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

**Tidlig innsats**

Barnehagen skal ha en helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra il å jamne ut sosiale forskjellar. Barns fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.

Barnehagen er starten på utdanningsløpet for barn og målet er at motivasjon for læring og utvikling skal bli etablert og vare gjennom heile utdanningsløpet og vidare inn i vaksenlivet. Barnehagen er såleis saman med foreldre ein særs viktig arena for tidleg innsats for utvikling og læring. Samarbeidet med foreldre er viktig gjennom arena som foreldreaktiv tilvenning, foreldre samtalar, foreldremøte og tilbod om Cos-P foreldrekurs.

**Nok og kvalifiserte tilsette:**

3 tilsette ved Bergetippen barnehage er sertifisert for å drive opplæring av kollegiet i trygghetssirkelen. Cos-fordjupning. Dette handlar om temaet å sjå barnet innanfrå som er i tråd med rammeplan for barnehagen og Aukra kommune sin barn og ungdoms plan.

I opplæring og utviklingsarbeidet for kollegiet vektlegg ein at tilsette skal ha ei observerande grunnhaldning og kunne førebygge, avdekker og handtere situasjonar i barnegruppa.

Ein kvalitativ god barnehage krev oppmerksametilsette. Tilsette som bruker aksjonslæring/forsking og forsker på og utvikler eigen og kollegaens praksis. Norm for nasjonal bemanning i barnehagen dekker ikkje heile opningstida. Det er ikkje samsvar mellom opningstid, barnas opphaldstid og tilsette sin arbeidstid. Store delar av dagen er det fleire enn 6 barn over 3 år, eller 3 år under 3 år på 1 vaksen.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Dette er viktig for å sikre barna tilbod i kommunen vår. Befolkningsutviklinga i Julsundet er vanskeleg og forut-sjå.  Julsundet er ei bygd i vekst med mykje tilflytting. Barnehagetilbodet må vere fleksibelt  for å imøtekome behovet så langt som mogleg.

Barnehagen sin inntekt er variabel og vert påverka av talet på barn over og under 3 år, talet på dei som har rett til redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid, søskenmoderasjon internt i barnehagen og søsken-moderasjon mellom barnehage og SFO.

Lov om barnehage stadfestar krav om bemanning, talet på barn pr. vaksne og talet på barn pr. pedagog. Å oppretthalde denne bemanninga ved sjukdom, eller anna fråvær er krevjande. Det er svært vesentleg for kvaliteten på tenesta og for økonomien at vi lykkast med å halde oppe nærværet. Dette kravet om bemanning er ikkje dekt gjennom heile opningstida. Det er ikkje samsvar mellom barnehagen sin opningstid, barna sin opphaldstid og tilsette sin arbeidstid. *Store delar av dagen ligg vi under krav til bemanningen.*

*Ei anna utfordring er å oppretthalde tilfredsstillande bemanning når det er fråvære blant tilsette. Å vere tilkalling vikar er ikkje noko ønska situasjon for dei fleste og dagens situasjon med låg arbeidsløyse er det vanskeleg å skaffe vikarar ved fråvære.*

*Fleire pedagogar pr. avdeling gir betre kontinuitet i det pedagogiske arbeidet, tettare oppfølging barn og familiar, samarbeid med andre etatar mm. Det er ei god styrke og kvaliteten vert betre når ein har to leiarar på kvar avdeling.  Utfordringa med to pedagogar er at det utløyser meir plantid. Pedagogane skal ha 4 t. plantid pr.veke. Det betyr at det kvar veke er 4 timar x 2 at dei ikkje er saman med  barna. Vi ser at fagkompetansen er ei styrke, men tida tilsette er saman med barna vert lågare.*

Barnevernsreform krev at kommunen styrker sitt arbeid med tidlig innsats og forebygging også i barnehagen. Grunnpilaren i reforma er forebygging og tidlig innsats; heilskapleg tenestetilbod, samarbeid på tvers av sektorar. Tiltaka må tilpassast den enkelte familie sitt behov.  Dette vil krever auka kompetanse blant barnehagetilsette.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | | **12 671** | **12 671** | **12 671** | **12 671** |

| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| | | Økonomiplan | | |
| **Sum Budsjettendring i år** | **2 491** | **2 320** | **2 320** | **2 320** |
| **Konsekvensjusteringer** | **2 491** | **2 320** | **2 320** | **2 320** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **15 162** | **14 991** | **14 991** | **14 991** |
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Oppgradering, nytt gulvbelegg | 115 | 0 | 0 | 0 |
| Ventilasjon på småbarnsavdelinger. | 70 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Politisk vedtak** | **185** | **0** | **0** | **0** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -152 | -152 | -152 | -152 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-152** | **-152** | **-152** | **-152** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **33** | **-152** | **-152** | **-152** |
| **Ramme 2023-2026** | **15 195** | **14 839** | **14 839** | **14 839** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Levere gode kommunale tenester | Aukrabarnehagen skal ha god fagleg kvalitet og vere eit førsteval for foreldre i Aukra | 90,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| | | Barn som vert eitt år gjennom året, og søker om plass, skal få plass i Aukrabarnehagen | | | | |
| | | Barnehagebarn som flyttar til kommunen, og som søker om plass, får plass i barnehagen | | | | |
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse | Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø. | | | | |
| | | Plan for rettleiing og opplæring av nytilsette i Bergetippen barnehage | | | | |
| | Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette | Dekningsgrad av bemanningsnormen i heile opningstida. | | | | |
| | | Godt kvalifiserte vaksne skal sørge for at alle barn blir sett, høyrt og inkludert i fellesskapet. | | | | |
| | | Tilsette barnehagelærarar i Bergetippen barnehage ut over norm for pedagogtettleik | | | | |
| | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | Bergetippen barnehage skal arrangere foreldrekurs i Trygghetssirkelen kvart år | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer | Sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt | | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | barnehagetilbud ved Bergetippen barnehage. jmf § 37 i Lov om barnehager. | | | | |
| | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Bergetippen barnehage tilbyr sommerjobb i to veker til to 10. klassingar. | | | | |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | Alle barn og unge skal få erfare gleda av ansvaret for å medverke i eige liv og aktiv deltaking i demokratiske prosessar | Barna i Bergetippen barnehage skal få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til barnehagens innhald, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Jmf. RP 2017 | | | | |
| 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø | Arenaer for variert fysisk aktivitet | Utvikle gode motoriske ferdigheiter | | | | |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing | Bergetippen barnehage arrangerer foreldrekurs i trygghetssirkelen for foreldre kvart år. t, med åtte kveldar | 8 | 8 | 8 | 8 |
| | | Etablere samarbeid med andre faginstanser ved behov. | | | | |
| | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Bergetippen: Innføre BTS, samhandlingsmodellen, og ta i bruk BTI-verktøyet. | | | | |
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval | Alle foreldre med barn i Bergetippen barnehage får tilgang og opplæring til Min barnehage føresatt-appen | | | | |
| | | Alle tilsette i Bergetippen barnehage brukar Min barnehage - ansatt app | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Alle tilsette skal vere kjent med funksjonane i tilsettportalen | | | | |
| | | Tilsette i Bergetippen barnehage skal bruke Teams som kommunikasjonskanal seg i mellom | | | | |
| | Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder | Bergetippen barnehage skal lage behandlingsprotokollar for alle behandlingar av personopplysningar og sensitive personopplysningar. | | | | |
| | | Ny tilsette skal få opplæring i GDPR i KS. | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk | Min Barnehage – ansatt appen | | | | |
| | | Teams - Alle tilsette i Bergetippen barnehage skal vere godt kjent med funksjoner | | | | |
| | | Tilsettportalen: Alle tilsette i Bergetippen barnehage skal gjere seg kjent med portalen | | | | |
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning | Alle tilsette ved Bergetippen barnehage skal delta i kompetansehevinga | | | | |
| | | Støtte til tilsett i Bergetippen barnehage som tek barnehagelærarutdanning | 1 | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Bergetippen barnehage tek imot barnehagelærarstudentar og andre elevar under barnehagefagleg utdanning. | | | | |
| | | Kompetanseutviklingsplan for Bergetippen barnehage | | | | |
| | | Medarbeidarsamtalar med tilsette i Bergetippen barnehage | | | | |
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Lærling ved Bergetippen barnehage | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Tilby praksisplass ved Bergetippen barnehage | | | | |
| | Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette | | | | | |
| | Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid | Assisterande styrar i 100% stilling. | | | | |
| 8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet | Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular | Gjere kommunen sin Klima- og miljøplan kjent for tilsette og foreldre. | | | | |

# Innvandring og integrering

## Omtale av tenesteområdet

**Eining for innvandring og integrering består av tre avdelingar:**

- Ei avdeling som skal busette, kvalifisere og integrere vaksne flyktningar og flyktningfamiliar.
- Ei avdeling for einslege mindreårige flyktningar.
- Vaksenopplæring med tilbod om norskopplæring og grunnskoleopplæring for vaksne og innføringsklassar for elevar i grunnskolealder.

**Busetting, kvalifisering og integrering.**

Eininga busett i tråd med oppmoding frå IMDi. Oppmodinga for 2022 var opprinneleg på 22 personar. I samband med krigen i Ukraina vart kommunen oppmoda om å busette ytterlegare 98 personar, slik at det totale talet for 2022 er på 120 personar. Det er 56 aktive deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består av norskopplæring, samfunnsfag og tiltak retta mot skole eller arbeid. Elevane ved vaksenopplæringa har også tilbod om grunnskoleopplæring for vaksne. Flyktningar frå Ukraina, med midlertidig kollektiv vern, har rett, men ikkje plikt til å delta i introduksjonsprogrammet.

**Einslege mindreårige flyktningar.**

Eininga har eitt døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Der bur det tre gutar frå Afghanistan på 16, 17 og 18 år. Ein av desse gutane vart busett i Aukra kommune i 2022. Eininga har fire gutar som bur i eigen bustad. Det er einsleg mindreårig oppfølgingsteam (EMO) som føl opp desse gutane som alle er i alderen 18 - 20 år. To av dei einslege mindreårige har fylt 20 år og er ikkje lenger under omsorg av eininga. Ein tidlegare einsleg mindreårig har fått familiesameining og har ikkje lenger status som einsleg mindreårig.

Ein av dei einslege mindreårige flyktningane har tatt fagbrev. Fem av dei andre er lærlingar. I tillegg går ein i grunnskole for vaksne og tre går i vidaregåande skole. Ein einsleg mindreårig flyktning har flytta frå kommunen.

**Vaksenopplæring.**

Det er om lag 50 elevar som får undervisning ved Aukra vaksenopplæring. Dei aller fleste av dei er deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Resten er andre innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring, eller elevar som NAV kjøper norskkurs til. Det vert det undervist 20 timar norsk med samfunnsfag per veke. I tillegg har deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram undervisning i digitale ferdigheiter og introfag. Introfag er til dømes arbeidslivskurs, burettleiing, økonomikurs, kvardagsmatematikk og temakurs med eksterne førelesarar. Livsmeistring og foreldrerettleiing er obligatoriske modular i den nye Integreringslova. Flyktningar frå Ukraina, med midlertidig kollektiv vern, har 20 timar norskundervisning per veke. I tillegg er det obligatorisk å delta på foreldrerettleiing for deltakarar som har barn under 18 år. Flyktningar med midlertidig kollektiv vern har ikkje andre introfag.

Hausten 2022 har ikkje Aukra vaksenopplæring tilbod om grunnskoleopplæring, då det ikkje er aktuelle kandidatar.

Fire deltakarar i introduksjonsprogrammet er elevar ved siste året av grunnskoleopplæringa (10. klasse) ved Molde voksenopplæringssenter. Dei vil vere kvalifisert til vidaregåande skole frå hausten 2023. Tre deltakarar er elevar i 9. klasse same stad. Overgang til grunnskole for vaksne tel ikkje som måloppnåing i introduksjonsprogrammet, men for den einskilde deltakar betyr det likevel at dei vert kvalifisert til vidare utdanning.

Resultat for 2022: 3 personar har avslutta introduksjonsprogrammet i 2022. Av desse har 2 personar gått over i jobb, og ein går siste året i grunnskole for vaksne.

**Innføringsklassar.**

Frå 1. januar 2022 tok Eining for innvandring og integrering over ansvaret for innføringstilbodet for elevar i grunnskolealder. Dette gjeld hovudsakleg elevar med flyktningbakgrunn. I utgangspunktet var dette ein klasse med 9 elevar, men sidan kommunen har busett svært mange flyktningar i 2022, er det no tre klassar med til saman 28 elevar som får dette tilbodet. Elevane kjem frå 5 ulike land. I innføringsklassane får elevane hovudsakleg grunnleggjande norskundervisning i tillegg til noko undervisning i matematikk og kunst. Etter individuelle kartleggingar av språkleg nivå, vert elevane overført til sine ordinære klassetrinn når dei har opparbeidd eit nivå i norsk som gjer dei i stand til å følgje ordinær undervisning. Innføringstilbodet gir elevane ein god og trygg start på skolegangen i Noreg, og legg eit godt grunnlag for vidare kvalifisering i grunnskolen.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Samarbeidet med kommunale avdelingar, privat næringsliv og utdanningsinstitusjonar må halde fram for å sikre gode resultat i framtida. Eininga si kompetanse må ytterlegare styrkast og vidareutviklast med tanke på krava i ny integreringslov og den midlertidige lova for flyktningar med midlertidig kollektiv vern. Den store auka i busettingar har medført ei utviding av staben både i administrasjon og vaksenopplæring. Svært mange busettingar krev stor fleksibilitet og arbeidsvilje frå dei tilsette, og nye oppfølgingsbehov dukkar opp. Det er svært viktig å ha fokus på å halde på kompetanse når det skjer store omveltningar på flyktningfeltet.

Eining for innvandring og integrering er samarbeidspartnarar i tre Erasmus+ prosjekt. To av prosjekta har prosjektperiode frå 2020-2022, men er noko forseinka på grunn av pandemien. Alle prosjekta er relevant for arbeid med flyktningar. I tillegg søkte eininga om eit nytt Erasmus+ prosjekt i 2022 som omhandlar studieteknikk for flyktningar med låg utdanningsbakgrunn frå heimlandet og andre samansette utfordringar som vanskeleggjer læring. Eininga var blant 4 av 16 søkjarar som fekk søknaden innvilga og mottar 250000 Euro for å gjennomføre dette prosjektet i perioden 2022-2024. Prosjektet er eit samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Hellas, Kypros, Spania og Belgia.

Eininga legg til rette for at dei tilsette skal få styrka kompetansa si innan arbeidet i flyktningfeltet. Ein av lærarane er i gang med vidareutdanning i norsk, og ein av programrådgjevarane deltar i ei kursrekke for å styrke kompetansen for å undervise i det obligatoriske emnet livsmeistring. Ein av miljøterapeutane i avdeling for einsleg mindreårige flyktningar er i ferd med å avslutte ein mastergrad i pedagogikk, og ein annan er i gang med mentorudanninga innan radikalisering.

## Utfordringar og tiltak for 2023

I 2022 har det skjedd store endringar på flyktningfeltet. Etter mange år med låge busettingstal og fleire nedbemanningar, vart situasjonen brått snudd då det braut ut krig i Ukraina. Eit vedtak på busetting av 120 flyktningar har ført til at bemanninga både i administrasjon og vaksenopplæring måtte styrkast. Oppmodingstala for 2023 er ikkje kjent, men myndigheitene opererer med eit planleggingstal på 30000 flyktningar frå Ukraina i tillegg til flyktningar frå andre land. Om dette viser seg å bli eit faktum, kan Aukra kommune vente seg store oppmodingar også i 2023.

Eininga må framleis ha fokus på vidareutvikling av tenesta, sjølv om arbeidspresset er stort og fokuset no er på dei mest grunnleggjande, naudsynte og lovpålagte oppgåvene.

I samband med ny lov om integrering som trådde i kraft 1. januar 2021, har eininga tilpassa tenesta etter dei nye krava i lova. Ei midlertidig lov for flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektiv vern har ført til ytterlegare tilpassingar. Det er innført obligatoriske modular i introduksjonsprogrammet for deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram, og programmet skal i mykje større grad tilpassast den einskilde deltakar, både med tanke på varigheit og innhald. Karriererettleiing og integreringskontrakt er nye element som er i bruk, og den nye lova vil krev eit tettare samarbeid med fylkeskommunen, særskildt med tanke på karriererettleiing. Flyktningar frå Ukraina, med midlertidig kollektiv vern, har rett, men ikkje plikt til introduksjonsprogram. Denne gruppa har også eit kortare kvalifiseringsløp, der fokus skal vere på språkopplæring og arbeidsretta tiltak. Alle i denne gruppa som har fullført vidaregåande skole i Ukraina, får vedtak om eit introduksjonsprogram på 6 månader. Om deltakarane ikkje har nådd måla sine, kan programmet maksimalt utvidast med ytterlegare 6 månader. For deltakarar frå Ukraina, utan fullført vidaregåande skole,  gjeld ordinære reglar om lengde på introduksjonsprogrammet, frå 3 mnd til 4 år, avhengig av sluttmål i programmet.

Eininga vil framleis ha stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet, og det gode samarbeidet med andre kommunale einingar og privat næringsliv må halde fram. Dette med tanke på arbeidspraksis og utdanningspraksis. Det må og leggast til rette for korte kvalifiseringsløp som fører til arbeid.

For nybusette flyktningar kan overgangen til det norske samfunnet vere utfordrande, særleg med tanke på foreldrerolla i eit nytt land med anna kultur og på samarbeid med skole/barnehage, helsestasjon m.m. Eininga har frå 2016-2020 hatt midlar frå Bufetat til å gjennomføre foreldrerettleiingskurs i introduksjonsprogrammet. Sidan pandemien sette ein stoppar for delar av desse kursa i 2020 og 2021, har eininga fått utvida perioden til å gjelde til 2022. Eininga har tre tilsette som er sertifiserte ICDP (International Child Development Program) rettleiarar. Foreldrerettleiing er ein av modulane som er obligatorisk i introduksjonsprogrammet frå 1. januar 2021. I tillegg til dei midlane eininga fekk frå Bufetat til å sertifisere ICDP-rettleiarar og gjennomføre foreldrerettleiingskurs, har eininga og fått midlar frå Bufetat til å skape møteplassar for kvinner, der foreldrerettleiingsperspektivet skal vere i fokus. Eininga planlegg å starte opp treff på kveldstid i samarbeid med helsestasjon og psykisk helse og rus, der ein gjennom undervisning og refleksjonsgrupper skal styrke mødrene i deira foreldrerolle i eit nytt land.

Det er eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og eininga vil framleis ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området med tanke på utdanningstilbod til denne gruppa. Eininga vil også ha fokus på korte kvalifiseringsløp i samarbeid med NAV innanfor spesifikke fagområde.

Dersom situasjonen tillet det, vil eininga framleis ha fokus på å halde fram med fleirkulturelle arrangement som kan vise mangfaldet i kommunen og som kan føre til samhandling mellom lokalbefolkning og innvandrarar.

I den nye integreringslova er det fokus på frivilligheit og friluftsliv i introduksjonsprogrammet, og eininga vil derfor halde fram med å rekruttere friviljuge som kan bidra i arbeidet med integrering. Saman med NAV og Heimetenesta, har Eining for innvandring og integrering ein avtale med Stiftelsen JoinUs om gatefotball. Dette er eit tilbod ein gong i veka for alle over 15 år. Før fotballtrening møtast alle til eit måltid mat og sosialt samvære. Det er per i dag omlag 30 personar som nyttar seg av tilbodet. Dette er eit førebyggjande tiltak som har fokus på meistring, nettverk og samhandling, samt å hindre einsemd og utanforskap. Eininga har også hatt aktivitetsveker i sommarferien for alle barn i grunnskolealder. Dette er eit populært integreringstiltak, og omlag 80 barn har nytta seg av tilbodet. Halvparten av barna har flyktningbakgrunn.

Eininga vil framleis vere medlem i FFKF (Faglig forum for kommunalt flyktningarbeidere) og bidra til erfaringsutveksling med dei andre medlemskommunane både i fylket og nasjonalt.

Innføringsklasse i grunnskolen for nykomne flyktningar og andre elevar med same behov, vart starta opp hausten 2021. Frå 1. januar 2022 tok Eining for innvandring og integrering over ansvaret for dette tilbodet. Det er no tre innføringsklassar for elevar i grunnskolealder. Eininga må saman med Gossen barne- og ungdomsskole vere delaktig i utvikle innføringstilbodet for å dekke komande behov.

Pandemien lærte oss at vi må ha fokus på å få nybusette flyktningar digitale frå dag ein. Eininga må derfor i enda større grad ha fokus på digitale ferdigheiter for elevane ved vaksenopplæringa, slik at elevane kan nyttiggjere seg bruk av digitale tenester og undervisning.

I ein situasjon der verda er prega av uro, er også flyktningfeltet prega av usikkerheit og uføreseieligheit. Det er vanskeleg å planlegge for framtidige behov. Dersom busettingstala held seg på same nivå som i 2022, må kommunen ha ein gjennomgang av kva for kommunale tenester som må styrkast. Fleire kommunale tenester har allereie meldt om behov for auka ressursar som følgje av auka busetting.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **134** | **134** | **134** | **134** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **27 017** | **23 656** | **23 656** | **23 496** |
| **Konsekvensjusteringer** | **27 017** | **23 656** | **23 656** | **23 496** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **27 150** | **23 790** | **23 790** | **23 630** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -272 | -272 | -272 | -272 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-272** | **-272** | **-272** | **-272** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-272** | **-272** | **-272** | **-272** |
| **Ramme 2023-2026** | **26 878** | **23 518** | **23 518** | **23 358** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Legge til rette for aktiv og stimulerande fritid | Fritidsaktivitetar og møteplassar | 120 | 100 | 100 | 100 |
| | | Støtte til fritidsaktivitetar | 30 | 30 | 20 | 20 |
| | Levere gode kommunale tenester | Svarprosent på nasjonal brukarundersøking for deltakarar i introduksjonsprogrammet | 94,0 % | 94,0 % | 94,0 % | 94,0 % |
| | | Årleg måloppnåing for deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % | 75,0 % |
| | Skape attraktive bumiljø | Tal på arrangement der Eining for innvandring og integrering er involvert | 15 | 10 | 10 | 10 |
| 1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid | Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet | Tal på aktivitetar saman med frivilligheita | 100 | 80 | 80 | 80 |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer | Barn som får støtte til å delta i fritidsaktivitetar | 30 | 20 | 15 | 15 |
| | Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen | Tal på elevar i innføringsklasse for nykomne innvandrarar | 40 | 20 | 20 | 10 |
| | Tilbod til barn og unge i sommarferien | Tal på 10. klassingar som har sommarjobb i Eining for innvandring og integrering | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | | Tal på aktivitetar for barn og ungdom i sommarferien der Eining for innvandring og integrering er delaktig | 3 | 3 | 3 | 3 |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing | Tal på gjennomførte kurs i foreldrerettleiing for deltakarane i introduksjonsprogrammet | 3 | 2 | 2 | 2 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser | Tal på nettverksmøter der Eining for innvandring og integrering er involvert | 20 | 20 | 20 | 20 |

# Kultur

## Omtale av tenesteområdet

***"Ikke alt som teller, kan telles. Og ikke alt som telles, teller."***

**A.Einstein**

I dette spenningsfeltet står kulturavdelinga med sine mange arbeidsfelt og aktivitetar. Kulturavdelinga utfører tenester innafor arbeidsfelta ungdomsarbeid, folkehelse, rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, kulturskole, bibliotek, kino, samt kulturformidling og lokalhistorisk arbeid. Viktige samarbeidspartar for alle tenestene er alle som engasjerer seg som frivillige, det frivillige kulturlivet og einingane i kommunen. Kultur har delt drifta inn i ni ulike fagområde. Desse er sjølvstendige, med eigne ansvarsområde i driftsbudsjettet. Den store bredda i fagfelta vert utnytta som ei styrke i utviklinga av kulturfeltet i kommunen. Utfordringa med organiseringa er at dei fleste arbeider åleine på sitt fagfelt.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

I september 2022 opna Aukra kulturhus dørene for alle, både innbyggarar i Aukra kommune og andre som vil besøke og bruke huset. Kulturavdelinga i kommunen har arbeidsplassen sin her, og alle tenestene innanfor kulturarbeid er no samla. Dette gir nye moglegheiter og arenaer for samarbeid. Visjonen for huset - *møtestaden der alle høyrer til* - gir både moglegheiter og utfordringar. Kva betyr møtestaden der alle høyrer til og korleis kan vi gjere det til ein møtestad der alle trivst?

All aktivitet skal bygge på demokratiske prinsipp, der samspel, engasjement, deltaking og meistring for alle er viktige pålar i det vi bygger i kulturhuset. Dette vil vere med å forsterke kvart enkelt aktivitetsområde og gjere huset enklare tilgjengeleg for innbyggarane og brukarane.

Gjennom oppstartsprosjektet "Etablering av Aukra kulturhus" skal referansegruppa som vart nedsett i prosjektering- og byggefase følgje utviklinga både i drift og aktivitet fram til evaluering som skal leggast fram før sommaren 2024. Nye oppgåver som kino er etablert og skal få si driftsform. Bassenget har fått eit stort og utvida tilbod. Tilrettelegging for utlån av lokala i huset har allereie blitt ei stor oppgåve som krev større ressursar enn før. Eininga skal bruke tida framover på å finne ei optimal organisering for å løyse oppgåvene.
Eininga skal vere bidragsytar til å utvikle det lokale kulturlivet, som kompetansesenter og samarbeidspartner med lokalt kulturliv, lag og organisasjonar, og som arrangør av eigne førestillingar.

<u>Våre verdiar:</u>

- *Alle skal kjenne seg trygge i vårt hus*
- *Vi skal gi alle lyst til å komme tilbake*
- *Alle som utfører tenester opptrer som ambassadørar for huset*

**Folkehelse:** Satsinga på folkehelse i kommunen må vidareførast og er eit gjennomgåande tema i samfunnsplanen. Lov om folkehelse og fleire stortingsmeldingar peiker på kor viktig det er med

samhandling på tvers av sektorar. I tillegg til tidleg innsats og gode levekår, er psykisk helse eit viktig satsingsområde.

**Aukra Kulturskole:** Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova, § 13-6: «Alle kommunar skal åleine, eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.» Aukra kulturskole skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk, teater og teknologi. For Aukra kulturskole er nasjonal rammeplan og lokal læreplan styringsverktøy for innhaldet og organiseringa. Regjeringa har lagt fram ein strategi som har som mål å heve kompetansen i og statusen til dei praktisk og estetiske faga, fagområda og arbeidsformer i barnehage, skole og lærarutdanninga. Strategien «Skaperglede, engasjement og utforskertrang» beskriv kulturskolen som sentral for å styrke kompetansen innan dei estetiske faga i barnehage og grunnskole.

**Aukra folkebibliotek:** Lov om folkebibliotek seier at «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.» Med endring i lova frå 2013, skal folkebiblioteket legge stor vekt på møteplassfunksjonen og rolla som formidlar.

**Ungdomsråd:** Kommunelova § 5-2 har frå 2019 vore tydeleg på at alle kommunar skal ha eit ungdomsråd, eller eit anna medverkingsorgan for ungdom. Dette skal sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld ungdom.

**Overordna mål for kulturplan 2021-2024** (Rullering av planen blir gjennomført våren 2023)

| Arena for kulturaktivitet | Frivillig sektor | Barn og unge | Kulturformidling | Kulturog næring | Fysisk aktivitet og friluftsliv |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til. | Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet. | Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter. | Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst -og kulturformidling. | Bygge merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar. | Utvikle eit godt fysisk tilrettelagt nærmiljø med flotte friluftsområde, turstiar og arenaer for fysisk aktivitet. Dette skal bidra til å gjere folk meir aktive. |

## Utfordringar og tiltak for 2023

- Med kulturtenesta samla under eit tak gir det store synergiar, både med tilgjengelegheit og samarbeid. I samråd med brukarane skal vi finne dei gode løysingane slik at vi når målsettingane i visjonen.

- Det er ei stor oppgåve å drifte huset. Nye og endra arbeidsoppgåver gjer at vi må sjå på personalressursen vi har og alle oppgåvene vi er vant til å gjere.

- Sjølv om Frivilligsentralen ikkje lenger har eit eige lokale vil funksjonen Frivilligsentral ha ei viktig rolle med tanke på å legge til rette for frivilligheita i kulturhuset.

- I tråd med sentrale føringar og vedtatt rammeplan skal kulturskolen vere eit kulturpedagogisk ressurssenter i kommunen. Stortingsmelding 18 (2021) tydeleggjer regjeringa at barn- og ungdomskulturfeltet er eit politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Målet er å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur. Kulturskolen er et sentralt verkemiddel for å nå dette målet.
    - Innføre friplassar i kulturskolen for familiar med låg inntekt.
    - Fortsette arbeidet med å legge til rette for fleire tilbod innafor vårt breiddeprogram.
    - Utforske og etablere nye publikumsmøte på nye arenaer slik at kunstopplevingar når ut til fleire.
    - Verne og vidareføre materiell og immateriell kulturarv.
    - Kulturskolen kan gi tilbod om «pusterom» for sårbare barn- og ungdom i grunnskolen som kan ha nytte av dette.
    - Vårt mål er at barn i Aukra skal få det same tilbodet, uavhengig om dei går i barnehage/skolen på Julsundet eller på Gossen.

- Kommunen treng eit godt verkty for lagring av foto og opplysningar knytt til enkeltgjenstandar og kulturminne. Med ein søkbar database til lagring av opplysningar knytt til gjenstandar, kulturminne og miljø, kan kunnskap om kulturminne bli bevart uavhengig av enkeltpersonar.

- Biblioteket skal samarbeide med dei andre i kulturhuset for å kunne gje nye tilbod til lånarane. Vi skal aktivt jobbe for å gjere tilboda kjent. Det skal vere høg kvalitet på tenestene, både i formidlingsarbeidet/utadretta verksemd og i den daglege drifta.

- I tråd med verdiplattforma til Barne- og ungdomsplan skal vi arbeide for ei heilskapleg tenking rundt 24-timars ungdommen. Den peikar tydleg på kor viktig det er å arbeide for å hindre utanforskap. Samfunnsplana seier at vi skal legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar for organisert og uorganisert aktivitet. I tillegg skal vi ha møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar. Prosjekta UngdomsLOS og Møteplass for ungdom med faste vaksenpersonar er avslutta 31.12.22. Utan ekstra ressursar vil det vere krevjande å følgje opp og vidareføre arbeidet som er gjort.
    - Førebygging er vanskeleg å måle. Likevel er det dit vi skal; Vi skal arbeide i tråd med verdiplattforma til MOT – og auke innsatsen oppå brua. Dess seinare tiltak vert sett inn, dess vanskelegare er det å snu uheldig utvikling.




*Kjelde: MOT*

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinnelig budsjett** | **11 399** | **11 399** | **11 399** | **11 399** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **506** | **506** | **506** | **506** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 140** | **1 140** | **1 140** | **1 140** |
| **Konsekvensjusteringer** | **1 646** | **1 646** | **1 646** | **1 646** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **13 044** | **13 044** | **13 044** | **13 044** |
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Motorcrossbane - Støytiltak og anleggsutbygging | 954 | 0 | 0 | 0 |
| Ungdomslos | 750 | 750 | 750 | 750 |
| Årskort på basseng for 3. klassingar | 52 | 52 | 52 | 52 |
| **Sum Politisk vedtak** | **1 756** | **802** | **802** | **802** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -132 | -132 | -132 | -132 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-132** | **-132** | **-132** | **-132** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Miljøarbeider - Møteplass for ungdom med fast vaksenperson | 130 | 130 | 130 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **130** | **130** | **130** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **1 754** | **800** | **800** | **670** |
| **Ramme 2023-2026** | **14 798** | **13 844** | **13 844** | **13 714** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid | Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet | Gode lokale for frivilligheita | Det skal vere enkelt å vere brukar av kulturhuset | | | |
| | | Kulturskoletilbod om musikkterapi for eldre | 15 | 30 | 40 | 40 |
| | | Utvikle samarbeid med brukarråd i kulturhuset, samt musikk- og idrettsråd i kommunen. | 4 | 4 | 4 | 4 |
| | Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen | Sangtreff pr. år | 20 | 20 | 20 | 20 |
| | Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet | Inkluderande rekruttering | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | | Utvikle samarbeid med frivillige | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året | Faste treffstader gjennom året |
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Gjennom MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbygger" skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle | Etablere MOT satelitt-team | 4 | 4 | 4 | 4 |
| | | Inkludere næringslivet gjennom pilotprosjektet "Kommunen som samfunnsbyggar" | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar | Etablere faste miljøarbeidarstillingar | Avhengig av budsjettmidlar | | | |
| | | Utforske og etablere nye publikumsmøte på nye arenaer slik at kunstopplevingar når ut til fleire | 12 | 24 | 24 | 24 |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer | Innføre friplassar i kulturskolen for | 10 | 10 | 15 | 20 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | familiar med låg inntekt | | | | |
| | | Kontantkassa - ei varig kommunal støtteordning | Avhengig av budsjett-/ tilskotsmidlar | | | |
| | | Utlån i BUA | 50,0 % | | | |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | Eit aktivt ungdomsråd | Ungdommen skal takast med på råd i saker som angår dei | Invitere til innspel i samband med rullering av kulturplan | | | |
| 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø | Arenaer for variert fysisk aktivitet | Julsundmarka - meir tilgjengeleg | Avhengig av avklaringar med grunneigarar. | | | |
| | | Pumptrack med skatedel på Gossen og på Julsundet | Samarbeide med tekniske tenester | | | |
| | | Samarbeid med idrettsråd og idrettslag for å auke deltakinga i idrettsaktivitet | Samarbeide med idrettsråd og Idrettslag | Samarbeide med idrettsråd og Idrettslag | Samarbeide med idrettsråd og Idrettslag | Samarbeide med idrettsråd og Idrettslag |
| | | Vedlikahald av turstiar | Gjennomføre plan for vedlikehald | Gjennomføre plan for vedlikehald | Gjennomføre plan for vedlikehald | Gjennomføre plan for vedlikehald |
| | Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar | Vi skal arbeide for at kommunen har gode og inkluderande møteplassar for alle aldersgrupper | Gjennomføre brukarundersøking | | | |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Etablere faste LOS-stillingar vere eit tilbod til barn og unge med stort skolefråver. | Avhengig av budsjettmidlar | | | |
| | | Innføre BTI-modellen | Opplæring og iverksetting | | | |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3.1 Kvalitativt gode tenester | Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler | Organisering av kulturtenesta i nytt kulturhus. Gjennomføre oppstartsprosjekt med rapportering til kommunens referansegruppe. | 2 møter pr. år | | | |
| 4.4 Aukra skal styrkast som attraktiv reise- og friluftsområde | Realisere Masterplan for reiseliv 2030 | Turistinformasjon i kulturhuset | Skal vere etablert før sommarsesongen. | | | |
| | | Verne og vidareføre materiell og immateriell kulturarv gjennom oppleving, skaping og formidling gjere alle born i Aukra kjent med lokalhistoria. | 30 | 40 | 40 | 40 |

# Institusjon og butenester

## Omtale av tenesteområdet

Tenesteområdet Institusjon og bu-tenester inneheld drift av sjukeheim, tiltak funksjonshemma og avlastningstiltak.

Sjukeheimsdrift har 30 plassar på Aukra Omsorgssenter. Langtidsplassar med krevjande behandlingsoppfølging, palliativ pleie, alvorleg sjuke demente, korttids og rehabiliteringsplassar. Eit svært ressurs- og kompetansekrevjande tenesteområdet etter at samhandlingsreforma er realisert. Pasientar som tidlegare har vore føld opp i spesialisthelsetenesta blir no behandla i kommunen.

Aukra Omsorgssenter har kjøkkendrift med servering til sjukeheimspasientar, matombringing til heimebuande, kantinedrift til tilsette, og servering til små og store arrangement.

Vaskeriteneste: sjukeheimsdelen driftar eige vaskeri til bebuarar ved sjukeheimen, og til enkelte heimebuande som betalar for tenesta.

Tiltak funksjonshemma har eit bufellesskap med 8 bebuarar. I tillegg følgjer avdelinga opp heimebuande med behov for hjelp til stell, pleie og organisering av daglege aktivitetar.

Avlastningstenesta er organisert som kommunal avlastning, kjøp av tenester frå private og avlasting i eigen heim. Dette gjeld avlastingstilbod for born og unge frå 0-18år.

Dagsenter og aktivitetar er viktige i kvardagen til den einskilde. Eininga har fokus på å finne tilrettelagde aktivitetar ilag med brukarane slik at dei får meiningsfylde kvardagar.

Tenestemottakar skal motta individuelt tilpassa tenester ut fra ei kartlegging av deira hjelpebehov som er utført av helsepersonell. Behovet for hjelp kan endre seg over tid og tenestetilbodet skal til eikvar tid tilpassast dagens behov.

Organisering av Institusjon og butenester:

Leiing: Einingsleiar og tre avdelingsleiarar

95 tilsette

Administrativt 1,5 årsverk (sakshandsaming, økonomi, og div).

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Pleie og omsorg opplever at ein må utføre meir spesialiserte tenester på sjukeheim. Dette er ei direkte konsekvens av samhandlingsreforma. Palliativ oppfølging og komplekse behandlingsforløp for multisjuke

er ein del av kvardagen. Dette krev høg dekningsgrad av sjukepleiarar som går i turnus. Det er høve for meir spesifikke vidareutdanningar som til dømes avansert klinisk sjukepleie og palliativ pleie.

Det er kontinuerleg høve for opplæring og kompetanseheving kring individuelle behandlingsforløp. Institusjonsteneste og heimeteneste skal delta i nettverk der spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta skal hospitere hjå kvarandre for å betre kunnskapsdeling.

Legevaktsatellitt har vore i drift siden mars 2020, det er høve for å ha fleire sjukepleiarar med i ordninga. Drifta av satellitt krev at personell held seg fagleg oppdatert slik at tenesten opplevast trygg for innbyggarar i kommunen.

Aukra kommune Pleie og Omsorg har god kapasitet for å ta imot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus. Tett samarbeid mellom heimesjukepleie og institusjon gjer at ein hjelp kvarandre med kompetansedeling når dette er naudsynt for å ta imot pasientar i heimen eller på institusjon.

**Tiltak funksjonshemma og avlastningstenesta**

Organisering av personell for å få best mogleg tenester og aktivitetar for den einskilde er i fokus. Alle har krav om individuell tilrettelegging i kvardagen. Det er og fokus på at ein kan organisere gode gruppeaktivitetar som er ei tilrettelegging for sosial utfolding for brukarane.

**Velferdsteknologi i tenesten**

Auka bruk av teknologi krev ei ny type kompetanse blant helsepersonell. Pleie og omsorg nyttar opplæring og vedlikehald av kunnskap i organisasjonen kontinuerleg. Pleie og omsorg er heldige i den forstand at ein har det nyaste av velferdteknologi tilgjengelig og har moglegheit til å nytte dette som ein aktiv del av tenesta. Leiing og ressurspersonar vil delta i nettverk for å halde seg oppdatert på det nyaste som fins på markedet og for å sikre optimal drift av dei teknologiar vi allereie har.

Pleie og omsorg vil fortsatt ha eit aktivt samarbeid med Høgskulen i Molde for å bidra med kunnskap om velferdteknologi til helsepersonell under utdanning.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Den største utfordringa for pleie og omsorgstenester er å få rekruttert inn helsepersonell til å utføre dei tenester kommunen vedtar.

Dette har konsekvensar for at eininga kan halde vedtekne rammer i budsjettet.

Rekrutteringsutfordringar og utdanning av nok helsepersonell er ei nasjonal utfordring.

Det er viktig å tilpasse tenesta ut frå dei samfunnsendringane som skjer.

Koordinerande eining i kommunen må gjere dei faglege vurderingar for tildeling av tenester i Aukra kommune.

Det blir ei utfordring å skape ei lik forståing av dagens og framtidas utfordring med å fordele naudsynte ressursar med alle som har behov for helsetenestar.

Kva skal ein sjølv ha ansvar for?

Kva kan pårørande og frivilligheita gjer?

Kan vi nytte helsepersonell til meir spissa oppgåver der det krevst kompetanse?

Informasjon og god kommunikasjon om ansvarsfordeling mellom kva det offentlege skal dekke og kva den einskilde innbyggjar har ansvar for blir viktig for å fordele helsepersonell ressursar på ein hensiktsmessig måte.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **60 835** | **60 835** | **60 835** | **60 835** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-560** | **-1 076** | **-1 076** | **-1 076** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **2 524** | **2 524** | **2 524** | **2 524** |
| **Konsekvensjusteringer** | **1 964** | **1 448** | **1 448** | **1 448** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **62 799** | **62 283** | **62 283** | **62 283** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -630 | -630 | -630 | -630 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-630** | **-630** | **-630** | **-630** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Utsett implementering Helseplattformen. | 154 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **154** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-476** | **-630** | **-630** | **-630** |
| **Ramme 2023-2026** | **62 323** | **61 653** | **61 653** | **61 653** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Tal på 10 klassingar som får jobb pr. år ved Institusjon og butenester | 4 | 4 | 4 | 4 |
| 3.1 Kvalitativt gode tenester | Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa | | | | | |
| | Avlastning og dagtilbod | Avlastning | 730 | 730 | 730 | 730 |
| | Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler | Flexitillegg | 60 | 80 | 100 | 100 |
| | | Tal på sjukepleiarar i Institusjon og butenester med flexiavtale | 8 | 10 | 10 | 10 |
| | Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette | Vedtak på støttekontakt pr. år | 22 | 22 | 22 | 22 |
| | | Vedtatt døgn på korttids/rehabiliteringsplassar | 2 200 | 2 200 | 2 200 | 2 200 |
| 3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester | Godt fagleg miljø | Nærvær | 7,0 % | 6,0 % | 5,0 % | 5,0 % |
| | | Turnover | 2 | 2 | 2 | 2 |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Auke i talet på høgskuleutdanna personell ved Institusjon og butenester | 27 | 28 | 30 | 30 |
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Tal på lærlingar/studentar/elevar som er i eining Institusjon og butenester kvart år | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser | Tal på representasjon | 4 | 4 | 4 | 4 |

# Tenester til heimebuande

## Omtale av tenesteområdet

Tenesteområdet inneheld ulike funksjonar og yt tenester til heimebuande i kommunen. Eininga disponerer 20 heildøgns omsorgsbustadar i Aukra Omsorgssenter i tillegg til andre omsorgsbustadar. Omsorgsbustadar vert tildelt etter søknad, funksjonsnivå og enkeltvedtak.

Eininga yt naudsynt helsehjelp og heimesjukepleie til heimebuande med lettare og komplekse sjukdommar. Eininga legg til rette for at innbyggarane skal kunne bu heime lengst mogeleg uavhengig sjukdom og funksjonsnedsetjing.

Dei seinare åra har ein sett at fleire ønskjer å ha den siste tida i eigen heim og avslutte der. Heimesjukepleia legg til rette for det så langt det er fagleg forsvarleg. Eininga har teke i bruk ulik velferdsteknologi, som digitale tilsyn, GPS og medisindispensar. Teknologien frigjer tid til helsehjelp og bidreg òg til at tenestemottakar kan oppleve større fridom og meistring i kvardagen.

Praktisk bistand (heimehjelp) vert tildelt etter søknad, behovskartlegging og enkeltvedtak. Praktisk bistand kan vere golvvask, støvtørking, vaske og henge opp klede, samt innkjøp. Tenestene varierer med kva tenestemottakar sjølv greier å utføre.

Dagsenter for eldre har lokalar i Aukra Omsorgssenter. Dagsenteret har som mål å aktivisere dei eldre sosialt samstundes som det skal vere ei avlasting for pårørande til sjuke og personar med demens. Då vi har fått midlar frå  Statsforvalteren har ein tilsett ved dagsenteret fått i oppgåve å koordinere aktivitetar for eldre heimebuande.

Dagsenter for yngre personar med utfordringar innan psykisk helse og rus er lokalisert i Aukra Omsorgssenter. Dei har tilgang til treningsrom og hage. Gruppa er variert med ulike behov, og lokala kan opplevast som mindre eigna på grunn av størrelse. Dagsenter for yngre driv gjenbruksbutikk som eit aktiviseringstiltak ved Riksfjord skole. Dagsenteret har ulike tilbod som inneber fysisk aktivitet som turgruppe og gruppetrening.  I 2021 vart det tilsett ein miljøterapeut  som skal ha fokus på miljøarbeid og aktivitet for målgruppa. Miljøterapeuten kan bistå i ADL-oppgåver.

Avdeling psykisk helse og rus yt individretta og grupperetta teneste i form av støttesamtalar, gruppeterapi, rettleiing og opplæring. I 2022 vart behovet for teneste stor då kommunen tok imot mange flyktningar, og det vart registrert ei stor auke i behov for oppfølging. Ein reknar med at behovet vil auke i 2023, og eininga vil styrke tenestene med ein psykiatrisk sjukepleiar.

Støttekontakt for eldre vert tildelt for å førebygge einsemd og leggje til rette for aktivisering. Eininga tildeler omsorgsløn til personar med omfattande omsorgsoppgåver.

Eining heimetenester er driftsansvarleg for hjelpemiddel og velferdsteknologi, demenskoordinator, og CosDoc-ansvarleg i tillegg til halvparten av merkantile ressursar og økonomirådgjevar. Eininga har ein einingsleiar og ein avdelingsleiar. Det er tilsett ein  kreft- og pallisjonskoordinator, som skal bistå alvorleg sjuke innbyggarar i kommunen og deira pårørande.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Då ein forventar ei auke i behov for tenester både for unge og eldre dei neste 10-15 åra, samstundes som det vert færre i arbeidsfør alder til å yte teneste, vert det viktig å styrke tenesta for å kunne gje

naudsynt helsehjelp. Samhandlingsreforma med auka behandling i kommunane og færre sjukeheimsplassar gjer at heimesjukepleia må styrkast som teneste med kompetente tilsette og meir bruk av velferdsteknologi. Det vert og viktig å tenke folkehelse, førebygging og tilrettelegging i mykje større grad enn tidlegare. Omsorgstrappa må nyttast meir funksjonelt i den grad det er mogeleg og fagleg forsvarleg.

Det vert viktig å samarbeide med lag, organisasjonar, frivillige og pårørande til å bistå med oppgåver og sosiale aktivitetar som ein ikkje treng helsepersonell for å utføre. Ein bør òg tenke å nytte andre profesjonelle til oppgåver som ikkje er omsorgsoppgåver.

Heildøgns omsorgsbustader er eit steg i omsorgstrappa. Ei utfordring ein ser hos heimebuande eldre er når dei utviklar demenssjukdom og framleis er fysisk spreke. Eining for heimebuande ser behovet for å etablere eit bufellesskap for eldre utanfor Aukra Omsorgssenter. Desse bebuarane vil ha teneste på enkeltvedtak frå heimesjukepleie. I tillegg vil det vere eit behov for assistent til å hjelpe med måltid og praktiske gjeremål på ulike tidspunkt gjennom dagen. I 2022 har vi starta planlegging av eit bufellesskap med 4 -5 bueiningar. Ein ser eit behov for dette når det gjeld personar med psykiske utfordringar og tidleg demens, der personen er særleg fysisk sprek. Ein tanke med bufellesskap er å ivareta tryggleik, sosialt fellesskap og aktivitet. Ein ser at halvparten av dei som bur i heildøgns omsorgsbustadar idag kunne fått dekka sine behov i bufellesskap. Slik det er no vert det lite turnover hos bebuarar i heildøgns omsorg, og andre personar med omfattande og kompliserte somatiske utfordringar må vente på å få plass når dei treng det.

Eininga merkar at det er behov for meir ressursar til oppfølging av velferdteknologi og arbeid med hjelpemiddel. Ei auke siste åra gjer at tilrettelegging og hjelpemiddel vert ein flaskehals i drifta. Dess fleire som bur heime med samansette behov, dess meir oppfølging og tilrettelegging treng ein på hjelpemiddelsida. Eininga ønskjer å om mogleg å prioritere dette området for å få ei betre drift med tanke på heimebuande.

På områda psykisk helse og rus er det eit aukande behov for tenester både i gruppa unge og eldre. Det er og ei stor gruppe flyktningar som har kome frå ulike krigsherja land som treng mykje oppfølging når det gjeld psykisk helse.

Det vert viktig å rekruttere og behalde helsepersonell i konkurranse med andre kommunar og sjukehuset, slik at vi skal greie å møte kravet til auka og meir komplisert tenesteyting hos heimebuande. Eining for heimebuande er ein sentral samarbeidspart i drifta av legevaktsatellitt saman med Eining Institusjon.

Eininga har i 2022 starta innføring og bruk av langvakter i heimesjukepleie. Ein vil arbeide med å få fleire til å arbeide lange vakter, slik at kompetansen vert fordelt på meir utover heile veka. Langvakter kan òg for ein del helsepersonell vere eit gode som kan vere med å bidra til nyrekruttering.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Eining for heimebuande har som mål å fullføre arbeidet med å bytte ut alle tryggleiksalarmar med digitale tryggleikspakkar. Arbeidet har teke lengre tid en først planlagt grunna uførutsette utfordringar.

Eininga har teke i bruk velferdsteknologi på alle trinn i omsorgstrappa der det er funksjonelt opp mot individuelle behov. Døme på det er elektroniske medisindipensarar, GPS, digitale tilsyn og tryggleikspakkar. Vi har no 30 medisindispensarar i drift, og det er den tenesta innbyggarar får tilbod om når dei søkjer om hjelp til medikamenthandtering. Eininga er heile tida på leit etter å finne eigna velferdsteknologi for å lette drifta.

Eininga vil fortsette å styrke kompetansen og samhandle på tvers, slik at ein kan yte kvalitative gode tenester på kort og lang sikt til alle med behov for tenester. For å sikre at ein har rett kompetanse på tvers av einingar har ein teke i bruk eit fleksibilitetstillegg som inneber at tilsette mot eit tillegg stiller seg til disposisjon og vert flytta på tvers av avdelingar og einingar til å utføre sjukepleieoppgåver på kort og lang sikt.

Eininga ønskjer å vidareføre tilbodet med utvida opningstid på dagsenter eldre på kveld og laurdagar. Det er eit behov for aktivisering av eldre samstundes som pårørande får avlastning. Tenesta psykisk helse og rus vil i aukande grad gjennomføre gruppetilbod til dei med lettare psykiske lidingar. Det vert i aukande grad satsa på aktivisering og aktivitet. Det er tilsett miljøterapeut som skal utføre målretta miljøarbeid i heimen til brukarane og legge til rette for aktivitet. Ein ser eit aukande behov for bustadar, og ein har eit mål om å arbeide med å etablere eit bufellesskap for eldre personar med psykiske utfordringar og personar med tidleg demens.

Eininga opplever ei auke i oppgåver når det gjeld oppfølging av velferdsteknololi og hjelpemiddel, og ein har eit ønske om å arbeide med dette for å få tilgode tilretteleggingar for heimebuande.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **35 555** | **35 555** | **35 555** | **35 555** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **337** | **237** | **567** | **567** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 089** | **1 089** | **1 089** | **1 089** |
| **Konsekvensjusteringer** | **1 426** | **1 326** | **1 656** | **1 656** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **36 981** | **36 881** | **37 211** | **37 211** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -371 | -371 | -371 | -371 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-371** | **-371** | **-371** | **-371** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Utsett implementering Helseplattformen. | 72 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **72** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-299** | **-371** | **-371** | **-371** |
| **Ramme 2023-2026** | **36 682** | **36 510** | **36 840** | **36 840** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3.1 Kvalitativt gode tenester | Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa | Antall velferdsteknologi i bruk | 30 | 40 | 50 | 50 |
| | Alternative butilbod | Antall alternative butilbod | 6 | 6 | 6 | 6 |
| | Avlastning og dagtilbod | Antall brukarar som har plass ved dagsenter for eldre | 42 | 48 | 50 | 50 |
| | Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler | Tal på tilsette i Tenester for heimebuande med flexiavtale | 7 | 9 | 11 | 11 |
| | Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette | Fatta vedtak om omsorgsløn pr. år | 22 | 30 | 35 | 35 |
| | | Fatta vedtak på matombringing pr. år | 68 | 80 | 85 | 85 |
| | | Fatta vedtak på plass ved dagsenter for eldre | 42 | 48 | 50 | 50 |
| | | Fatta vedtak på praktisk bistand pr. år | 80 | 85 | 90 | 90 |
| | | Fatta vedtak på støttekontakt pr. år | 28 | 34 | 40 | 40 |
| 3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester | Godt fagleg miljø | Nærvær på arbeidsplassen | 6,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % |
| | | Turnover | 2 | 2 | 2 | 2 |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Auke i talet på tilsette med høgskoleutdanning ved Tenester for heimebuande | 25 | 26 | 27 | 27 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Talet på elevar, lærlingar og studentar i praksis ved Tenester for heimebuande pr. år | 10 | 10 | 10 | 10 |
| | Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser | Tal på representasjon | 4 | 4 | 4 | 4 |
| 8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport | Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel | El-bil flåte | 6 | 7 | 8 | 8 |

# Helse

## Omtale av tenesteområdet

Eining Helse består av tenesteområda helsestasjon, fysioterapi, ergoterapi og legesenter. I tillegg kjem ambulansetenester både på sjø og land. Kommunen har psykolog tilsett i 40% stilling. Einingа er organisert med avdelingsleiarar på kvart av dei fire tenesteområda.

Eining Helse skal prioritere førebyggande arbeid, m.a. gjennom frisklivssentralen, i arbeid med gravide, i barnehagane og på skolane, men det er òg viktig med førebygging for m.a. dei eldre.

Aukra kommune er del av interkommunal legevaktordning som omfattar kommunane Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Sunndal. Daglegevakt er organisert av legesenteret på Gossen.

Eininga har høg kompetanse på alle tenesteområde.

## Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Den viktigaste oppgåva for helsetenesta i ein kommune er å til ei kvar tid ha gode fagfolka på alle tenesteområda - Aukra kommune har det! Dette sikrar kvalitet i arbeidet som blir gjort og det sannsynleggjer tverrfagleg arbeid mellom profesjonar. Det tverrfaglege arbeidet er viktig mellom fagfolk i eining Helse, men det er òg viktig på tvers i kommuneorganisasjonen, i samarbeidet med andre kommunar og med eksterne aktørar. Ikkje minst er godt samarbeid og samhandling med helseføretaket og primærhelsetenesta avgjerande for gode og saumlause helsetenester for kommunen sine innbyggjarar.

Aukra kommune skal ha eit særskilt fokus på arbeidet innan psykisk helse og rus (organisert i eining Heimetenester), og på førebygging av vald i nære relasjonar.

Innføringa av Helseplattformen er utsett til november 2023. Dette gjev organisasjonen noko betre førebuingstid. Kommunen er i rute i innføringsarbeidet.

I juni 2022 tilsette kommunen ALIS (allmennlege i spesialisering). ALIS har deleliste med ein av våre fastlegar.

Begge fastlegelistene i Aukra ha no ei listelengd (makstal på pasientar) på 1.300. Ei av listene er fullteikna, og den andre nærmar seg å bli det. Kommunedirektøren vil følgje fastlegesituasjonen nøye.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinneleg budsjett** | **17 638** | **17 638** | **17 638** | **17 638** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-559** | **-1 003** | **-1 003** | **-1 003** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 027** | **1 027** | **1 027** | **1 027** |
| **Konsekvensjusteringer** | **468** | **24** | **24** | **24** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **18 106** | **17 662** | **17 662** | **17 662** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -183 | -183 | -183 | -183 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-183** | **-183** | **-183** | **-183** |

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Nye tiltak** | | | | |
| Utsett implementering Helseplattformen. | 154 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **154** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-29** | **-183** | **-183** | **-183** |
| **Ramme 2023-2026** | **18 077** | **17 479** | **17 479** | **17 479** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Levere gode kommunale tenester | | | | | |
| 1.3 Vidareutvikle infrastruktur | Sikre pasienttransport i nødsituasjon, beredskapsferje/ambulansebåt | | | | | |
| 2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø | Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine - hjelp til å bere si eiga bagasje | | | | | |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Foreldrekursrekke - frå graviditet til 10. klasse (samhandling mellom jordmor, helsesøster, barnehage, skole, kultur, frivillig arbeid) | | | | | |
| | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | | | | | |
| | Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP) | | | | | |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Fokus på bruk av velferdsteknologi | | | | | |
| | Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester | | | | | |
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser | | | | | |

# NAV Aukra

## Omtale av tenesteområdet

Velferdstenestene bidreg til at innbyggarane opplever meining, samkjensle og sjølvstendige liv. Dette er viktig for den enkelte og for rettferdig og berekraftig fordeling av ressursane i fellesskapet. For å få til dette må tenestene utviklast saman med innbyggarane.

Vi vil redusere sosiale forskjellar i levekår og helse, og fanga opp dei som treng hjelp eller er i ein sårbar situasjon. Innbyggarane skal få tenester tilpassa den enkeltes behov, som er nyttige og koordinerte. Dette skal vi oppnå gjennom kompetente medarbeidarar, bruk av teknologi og godt samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

Hovudoppgåva til NAV Aukra er å sørge for at så mange innbyggarar som mogleg har god tilknyting til arbeidslivet gjennom opplæring og kvalifisering. Nokre innbyggarar vil av ulike årsaker ikkje ha moglegheit til å forsørgja seg sjølv, og desse skal sikrast ein forsvarleg økonomi slik at dei likevel kan ha sømelege levekår.

Målet er at dei som mottar økonomisk sosialhjelp har tiltak som fremmar deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

FN's berekraftmål som NAV Aukra vektlegg i sitt arbeid er:




## Utfordringar og tiltak for 2023

NAV Aukra har dei siste åra hatt ei auke i søknad om økonomisk råd og rettleiing / gjeldsrådgjeving.

Mange ungdommar mottar oppfølging frå NAV. Det er ungdom som har samansette utfordringar som helse, mangel på utdanning og arbeidserfaring Denne gruppa av ungdom står langt frå arbeidslivet.

Aktuelle tiltak:

God informasjon om økonomisk råd og rettleiing og kurs om økonomi ved NAV kontoret.

Tett samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar, utdanningsinstitusjonar og behandlarar.
Bruk av tiltak som kan auka mulegheitene til å komma ut i arbeid eller fullføra skule.
Tett samarbeid med næringslivet om rekruttering og inkludering av dei som står langt frå arbeidslivet.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **4 035** | **4 035** | **4 035** | **4 035** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **62** | **62** | **62** | **62** |
| **Konsekvensjusteringer** | **62** | **62** | **62** | **62** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **4 097** | **4 097** | **4 097** | **4 097** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -41 | -41 | -41 | -41 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-41** | **-41** | **-41** | **-41** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-41** | **-41** | **-41** | **-41** |
| **Ramme 2023-2026** | **4 056** | **4 056** | **4 056** | **4 056** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet | Levere gode kommunale tenester | Årlig evaluering av kompetansebehov i NAV | 2 | 2 | 2 | 2 |
| 2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium | Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid | Antal faste samarbeidsmøter mellom NAV og andre aktuelle smarbeidspartnarar | 30 | 30 | 30 | 30 |
| 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne | Sikre gode og likeverdige tenester | | | | | |
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaropplevingar, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk | Andel digitale søknadar pr. år | 80,0 % | 85,0 % | 90,0 % | 90,0 % |
| | Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser | | | | | |
| | Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval | Andel digitale søknadar pr. år | 80,0 % | 75,0 % | 90,0 % | 90,0 % |
| | Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder | Årlige gjennomførte e-læringskurs på personvernskurs | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester | Andel digitale søknadar pr. år | 80,0 % | 85,0 % | 90,0 % | 90,0 % |
| | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering | | | | | |
| | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttigjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk | | | | | |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Årlig evaluering av kompetansebehov i NAV | 2 | 2 | 2 | 2 |
| | Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning | Praksisplass ved NAV for høgskolestudentar | 1 | 1 | 1 | 1 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette | Antall møter om oppgåveprioriteringar for å nå satte mål i NAV Aukra | 12 | 12 | 12 | 12 |
| | Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggarar | | | | | |
| | Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser | | | | | |
| | Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg | | | | | |

# Tekniske tenester

## Omtale av tenesteområdet

Følgjande tenesteområde vert ivaretatt av eininga Tekniske tenester (TET):

- Vatn, avløp og renovasjon (VAR - området)
- Vedlikehald og drift av alle kommunale bygg og eigedommar
- Utleige av kommunale bustader
- Kommunal samferdsel som kommunale vegar, veglys og vegtekniske anlegg
- Forvaltningsoppgåver etter lov
- Utarbeiding og deltaking i arbeid med kommuneplan, reguleringsplaner og fagplaner
- Byggesak, oppmåling, kart-tenester og adressering, kjøp og sal av eigedom
- Landbrukstenester og natur- og miljøforvalting
- Planlegge og gjennomføre alle investeringsprosjekt innanfor bygg og anlegg

Eininga har 35 tilsette og er organisert med einingsleiar og teamleiarar/fagleiarar. Faga er organisert i tre team: bygg- og eigedomsteam, plan-team og VA-team.

## Utfordringar og tiltak for 2023

Planteamet:

- Kompetanseheving for å best mogleg utnytte ressursane
- Oppfølging av handlingsdelen av klima- og miljøplan 2030
- Starte oppmåling og rydding i eigedomsforhold; kommunen sine friområde, ledige tomter og vegar utan gards- og bruksnummer (langsiktig mål fram mot 2025)
- Kvalitetsheving av matrikkel
- Sluttføre arbeid med sjøområdeplana

Bygg og eigedomsteamet:

- Garantioppfølging av nye bygg
- Energioppgradering kommunale bustader
- Kompetanseheving (fagbrev reinhald, prosjekt- og byggeledelse)
- Nytt FDV system
- Effektiv vaktmeisterteneste

VA-teamet:

- Ta i bruk nytt driftssystem for overvaking av vassleveranse frå produksjon til distribusjon.
- Kartlegging av spredte avløp og tilsyn
- Utskifting av avløpspumpestasjonar ute på det kommunale avløpsnettet
- Digital overvaking av avløpsstasjonane
- Overgang til digitale vassmålarar som kan avlesast direkte inn i kommunen sitt faktureringssystem
- Auke bruk av dei digitale verktøya våre og ha fokus på å effektivisere og omorganisere driftsoppgåver gjennom dette.
- Utbetring og tilsyn av problemområder for overvatn

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinnelig budsjett** | **37 150** | **37 150** | **37 150** | **37 150** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **2 290** | **2 231** | **-5 269** | **-5 269** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **895** | **895** | **895** | **895** |
| **Konsekvensjusteringer** | **3 185** | **3 126** | **-4 374** | **-4 374** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **40 336** | **40 277** | **32 777** | **32 777** |
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Gangveg gjennom krysset på Fanghol | 500 | 0 | 0 | 0 |
| Reinhaldssoner GBU | 360 | 0 | 0 | 0 |
| Vedlikehald turstiar | 300 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Politisk vedtak** | **1 160** | **0** | **0** | **0** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Innsparing 1% | -335 | -335 | -335 | -335 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-335** | **-335** | **-335** | **-335** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Auke i driftstilskot til NORBR | 364 | 364 | 364 | 364 |
| Auke i tilskot til NORBR for ekstra beredskap for Aukra | 335 | 335 | 335 | 335 |
| Kryssløysing Julsundet - Kryssløysing vert ikkje gjennomført | -7 500 | -7 500 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **-6 801** | **-6 801** | **699** | **699** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-5 976** | **-7 136** | **364** | **364** |
| **Ramme 2023-2026** | **34 360** | **33 141** | **33 141** | **33 141** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.1 Sentrumsutvikling på Gossen og i Julsundet | Etablere eit variert bustadtilbod i heile kommunen gjennom planarbeid | | | | | |
| | | Nye bustadstilbod | 1,0 | | 1,0 | |
| 1.3 Vidareutvikle infrastruktur | Sikre klima- og miljøtilpassa VA-anlegg | Årleg revidering av Hovudplan for avløp | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| | Trygge skulevegar gjennom tiltak i trafikktryggingsplanen | Rullering av Trafikktryggingsplan | 1,0 | | | |
| 1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad | Tilrettelegging av næringsareal | Opprette nye næringsareal | | | | |
| | | Utarbeide Interkommunal sjøområdeplan saman med Hustadvika kommune | 1 | | | |
| 2.2 Utjamne sosiale skilnader | Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar | Tal på tiendeklassingar i sommarjobb ved Tekniske tenester | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 2.3 Medverknad frå barn og unge | | | | | | |
| 2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø | Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar | Etablere ny møteplass | 1,0 | | | |
| 4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne | | | | | | |
| 5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette | Kommunen skal legge til rette for god digital infrastruktur for alle innbyggjarane | Auke bruken av digitale søknadsskjema | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % |
| 5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar | Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering | Deltaking i teknisk faggruppe | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1 |
| 5.3 Nye former for samfunnsengasjement, samskaping | | | | | | |
| 6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning | Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning | Antall søknadar frå Tekniske tenester til utdanningsfond pr. år | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser | Deltaking i nettverk innan kvart fagområde | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar | Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar | Årlig revidering av kompetanseplan for eining Tekniske tenester | 1 | 1 | 1 | 1 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggarar | Total score på faktor 4 i 10-faktorundersøking for dei tilsette i Teknisk | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 |
| | | Total score på faktor 7 i 10-faktor undersøkinga for dei tilsette i Teknisk | 3,85 | 3,85 | 3,85 | 3,85 |
| | Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid | Auke delen fulltidsstillingar for Teknisk | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg | Superbrukar/suksesspådrivar v/Teknisk | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| 8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk | Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving | Kurs av tilsette i energileiing | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport | Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel | Auke antall ladepunkt for elbilar i kommunen | 1,0 | 4,0 | 4 | 4 |
| 8.3 Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak | I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å førebygge uhell, ulykker og uønska naturhendingar | Klima og miljøplan | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | | Utarbeide flaum- og beredskapsplan | | 1 | 1 | 1 |
| 8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet | Satse på større attvinning frå kommunale verksemder | Auke kunnskap om kjeldesortering og materialgjenvinning ved kommunale oppussings- og byggeprosjekt | 1,0 | | | |
| | Vidareutvikle kommunen si renovasjonsteneste for å sikre miljømessige og økonomisk forsvarleg oppsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av avfall | Auke kompetansen til tilsette knytt til avfallshandtering | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| 8.5 Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15% | Auke bruken av fornybar energi | Antall kommunale formålsbygg som brukar fornybar energi | 11 | 12 | 0 | 0 |
| | Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg | Kartlegge energibruk i kommunale bygg | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8.6 Aukra kommune skal arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald | Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel | | | | | |
| | Synleggjere konsekvensar for naturmiljøet i alle plan- og utbyggingssaker | Utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald | | 1 | 1 | 1 |

# Kjerringsundet

## Omtale av tenesteområdet

Sjå eigen omtale av Kjerringsundet under sentrale kapittel for meir informasjon.

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **10 000** | **10 000** | **10 000** | **10 000** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-10 000** | **-10 000** | **-10 000** | **-10 000** |
| **Konsekvensjusteringer** | **-10 000** | **-10 000** | **-10 000** | **-10 000** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Tilskot Møre og Romsdal Fylkeskommune | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Nye tiltak** | **1 000** | **0** | **0** | **0** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **1 000** | **0** | **0** | **0** |
| **Ramme 2023-2026** | **1 000** | **0** | **0** | **0** |

# Sentrale ansvar

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| **Opprinnelig budsjett** | **833** | **833** | **833** | **833** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **6 660** | **14 875** | **21 689** | **21 689** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **-424** | **-424** | **-424** | **-424** |
| **Konsekvensjusteringer** | **6 236** | **14 451** | **21 265** | **21 265** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **7 069** | **15 284** | **22 098** | **22 098** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Omstilling/Effektivisering i kommunen si drift | 0 | -23 503 | -33 635 | -44 503 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **0** | **-23 503** | **-33 635** | **-44 503** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Justering lønsbuffer | -7 158 | -3 108 | -1 313 | 7 553 |
| **Sum Nye tiltak** | **-7 158** | **-3 108** | **-1 313** | **7 553** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-7 158** | **-26 611** | **-34 948** | **-36 950** |
| **Ramme 2023-2026** | **-89** | **-11 327** | **-12 850** | **-14 852** |

## Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

| Hovudmål (Slik vil vi ha det) | Delmål (Slik gjer vi det) | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 4.3 Aukra kommune skal medverke til regionale ringverknadar av etableringa på Nyhamna | Årleg tilskot på 10% av skatteinntektene til GassROR IKS blir vidareført | Årleg tilskot på 10% av skatteinntektene til GassROR IKS blir vidareført | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % | 10,0 % |
| 4.5 Aukra kommune skal medverke til å realisere fastlandssambandet "Kjerringsundet" | Sikre god framdrift i planlegging | | | | | |
| | Sikre naudsynt økonomi gjennom årleg avsetting til fond | Årlig avsetting til fond for fastlandsløysing på kr. 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 |
| 7.1 Kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom | Budsjettert årleg auke i frie midlar fordelt til drift, kan ikkje vere større enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue | | | | | |
| | Det skal gjerast ei årleg avsetting til fastlandssambandet for Gossen med minimum 100 mill. kroner | Årlig avsetting til fond for fastlandsløysing på kr. 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 | 100 000 000 |
| | Det skal gjerast ei årleg avsetting til fond for framtidig vedlikehald av kommunale bygg | Avsette 7 millionar årleg | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| | Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter | Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter | 8,0 % | 8,0 % | 8,0 % | 8,0 % |
| | Nedbetalingstid for kommunen si langsiktige gjeld er 15 år | Nedbetalingstid | 15,0 | 15,0 | 15,0 | 15,0 |

# Vedlegg

## PDF-versjon av dokumentet

Nedanfor er lenke til PDF-versjon av Budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023-2026: https://acrobat.adobe.com/link/track?uri=urn:aaid:scds:US:6667f07a-dc28-344b-bbc0-b7e410490662

## Betalingssatsdokumentet 2023

Lenke til sjølvkostkalkyle:
Sjølvkostkalkyle kommunale gebyr

Lenke til Gebyr og betalingssatsar på Aukra kommune si heimeside:
Aukra kommune si nettside: gebyr- og betalingssatsar